

Hulda Garborg

# Hildring

bokselskap.no  
Oslo 2024

bokselskap.no, Oslo 2024

Hulda Garborg: *Hildring*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1931 (Oslo/Aschehoug). Digitaliseringen er basert på fil mottatt fra Nasjonalbiblioteket (nb.no).

ISBN: 978-82-8319-741-9 (bokselskap.no),

978-82-8319-742-6 (epub), 978-82-8319-743-3 (mobi)

Filen er lastet ned fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](https://bokselskap.no)

---

# Østerdalen

Lognt i livd av låge, linjemjuka åsar,  
millom kjølen og dei ville jotunheimar,  
glid ho som ein sylv-veg, Noregs storelv,  
stolte Glåma, glitrande og drønning fager,  
speglar himmel, fjell og gyllte reinmos-kollar,  
stille tun og grønne, blomestrådde vollar!  
Og når våren syng og brusar gjennom dalen  
og i høg fjell-heimen bre og fonner brånar,  
Åir svell og tusund galne bekkjer hiv seg  
yvi berg og brattur, og i ørske-sæle  
villt seg stupar nedi breide moderfange,  
då ho lyfter dalens dyre gull på ryggen,  
fører det i glade festferd ut mot have,  
der den svoltne mange-føting ligg og ventar!  
Men i li og lundar hovding-ættir bygde  
bol og bustad, rudde rom i ville skogen,  
der den snøgge reinen spring, og rjupa kaklar,  
reven gøyr og elgekongen kjem på vitjing,  
når det smalhans vert på vidda vintertida;  
traust og tankeklår og seig i viljen dølen  
gjennom tusund år sitt frie rike rådde.

\*

Til din fred, du stolte dal, eg alltid lengtar,  
til di einsemd og din underfulle klårleik!  
Sæle meg, som drøyme fekk i dine skogar,  
og ved elden inni dine heilagdomar;  
kvar eg gjeng, den døyvde tonen frå ditt hjarta  
syng meg gjennom hugen som ei himmel-hymne,  
og ein høgsong til dei ljose livsens gudar!

# I skodda

– nordan under fjøllø,  
djupt under heilo,  
der leikar det –

Berit Tollefsdotter Buvin stod i glase og stira ut i natte-skodda som kom sigande frå alle fjellheimar.

Det var som alle troll nordi høom bles den sure anden sin ned gjennom dalen, ferduge til å gløype alt som laust og livandes var.

Stinn kom styggedomen veltande i ullne kvervlar, råkald og grå, smaug seg inn i kvar krå og krik so det kjendest som kalde hendar innpå nakne kroppen og la seg som ein angest kring hjarterota.

Svevnyr stod ho der og kulsa, men kunde ikkje rive seg laus. Stundom barst bruse frå Hildra inn mot henne som buring av olme uksar; stundom som ei linn susing kring husnovi.

Ho fraus der ho stod, halvnaaki or senga sprungi og såg ned i det nattstille tune.

Heruppe i øvste lia var ein granne til alle trollheimar; skogsus og elvebrus vart til rop og tale og brusande orgespel ikring ein. Snart skog-villt og vidde-hustre, snart som ei mulling inni ein sjølv –

Ho kjende so vel desse trollmaktine, hadde høyrte [6] dette spele frå ho kom til, men alltid hadde ho same angesten for skodda.

Ikkje vakna ho lett av snøstorm eller torevêr, men den ljodlause skodda reiv henne upp av svevnen, og hjarta vart skjelvande som i ein fanga fugl'unge.

Alt hadde si eiga tone derute, Hildra stupte seg kvass og kåt ned gjennom lia, kvennbekken mulla vekjømeleg bånsullar, klunka på trollstemt fele. Men skodda var still som snø. Kom som udyr på mjuke labbar, seig og tung i sige.

Ja, no var det haust –

Ho hugsa med ein gong den blakke fjordingshoppa som stod tjora nedpå jorde og fraus med folungen sin.

Det unge, sterke andlite vart strengt og hardt. Kven tenkte på dyra her på garden no, då han far var burte! Han som husbondskar skulde vera, han hadde ikkje tanke for anna enn skogen. Og slikt sovehjarta, at han vakna visst ikkje um skrida tok take yvi hovude på han.

Ho kjende ansvar der ho stod, odelsgjenta på Buvin. Og det gjekk som ei bære av harm og sår pine igjennom henne, at dei alt hadde gløymt han far dei som lengst burde hugsa han her i garden. Ho mor gjekk so drøymen ikring – lengta visst berre ned i bygda att, dit ho var komi ifrå –

Men ikkje tenkje på det, for då bar det inn i skodda der og –

– No var det so tett i tune, at ho berre sovidt skimta Svarten, der han stod som ei steinstytte og [7]sov millom husa. Stod som ein vaktar med den breide bringa mot styggemaktene nordi skare.

Dei var jamgamle, Svarten og ho; han var stashesten på garden og kjælebåne hans Tollef Buvin.

No var han noko tung vorten, og dei hadde fengje ein fjording, som var lettare.

Men Berit og Svarten heldt ihop og kjende ansvare sitt på garden.

Han stod der som sjølve gardvorden, dei kunde berre koma! Heime skulde dei finne Svarten! Han var rotfast der han stod; hadde gamal og vyrdeleg ætt bak seg i tune, han og.

Berit heldt so av denne hesten, såg liksom far sin attmed han stødt, og ho kjende seg meir bundi til dette dyre, enn til noko menneskje på garden no. Ho vart heit då ho tenkte det, for ho mor var då der – men liksom so langt undan henne no siste tia. Henne var det berre vondt å tenkje på –

I det same gjorde ho eit brå-kast med hovude, stelte seg liksom jamsides Svarten, reidug til kamp mot løyndemaktene som ho kjende ikring seg, men aldri klårt kunde timja.

Men kva var det no?

Steg på steinhellone i tune! Ho kvakk til og lydde. Jau, sannt var det folk – no natters tider?

Ho la andlite mot ruta og stira, såg skuggen av ein mann!

Han Sevat! Ustød på føtom, trøya vidopi, huva ned i nakken, den kaute slengen med kroppen – ingen annan kom slik. Han kom nordanfrå. So var det full' so han hadde sumt for seg i Bakke-grenda [8] som dei sa. Skulde ho Ragnhild Bakke småminke seg soleis – ho, gardgjenta.

Ho beit seg i lippa og vart gloheit, med' augo vart store og sprengde av å fylgje skuggen som gleid inn i grågyrma mot gamel-stugu.

Ho gløynde seg, vart standande og stire lenge etter han var burte.

Heile dalen nedyvi var som ein sjø når øldåmen<sup>11</sup> stig fyre solrennings-timen. Heile verda var i draumslør sveipt, og ho var ei hulder i haugen sin – langt langt burte frå mannaheimen, åleine på jorda –

Dei hadde so mykje for seg derute i mannaheimen, utanfor haugen – so mykje som skodda gøymde –

Ho skalv all igjenom i råkalden, stupte seg i senga og drog felden yvi hovude. Måtte få varmen i kroppen att.

Men då hugsa ho hoppa att. Du var fri *han* tenkte på dyra som husbondskar skulde vera. Drøymde berre um fossen, han – var som uroa i klokka, men der han skulde vera var han aldri –

Ho var sint. Sint so ho mest gret. Og brått sprang ho uppatt og for i klæ'plagga som låg på stolen.

– Svarten glytte på augo, då ho sprang framum, skodda dreiv i andlite som fint regn, og ho snåva i tuvor og hesjetråd nedyvi jorde, der ho hørde hoppa humre lenge fyrr ho såg henne.

Ho klappa det søkkvåte dyre som hadde gått seg [9] fast i tjore og stod og bad um hjelp, med' den langbeinte folungen klengde seg innåt henne.

«Stakaren, slik du ser ut, so blaut og illevøli,» sa Berit, og hoppa hjelpte til, nugga burti den dumme ungen sin og fekk han unda, so ho kunde fylgje Berit, som leidde henne i ring og løyste lekkja –

– Men morgonen etter lo han Sevat, husbondskaren, fordi ho hadde sett inn hesten. Dyra hadde då ikkje fått hår på kroppen for ingenting; dei bråna ikkje av ei skoddenatt –

# Kallen spelar

Det kom ein fugl av anna land,  
forgylte fjørir so hadde han  
Det synger i skog –

Dagen etter gjekk gardsens folk nedi bakken mot elva og vende våt-høye, tungt grønfor, grov-gras fullt av prestekrage, åkernellik, hundkjeks og karve og anna ugras som det mest var rådlaust å få turk på no, då soli kvar dag minka i magt.

Berit gjekk rak og vêrbrennt og vassa i væta. Ho var kippskodd og den grønne verkenstrøya var opi i bryste. No då sola var på det høgste dampa det av bakken; ein var som i bastulaug og det bleska rote av det gamle hesjehøye. No var dagane dyre, og ein laut hanga i, kor slitsamt det var –

Som ho gjekk der og svinga riva i lange, sterke tak, likna ho meir på ei ung fullgardskjerring eller fullvaksa, velrøynd vinne-kulle, enn ei nittanårs ungdros. Andlite var sterkt og breidvore, med djupblå augo under tunge kvarmar, og nasen stor og krøkt som på ein kar. Det var nasen til Buvin-gubbane i mange ættled, og ho vart ofte erta for den av Signesyster, som var ei fin og tunn tite på tolv år og likna berre på mor si.

Um Berits munn, som ogso var litt for stor, men <sup>[11]</sup> vakker og frisk, låg ofte ein veik smil, som vitna mot dei sterke andlitsdraga. Det venaste på ho var elles håre, som låg tett og mjukt kring den breide klåre panna og lyste med livande koparglans no i solglimen.

– Litt lenger framme gjekk husbondskaren og Hans, drengen, og reiv hesjehøye og kasta utyvi so det gauv ikring dei. Det såg endeleg ut til vêrskifte, og fekk ein nokre soldagar på rad no, so var det endå von um å berge noko.

Gunhild sjølv hadde vore med ho og idag; soleis i knipetake fekk ein by til det ein kunde, um ein elles dugde lite til sovore tungarbeid. Ho vart so snart trøytt, klaga seg alltid for ryggen.

No var ho på veg innatt, og Berit vart standande ein augneblink og sjå etter mor si. Ikkje likna ho på ei fjellkjerring der ho gjekk, lita og mjå med det ljose håre ringa upp i blank flettekrune på hovude, og det runde, bleike andlite, der alle dragi var små og sat so underleg tett ihop.

Ho var mest som ei ung gjente der ho gjekk, tykte Berit, og tenkte på seg sjølv og drog ein geip. Det var lite ved å sjå ut som ein kar når ein var kvinnfolk. Men so vilde ho no ikkje byte lel. For um ho ikkje var so vakker, so likna ho no på den ho helst av alle vilde likjest på. Og ho såg far sin for seg slik han gjekk her i arbeide på garden, stor og sterk og roleg i alt sitt lag, myrkdæmd med vakkert, mest blåsvart hår og andlit som likna ein konge ho hadde set bilæte av, med kroknase som ein ørn og ein munn som tala um han tagde –

[12] Ja, han far var som ei ørn. Høyrde messom til høgt uppe, såg so vidt og langt med dei kvasse men likevel so gode augo sine. Dei var so rare på liten, augo hans. Stundom so myrke som svart-tjønne, og stundom blanke og blå som sjølve soldagen –

– Den eine karen stogga og såg etter Gunhild, han og. Det var Sevat. Sevat Rønning som han kalla seg no. Han var myrkdæmd, han og, med gløgge brune augo, smalt andlit med noke veike drag og stutt svart skjeggkrans kring hoka. Høg og rak gjekk han der med mjuke rørslor, munnkåt og lunefengd, men på jamnan morosam og småsnild. No hadde han vore vørsjuk og rangstelt lenge, men idag skein sola, og då vart han straks lival og full av hugskot.

Han kika etter matmora og dottera, ho som no kom imot han og breidde som det galdt live. Svarte ålvore stødt der san – likna på far sin. Verda rakk ikkje utum hafella for dei tvo. Nei, då var ho Gunhild anna slag. – Det var ikkje radt mykje likskap millom dei tvo, nei. Og neimen um mora var mykje eldre å sjå på enn dottera. Ein kunde mest segja det var umvend. Men det var nett denne trassen hjå Berit, dette gamalkloke ovmode som gjorde, at ein fekk slik brennhug til å antrast med henne. Ho var ikkje lett å koma attåt den tyta; venskapen med Gunhild hadde vore lettare kaup. Det var mest so han tykte ho var hosta snøgg til å smile for eit lite smeikord, um ein vilde bry seg –

«Gir du opp alt,» sa Hans og såg skeivt på arbeidskameraten sin.

[13] «Spør du for deg sjølv hell hoss?»

Sevat snudde breidryggen til den lange ljosome unnguten som var motsetnaden hans i alle ting, ikkje minst i arbeidslage. Hjå Hans gjekk det trått og jamt, utan stogg hell tanke på å sluntre unda. Han var skyld Buvinfolke, frå god heim og etter måten velstandskar. Men han var ikkje gardgut og gjekk no dreng på Buvin. Og han arbeidde på spreng og var illsvien for kvart høyrå som det var hans eige.

Men han var so munnvalen, han Hans, tungtenkt og lite for augo, og han lika ikkje denne Sevaten, denne legdguten, som gjekk der og kjende seg herre på garden – der hadde ho Gunhild rett gjort eit varp! Slik ein gor-leting –

Hans var fargelaus som haustbleik stubbmark, augo ljost grå-grøne, hår og augnebrun strågule; men han var truverdug og greid og hadde godt bondevit. Ætta var det fyste for han; i røyndi rekna han ikkje større med andre enn dei som på ein hell annan måte hang ihop med hans eige folk. Kor langt ute dei var skyld, det var då same ætta og soleis vyrdandes folk. Lite var han då laga til å skyna ein slik heimløysing som han Sevat Rønningen. Og han gjekk der og reiste bust inni seg heile tia. Det gjekk på æra laus å vera under ein slik ein; det var so ein kunde sputte kvar gong han let munnen opp til å rettleide og kommedere – han skyna seg neiggu ikkje meir på skikkeleg gardsbruk enn som so – tvi!

Berit vart var, at Sevat stod og gløste uppetter med' han grov i lumma etter tobak.

[14] Ho heiv ein fordott so hardt, at væta gauv. Javisst måtte pipa fram no, han hadde arbeidd halvtimen snart – lenge det for han.

Den sterke munnen drog seg ned i ein svivyrdeleg smil, og ho svinga riva som ein kar – tok i på trass. Odelsgjenta var sint.

Og han såg det. Og smilte, han og. Ein smil som kunde erte ein gråstein.

Den sterke dåmen av rått høy gjorde henne svimren der ho stod, og ho studde seg ein augneblink på riveskaft og såg i bakken. Kva var det som gjekk av henne? Aldri fyrr hadde ho kjennt slikt – ho skalv og vilde berre gråte.

Men det gjekk yvi so fort som det kom, for dette vilde ho ikkje. Ingen måtte sjå henne slik. Allvisst ikkje han.

Ho glytte burt på han, men han stod roleg og sjølvtrygg og stoppa pipa og såg ut i vêre.

Og no rann det på henne ein harm so heit fordi ho eingong hadde gløymt seg sjølv og drukke vinen hans. Dansa med han meir enn sømeleg var den laurdagskvelden i

ungdomslage. Aldri skulde det skje meir! Dei kunde ha vinen hans, dei som vart blidøygde og låttmilde av han. I henne brann han som eld den kvelden – bitter og vond var han som malurt og vendelrot! Men ho Mari Bakke seig mest ihop av sæle i armane hans. –

Og ho mor! Koss kunde ho mor vera so godtrui og jålut! Ho ansa ikkje at han sumla bort tia og slurva frå seg gardsens arbeid. Men nedi bygda der ho kom ifrå var dei vane med so mange slag [15] folk. Vane med vin og allslag moro. Ho sakna dei fine gjestebodi på Storneset, byreisene, heile live der. Ei onnor verd dernede. Rikdomar, husmennar til arbeide og bygjerd på alt –

Berit hadde vore der sopass *ho* visste koss det var. Men ikkje at ho treivst dernede ved den sjøbreide elva som gleid seigt og ljodlaust som olje millom flate jorde. Fjelli var so langt undan og skogen so tom liksom. Berre moar, lange, lange moar –

Ho hadde sakna songen i Hildra, trolla i skogen og fjelle med den fagre bylgjelina attum villskogen, Sirilla og dei tusund galne bekkane som dansa ned gjennom Buvin-åsen!

Og inni stovone var ingen eld som samla og spraka og lyste raudt med dansande logar. Alt var kvitt og dåmlaust. Og tvo tagalle menneskje gjekk der som skuggar når ikkje gjester fyllte huse.

Nei, heruppe var live! Her var storfossen som alltid song og fjelle som skifta lit etter sky og solgang. Men kva brydde ho mor seg um det! Ho hørde ikkje songen og såg ikkje fargespele i fjelle –

Men når han Sevat kom heim med bygdenytt, då vart ho ung att. Ung og ven –

Slik var han.

Ja – slik var han –

Ho reiv med ein gong skaute av halsen og heiv det burtpå hesja; ein vart heit som i bastulaug av denne soleimen –

– Enno stod han og røykte som ingenting i verda hasta. Han var mestsom yrin stødt. Som han hadde [16] drukke. Likna på den halvgalne mor si som flaug ikring og spela på munnharpe og aldri hadde dugd til gagns arbeid!

Men kva brydde ho mor seg um det, ho som elles var ættebyrg so det mest var for mykje –

– Ho arbeidde ei stund som i feber, meir og meir forarga av å sjå han stå der med den ævlege pipa og glyre mot sola –

Men Sevat kjende seg sopass heime her no, at han kunde ta seg den moroa å småerte den byrge odelsgjenta litt. Gunhild, husfruva sjølv, hørde på han og tok råd av han jamt. Og endå dei sta og sjølv gode grannane tok til å lye etter, når han sa noko. Jatta ikkje berre med men kunde endå koma med eit og anna spørsmål til han:

«Du Sevat, som hev vore ute i verda,» sa'n Trond Bakken igår –

Han var i slikt godlag, at han kunde syngje, men veik i armane og småsvevnug so han ikkje skulde ha noko imot å rulle seg i ei høysåte og ta seg ein blund att.

Men no kom ei vindflage og førde fosseduren imot han so han kvikna i og tok tak i riva att – ja, ja berre bura du, kar; du æ kje åleine i verda! Her stend han Sevat Rønning, som du kann hende kjem til å lye etter når det lid på, du og –

Han glytte burt på Berit att. Ho var av eit anna slag ho enn Elen Bakke, henne som han fekk til å mjukna i måle igårkveld. Men kor som var, so var ho Elen Bakke ei gås. Men *noko* godt var det med alle gjenter, og at dei var gardgjenter var ikkje nett noko lyte.

[17] Mode vaks alltid hjå han etter ein morokveld og draumane fekk vengjer, um han skolv eit gran i knei og fingrane var valne. Han var i ætt med all verda slik ein soldag etter dans og spel; det var som noko mjukt og vent enno smaug ikring han og gjorde han varm og veikhjarta. Lata att augo aldri so lite gjorde godt, og so kjenne ei varm lita hand i si og draga i seg dåmen av ein ung dros, den rare dåmen som var søtare enn vin –

Men her på Buvin var folke av hardt grjot. Ho Berit der, ho var byrg so ein laut læ, nord-døle av rette trollslage som kunde sitja på ein stein i tusund år med rova sveipt ikring!

Ho likna på den store kronglebjørka som stod midt i enga og breidde krana si yvi ei reis med gamall hesjestaur – ho hadde ikkje ein stomm men mange. Og slik som den bjørka no stod der med doggvåte blad som glitra i sola og vart til skire gulle – ja, han tykte plent det var Berit der ho gjekk og rette ryggen og skein av byrgskap og gammalt kongeblood. Prinsessa, sa ho mor. Og jamen trudde dei på kongeblood sume på denne sida av Dovre og, men dei tala mindre um det enn burti

Gudbrandsdalen. Ja, ja san, øysterdølen kjende seg ikkje mindremann, det fekk den tidnok kjenne som ikkje var rasehingst uppi her!

Likevel kjende han med seg sjølv, at han hadde noko i blode som desse trolla her vanta – kor han no hadde fengje det frå.

Uf – han var lite huga til tungarbeid idag, men hadde han havt fela si her, og ei turr høysåte – [18] ja då skulde ho Berit Buvin mått danse berrføtt for han!

Han studde riva mot aksla, fingra på skafta og blistra eit vek av den polskdansen ho lika so godt når ho ein hende gong var i godlag.

– Raud og harm arbeidde ho seg framvi imot han, og no slapp han riva att og tok til å kaste siste høye av den hesja han heldt på med, og det gjekk som ein dans tilmøtes med henne.

Den raude ullskjorta hans logebrann i sola, og augo hans lo. Han likna ein gute-gap som lura på skjelms-stykke –

Med ein gong treiv ho turklæde sitt att og slengde det kring den nakne halsen – tolde ikkje augo hans på seg slik –

«Frys du?» skjemta han og såg. Såg kor ho raudna. Ho kunde slått han.

Og no var ho med ein gong Berit Buvin og snudde ein rak rygg til tenaren – fanten som aldri åtte jordtorva, men gjekk her og kjende seg husbond.

Han såg ho var sint og hadde si moro. Sette sterkare i med polskdansen og gjekk roleg framum. Slik nakne ho hadde den gjenta! Men han hadde havt ho i hendane ein gong og visste ho kunde vera mjuk som ein seljeteinung – ja, den kvelden. Men skitt – det var mjuke gjenter i kvar gard. Berre det med henne, at ho terga ein so. Gjekk der og var Buvin-gubbane upp att og såg ein i jorda, når ho var i det lage. Og slik hadde ho vore lenge no, kva som no var tids. Det var som han tykte ryggen [19] vart rakare og nasen lenger for kvar dag. Ha – ho skulde ikkje vøle å blåse seg slik upp. Ingen rikdom å erve lenger på Buvin. Han Tollef hadde vore ein godsau til å hjelpe dei verste dugløysor i ætta si til han sjølv vart snau. Og kva skyna desse kvinnfolka seg på nymotens gardsbruk? Der hjelpte ikkje Buvin-blod eller lange naser; kann hende «legdguten» vart god å ha rettno, jamen ja –

Fyrr han visste av det, stod han med pipa i handa att, reiv stikke etter stikke og heiv i grase. «Fanken og – du lyt koma og halda stakken din for vind-drage, Berit» –

«En sku itte tru du visste at dyra ska eta høye, slik du hiv stikker ikring deg som en ryss.»

Han synte den kvite tanngarden sin i ein breid skøyersmil. Nei, det hadde han jadde gløymt, då han såg henne stå der i stubbstakk og skine som gull i sol! Men no skulde han plukke upp att, var so ho vilde vera blid!

Og han bøygde seg so luva datt av, det skein av håre hans, og so mjuk og ledug var han i alle rørslor. – Annleis enn alt anna folk var han, som ein unge ein måtte slå eller...

Ho vende seg fort og tok hardt i riva, som ho ein augneblink hadde gløymt.

Og no var han Hans nådd frami dei. Han hadde tenkt so mangt då han såg dei tvo stå der og drøse. Den fanten var ikkje blug. Hans tykte heile ætta vart vanvyrd ved det han såg på Buvin no um dagane –

Han var komen hit for å hjelpe Gunhild då han [20] Tollef-fabro døydde, fordi ho ingen son hadde. Sjølv var han den yngste av fem brør og skulde ut åkke som. Men sopass skyna han, kor ung han var, at det gjekk attende med alt her no. Ho Gunhild sveiv mestsom i ørska, og ho Berit var ikkje lik seg ho heller på det siste –

Ho var elles ikkje god å bli klok på. Det var vel det at ho gjekk og syrgde far sin; ho var no gromgjenta hans Tollef-fabro, ho Berit. Som ingen kunde undrast på. Det gjekk ikkje mange slike gjenter heruppi dalom. Og som vel var, so snudde ho støtt rangsida til han Sevat. Synte'n kven ho var. Ho mestsom voks og rette rygg berre ho såg'n. Og lett var det å sjå, at ho mindre og mindre drog ihop med mor si. *Ho* var då reint forgjord i denne traven, gamle menneskje –

Hæ! Sevat Rønning! Fint sku det vera, um heile baken hang ute!

Han likna elles ikkje lite på bror hennar Gunhild, nedpå Stornese, som hadde bygd inn W.C. attmed matstugu og prenta «Skogeigar» på visitkorta sine.

Hans var raud i toppen der han gjekk. Han visste av eigi røynsle at Berit ikkje slapp nokon for nær, so for det so. Men jamen var det vondt å skyna seg på kvinnfolk, og stor hugnaden var det allvisst ikkje ved å gå her slik på uvissa med alle ting –

Ikkje var det noko å lære heller som var gagn i. Han Sevat hadde stått på butik og vore dreng hjå ein storelvdøl på Dakotapreria, men kom heimatt, [21] pengelaus og helselaus og full av lygn og skryt. Den lærdomen han hadde sankar derburte høvde

som salt i sure augo her i dalom. Skamhogge skogen var det einaste han kunde; tenkte minst på at det kom folk etter ein på ein gard. Men sa du eit ord, so fekk du høyre, at du var heimføding og dumskolt –

Hans bråstana og sputta. Var komen eit stykke framum dei, snudde seg og såg attende. Ja beiskede gjekk ikkje karen oppetter bakken med pipa i kjeften. Berit hadde stogga, stod og kvilte seg på riva.

«Vart'n trøtt alt 'n Sevat?» Hans turka andlite med trøye-erme og smilte aldri so lite. «Skulde på tur att,» svara Berit utan å sjå upp, «forretningar.»

«Ja det vet du.» Hans grein og sputta, «tru vårherre vilde ta'n» –

«Det var pent sagt,» smålo Berit, «men han ser itte akkurat feig ut.»

No vart Hans alvorsam – «nei men alle kann full sjå at detta går den vegen høna sparkar.» Han tok eit veldugt høf Fang og dei dreiv på tagalle ei stund. Han skyna ho vilde ikkje ha meir prat um dette. Men då ho stogga eit grand, stogga han og. Tok upp ein høydott og såg på'n. Dei var komne burti kløvereng no.

«Vi får itte kløverfrø iår – det vart som je sa. Fanns itte homle i sammar» –

Då kom ei ljøs framslengje nedyvi bakken med rive i handa. Det var Signe-syster. Ho var lettføtt og lita etter alderen, mor si uppatt.

[22] «Sjå der kjem varamannen has Sevat,» smolla Hans.

Signe kasta på nakken.

«Kor skulde han av no'då – Berit slengde det or seg og tok til med riva att.

«På skogmøte vel –

«Ja det ska du få meg til å tru,» lo Hans.

Signe tok til å pirke litt i høye. Dei blanke augo såg inn i ei verd av eventyr.

«Og kanskje han skal radt til Storneset. Sjå på ei rar maskin han mobro har kjøpt. Men me sku ha bil me og, segje'n; det tek so reint for mykje tid med gamp dei lange vegane» –

Ho mest dansa, der ho stod, var ikkje roleg ein augneblink med den mjuke framslengje-kroppen. Heile gjenta var som ei levande solstråle med det gule blanke

silkehåre og dei forlivande blå augo. «Hadde me bil, kunde me køyre til stasjon på en time, segje'n» –

Hans måtte læ. Jau, det var guten sin som kunde, han Sevat –

«Du da, hemfødingen,» sa Signe, «du som trur at jorda er rund som ei pannekake» –

«Agt deg sjølv du,» sa Berit; «du som ikkje eingong kann halde ei rive skikkeleg» – Denne ungen vart ut-skjemd på all vis. Sjølv fekk ho ta annleis i med arbeid, då ho var på den alderen, endå det var velstand på garden i den tida. Og ikkje var det drops i store kræmarhus kvargong nokon hadde vore nedyvi. Ho Signe gjekk og togg støtt, og so vart det tannverk, og so slapp ho gjera [23] noko. Enno hadde ho aldri mjølka ei ku, men sjølv mjølka ho fyste kua då ho var so lita, at ho mest ikkje rokk oppunder kumagen.

No vilde ho syne systera koss ho skulde halde riva, men Signe såg i hytt og vêr og hosta og sa ho vart våt på føtene, og so vart ho krimfull og fekk tannverken att.

Og ho hosta i forklæsnippen og heldt på å setje dropsen i vrangen; ho lengta berre oppå loftrome sitt att til den gilde boka Sevat hadde lånt henne, og ikkje var det lenge fyrr ho var på veg uppyvi bakken att, ho og –

Berit vart gangande og stire inn i sitt. Tenkte på kor underleg alting var her på garden no. Ho Signe hadde liksom ikkje Buvin-blod i årom, ho, var lettliva og glad som ein fugl. Men ikkje vilde ho byte lel. Ho kjende seg i ætt med dei tvo bjønnsterke brørne som rudde her eingong, og det var karar som dugde. Kunde ho berre bli dei lik!

# Gamel-Anders

Lauve sprett og gras og lyng,  
vår kjem att, og fuglan' syng,  
men aldri som fyrr dei gjorde –

Um kvelden sat Berit uppi «gubbstugu» og batt på vinterhoser til han gofar. Det mjuke, rjomegule garne gleid so lett millom fingrane, og her var fred og godt å vera –

Han gofar hadde fylt fjerde tjuge og var eit grand gløymsken vorten. Elles var han enno den karen, at han lauga seg i Hildra sumarsdagen, plukka bær og hogg ved, og tok riva ibland, når det var høyvêr.

I sumar hadde han vore ein tur i setra og la til sums uppi sjøen; då stod dei på stranda og riste på hovude og stira etter han. Men han lo med seg sjølv: ikkje sku' dei bli kvitt han so lett –

I otta var han uppe og knerta ved. Vart ryggen skral, la han seg på kne og hogg. Skulde ein gje seg for litt ryggverk, vart tia for lang. Og fekk han då ikkje tettemjølka si med flatbrød attåt når han kom inn vart han vond.

Kakebrød vilde han ikkje ha, men kaffikoppen var viss, når han hadde ete. Helst vilde han havt den fyrr han gjekk i skålen, men det var rådlaust, <sup>[25]</sup> slik dei no låg og drog seg um morgonen, dei som stod for matstalle. Men leggje seg i skikkeleg tid um kvelden var du fri for dei gjorde. Då sat dei og brende ljøs og ved lenge etter dyr og skikkeleg folk hadde kvara seg –

– No låg han og såg burt på Berit og elden som brann i ljøs-muren.

Godt han hadde henne, tia vart so lang når ein låg soleis. Og hjelp trong ein til sumt so harmeleg det var –

Berit var den einaste som fekk sleppe til med det; dei andre brydde han seg lite um å sjå uppi stugu si.

Når han hadde kvilt ved høgsdagsleite, då Berit var i arbeid elles på garden, låg han og las i sogebøker og gamle almanakkar, det vart han aldri leid av. Han laga seg lange, lause kalvskinnsbind som han hefta inn alnakkar i etterkvart dei kom i mangfoldige år. Men siste åra hadde han slutta med det, for det stod ikkje noko i alnakka lenger no'. So las han heller upp att dei gamle, når han vart leid av kongesogor og segnheltar –

Då ho kom med maten til han ikveld, låg han på senga og såg drøymen upp på henne. «Eg ha visst dorma eit grand,» sa han og snudde på seg som han låg vondt. «Tykte han Tollef var her. Og der stend du, so lik'n, so lik'n» –

So gløste han ut gjennom det gamle glase med dei grønne, liksom rimslåtte rutene, «han syns vist det bir for lenge tel eg kjem etter nå» –

«Er du ussel ikveld, gofar?» sa Berit stilt.

[26] «Å itte det hell, men eg æ itte som før. Det er mæssom en går opp i liminga – gamle mein vil alltid minne seg, det riv i foten, og langt liv skal og ha ende.»

«Døy skal me alle; men *du* er då enno den sterkaste her på garden» –

«Dei unge *kann* døy, dei gamle *skal*. Men live er kjærte koss det er laga» –

So dorma han av att, og maten vart standande. Ho sat kurande still til ho hørde han sov, og gleid sjølv burt i halvdøs der ho sat og myste inn i den svanande elden.

Herinne var soga til Buvin-folke skrive i kvar stukk og kvar minste ting. Malmfurua i veggjene var fellt av karar med trollkraft i armane, den breide, låge døra var laga av plankar som stod mot åtak av alle vinterstormar, og den heimesmidde låsen kunde inga hand bryte upp. Målarkost hadde aldri vore på gubbstugu korkje inne hell ute. Veggjene inni var grå og silkeblanke, utanpå brune og solbrende med varm gullglans når kveld-sola lyste på dei. Alt var liksom levande i denne stova, tala og song og skifte lit og lag ettersom logane leika seg uppi den gamle muren.

På eine veggen hang enno bandveven hennar Berit-gomor, den ho vov på i morka, når ho gjette. Han var fint utskoren, og dei sa han var komen frå øvst uppi Foldala. Det var som eit eventyr å tenkje på koss dei gamle livde uppi her!

No svana han gofar burt og, litt um senn, men [27] ikkje tenkje på det! Enno kunde han liva lenge, han som aldri var sjuk å kalle –

Men når han gofar eingong var burte, vilde ho flytje uppi denne stova og bu der åleine. Her var dei ikring henne alle dei ho kjende seg i ætt med, um dei longe var under torva gøymde.

– Elden på åren heldt på å slokne, ein liten loge fræste upp or siste tjyru-vona, so vart det myrkt ikring henne; berre glohaugen gløste raudt imot henne som eit digert trollauga –

Bundingen kvilte i fange, og ho gleid burt i halvdraum med' underlege skuggebilæte sveiv forbi. Sjølve rudkallane krøkte seg inn gjennom den låge døra, sette frå seg tunge kolfat fulle med blank, kjempediger aure, kasta skinnsekk og øks på golve, letta av seg bør etter bør med barfugl og kvit rjupe – det vart ikkje ende på det dei ryggane bar. Og ho skimta i den fredlause far-far deira med bjønn på ryggen, hovdingsonen ned'frå storbygda ved Mjøsa – –

So skvatt ein raud rev og ein røyskatt framum, og snøstjernur glitra på ei kvit fonn. Men fonna fekk vengjer og vart levandes, og ein flokk drivkvite rjupor letta og steig inn i solglansen under tindrande grønblå vinterhimmel – –

Det var sogone hans gofar som kom att i draumdis og eventyrglans. Ho langgomor, ho som sleit eit lamb frå skrubben med berre nevar og ein bjørkpåk var og innum, men måtte skunde seg, for ho skulde sta bera vatn frå bekken åt krytera i det [28] gamle steinfjøse! Og reven som drog seg åt elva med glefsa kring foten, og stupte seg uti for å sleppe tur pina såg ho snerten av –

Og altsaman vart til noko forunderleg dragande – som ein breid ljøsveg attyvi og framyvi, eit stråleband millom henne sjølv og den verda som var ættegarden hennar.

*Ættegarden!*

Ho vakna i det ho sa orde halvhøgt, og det var som ho hørde det fyste gongen.

*Hennar ættegard.*

Ho kjende seg odelsgjente i det same, og det var som alder og år rann på henne –

Og då ho steig upp av stolen halvt i svevnørske kjendest det som ho hadde ei tung bør på ryggen, so ho måtte rette seg med magt – Men inni myrkre kring henne lyste ei stjerne – auga hans far. Og ho tykte han sa at no var det hennar tur –

Og det var som sterke hendar tok i børja med henne so ho letna og vart til vengjer som lyfte henne opp i noko nytt og ljost – han far trudde henne til å lyfte arven!

Ho famla seg fram til senga – vilde segje draumane sine til han gofar, som ho var van å gjera.

Men han sov som eit barn no, so trygt og godt, som ogso han hadde fengje ein god bodskap. Ja, so lenge ho hadde han, var ho ikkje åleine. Og ho hugsar, at det var same kjempegrjot i han som i rudkallane. Han var ein hardbaling som aldri [29] skvatt undan for vågestykke og aldri gav seg for ein støyt. Enno hugsar ho den dagen for ti år sidan, då han skamhogg foten sin i vedskogen og kom hinkande heim med foten i ei slynge han hadde laga av livreima si. Han sette seg ned og bad dei koma med nål og tråd. Kvit ulltråd. Og Berte-Marja sauma, med han togg skrå som han var illsinnt. Då ho var ferdug bad han um kaffi. «Han hang og slong,» sa'n, «men no sit'n, kjinne' eg» –

Til doktor vilde han ikkje, og bra gjekk det. Ja slik var han gofar –

## Vondt å fljuge vengjelaus –

Gråt og lått i same slått  
er barna-hått –

Det var stappmyrkt, då Sevat køyrde heim frå den vesle stasjonsbyen der Hildra stupte seg i storelva.

Han hadde vore på eit lite skogmøte med nokre bøndar frå bygda, og havt ein gild dag.

Dei slapp han ikkje for langt innpå seg, desse karane. Men morosam tykte dei han var, og godt hugu var det på'n, so han var trøysam å høyre på! Det var nok ikkje for ingenting presten hadde teke seg av han so han fekk gå skuler både tå eit og anna slag då han var framsloppen. Dei kunde vel smile aldri so lite, når han la ut um «fremtidens jordbruk», men no' var det i det han for med. Og no han var husbondskar på Buvin vorten, so kunde ein ikkje anna enn syne godhugen so godt ein kunde. Det var eit fredeleg og godlyndt folk som sat på gardane heruppi dei små fjelldalom, der alle arbeidde og husbond og tenar åt ved same bord. Ingen var husmann og sleit for andre; sjølv rådde dei sitt, kor lite det var, og armoda gjorde ingen rygg fantemjuk. Høgsæte var ikkje for godt til den fatigaste gjest.

[31] Men ættebyrge var dei like godt, berre at dei bar det stilt. Lyte kunde dei ha som anna folk, sume heldt for mykje på skillingen, andre for lite. Sume tok eit glas yvi tyrsten i godt lag, andre kunde vera som bån og flyge etter alt nytt, og helst alt slag mekaniske greier som «gjekk tå seg sjølv».

Men snilde og hjelpsame var dei med kvarandre, og dei treivst ikkje når det gjekk grannen ille, kven han no var –

Soleis tok dei fint imot han Sevat og, utbygdingen og «legd'-guten», og freista gje han rom millom seg, um dei ikkje nett trudde han lenger enn dei såg han – enno då. Ho Gunhild Buvin, stakar, ho var no ikkje av det kjeringslage som dugde til å styre ein gard, og odelsgjenta var ung. Og no fekk då han Sevat få ro på seg til å

syne kva'n dugde til – endå um han kørde noko hardt på med alt det nye, so det alt hadde vorte skuld tå det –

Men Sevat var stornøgd med turen, sat og song i karjolen og let den gamle hesten finne vegen som best han kunde –

Kongsvegen fylgde Hildra eit langt stykke uppyvi, og der var det enno so han skimta vegen. Men han var trøytt og tung i hovude av mat og drykk, og rett som det var kvakk han i og kjende det var tett ved han hadde somne. Men det var'n rædd for. Koss gjekk det ikkje med han Mekkel Gråberg då'n kom kørande frå Grunset marten – han datt tur karjolen og slo seg kvekk ihel.

So song han ein stubb att for å halde seg vaken. Men Hildra song høgare, song og suldra og susa so [32] ein vart reint ør. Og aldri tok denne vegen ende! So Svarten! Lett på labbom dine no!

Nei, ræmen ruske, um vaksne folk skulde søle burt tida med å kræke seg med gamp etter vegane i vår tid. Det var godt nok i den tida han gofar saug mor si det – ræmen ruske! Men å nemne bil uppå Buvin – hæ – endå ho Gunhild va'kje verst soleis. Men kvinnfolk var so skvetne for folkesnakk –

Hæ – dei trudde nok han gjekk der og lurte på gardgjenta – han skyna dei nok. Eller kanskje dei trudde han småminka seg til å fiske etter ei halvgamal enkje – tackar so mycke sa Svenskemarja på Finskogen ho fekk ein kyss av kjetta –

– Då dei sovidt hadde svinga inn på bygdevegen, bråstana Svarten.

Kva i svarte –

Sevat rette seg i sæte og var med ein gong fullvak. Tvo skoddegrå skapningar stod og kraup ihop attmed ein diger stein i vegkanten. Ja so dyredø var det ikkje han Feier-Frans og 'n Lokris-Lars!

«Hei karar, står de der og bie på skyss!»

Ein gamall tass med neverkont på ryggen steig fysst fram; bak han smaug seg ein låghalt stakar med ei trekasse i reim yvi aksla.

Det var gamle kjenningar, og Sevat baud dei godlyndt plass bakpå skrine, hjartans glad for å få selskap. Og han hadde vore sopass vegtråvar sjølv, at han visste koss det var å gå bygdevegen i haustmyrkre –

Dei hadde etla seg til Buvin, ja, men det vart [33] so bråmyrkt, at dei mest hadde gjeve upp å nå fram. Vilde lagt seg inn i ei gamall størels-bu, men fann ikkje stigen – so jamen takka dei no for godt tilbod. Og dei krabba upp og heldt seg fast som best dei kunde.

Fraus gjorde dei so tennane skrangla, men han Feier-Frans smolla like godt og freista seg med skjemtord og løgne påhitt. Han visste koss slike karar som han Sevat vilde ha det.

Men han Lars berre flira toskutt til alt med den tannlause munnen, og var livrædd kvar gong det bar ned i hjulspor eller stompa mot stein i den humpete vegen.

Smått gjekk det. Den gamle hesten sette føtene varsamt i bakken, stig for stig muna han seg fram, og det tok tid, og då dei nådde svingen under Buvin-bakkane stogga han heilt; han vilde kvile og «blåse tur seg», som han var van å gjera fyrr han tok siste tørnen.

Og so fekk Sevat ei flaske fram og skjenkte. «Jaggu frys eg,» sa'n, «og det er full itte større ølen ti dø hell» –

Og Feier-Frans gliste og skok seg. Ja so jamen var det eit grand hustru ja, so han skulde no ha takk og ære som baud. Men han Lokris-Lars sikla der han sat, og stira kvitøygd på flaska.

So drakk dei etter tur, hjarte-tekne og tagalle som det vøre altarvin ifrå prestehand.

«En tel,» sa Sevat. «En trong både sla-supen og pels-supen og malurten attpå um en itte har okke sla' hell pels, og det er ei god stønd tel vinters – skål karar!»

[34] Augo vart store i dei tvo vegtråvarane

Den velsigna Sevaten!

Feier-Frans kjende seg so utmødd og illevølin, at han kom på gråten, då han kjende flaska millom dei stivfrosne fingrane, og han saug seg fast til flaskehalsen som barn ved morsbryst. Og han Lars heldt fram ei stiv hand og såg rædd på han. Munnen stod opin og tennane vatshagla –

«Turk deg kring truten,» sa Sevat og heldt att flaska. Og stakaren turka seg med votten, lydug som ein unge med sukkerbiten for augo. Men då han hadde drukke, drog han ein djup sukk, og seig ihop som ei gople or vatne komi og var berre beinlause fillehopen.

So bar det iveg att, seint og tungt, og Sevat banna vegen og dei endelause bakkane.

Slikt hadde dei funne seg i bøndane uppi her – mannsalder etter mannsalder!  
Ræmen ruske sku' det ikkje bli annan veg uppi her, fekk han rå' – no banna han.

Feier-Frans la seg frammyvi karjol-ryggen so blid, at han mest kraup inni storkaren der frammi sæte. Ja, han Sevat var karen som kunde greie opp med vegen, var so han vilde bry seg. «Mode har du, og makta fær du,» gjølte Feier-Frans og sputta langt, «no spådde eg» –

Men i det same gjekk eine karjol-hjule ned i ei dump, so dei tvo på skrine nære på hadde hamna i veggrofta. Lars klora seg fast i Frans og det gjekk ikkje betre enn han vætte seg i broka som eit bån av støkken.

[35] Frans banna, men Sevat snudde seg og spurde lystig um dei var med?

Og langt um lenge nådde dei då Buvin-tune, halvt ihelfrosne, men heile –

Gunhild stod i bislage og lydde inn i myrkre. Endeleg høyrde ho duren av karjolen på den nattefrosne vegen. Og um litt høyrde ho han prata. So vart det full' nattegjester –

Ho skunda seg inn og sette kaffikjelen yvi elden. Noko varmt i live trong dei vel, kven det no var.

Og sengerom vart det vel spurlag etter. I bispekammerse var tvo uppreidde senger, um det var slike ein kunde be inn der. Elles var det senger no kvar staden på garden, endå til på stalltreve, um det var gjester ein ottast hadde småkryp med seg.

Ho slog døra upp att, so ljosken la seg ut yvi tune. Og der kom Sevat svagande med tvo grå skuggar etter seg –

So det var dei karane – ikkje fysste gongen *dei* låg på Buvin-stalltreve –

Litt etter sat dei ved elden i det store kjøkene og tina seg upp. Gunhild Buvin var ikkje den som stengde døra for nokon, kor ufyselege dei var. Ho tok misjonsbunden og sette seg verdug burti benken og tala med dei. Ho hadde hjarta endå for dei svartaste heidningar, og det stod at ein skulde gje fatigmann hus. Men nokre små synduge tankar murra inni henne – ho hadde jamen vore likesæl med slike gjester i kveld; han Sevat var mest altfor snøgg til å dra med seg fant heim. Men ein fekk [36] bera slike kors og. Dei var nå små mot det som eingong vart bore for oss.

Frans hadde sett neverkonten sin attmed døra, men Lars sat og heldt sukkertykassa si trufast i fange. For i den hadde han all si eign på denne jord, den gamle skinnpungen, ein massingkamm og handelsvara si, nokre lakris-stenger og peppermyntetullar.

Av klæde åtte han det han gjekk i; bytte berre kvar gong ei god sjel gav han eit reint plagg.

Dei tvo sellane gjekk elles kvar si rute, men ikveld hadde lagnaden ført dei saman hjå ho Kaffi-Marte i «Svingen», og no naut dei ei sælestund av dei store og gløynde såre bein og brotne ryggar. Og Frans var fin og takka både Gud og Gunhild for skyss og god fagning. «Det var no din reidskap vi sleit», og «Gud signe Svarten!» Maken til gamp fanns ikkje!

Og pipune kom fram, og det var ikkje sorger meir i verda –

– Men ho Gunhild sat og lydde på han Sevat. Han var so rødug vorten, og so full av løgne påhitt, at ho lo mest meir enn sømeleg var millom desse som ho helst skulde ha tala ålvorsord med –

Ho ansa ikkje at han Lars dubba yvi kassa si, og at kaffikoppen hans heldt på å gå i golve. Men Frans nugga burti han – «snyt dei, så ser du betre», sa han.

Dei lo alle utan Hans, som sat i kråi og tinda ei rive. Han lika lite denna Feier-Fransen. Ein sleisking og ein smjugar var'n, og ein snytar i <sup>[37]</sup> handel når han slapp til. Hans hadde eingong kaupt ein kniv av han; det gjorde han ikkje meir.

Men denna stakars Lars-kroken var det synd ti; han for døm ille med og lo åt –

Sevat gjekk att og fram på golve og prata, halvt til Gunhild og halvt for seg sjølv. Det var so mykje nytt i verda, so mykje stort og veondeleg! Han hadde kaupt nye blad i kjosken nedmed stasjon – her skulde ho sjå! Og han las um gullfund i Noreg, um eventyrleg rike engelske lag som kaupte upp fossar og grov i fjella her etter malm sa dei; men ræmen ruske trudde ikkje Sevat det likso gjerne var gull dei grov etter! Det var noko ein visste, at fjella her var fulle av rikdomar! Men her gjekk folk og pirka i molda og sleit fram eit kufor her og der, og same armodsdomen hadde det vore i tusund år, og det same vart det i tusund år til um ingen fekk opna augo på bonden, so han tok seg mannskap fyre og sette seg mål utanfor møkhaugen!

Frans slog seg på låri, og augo vart som glas i han. Det var jaggu, so sannt som det var sagt altihop! Kvifor svarte sku' det ikkje vera gull her som ann stan?

Men han Lokris-Lars sansa ingenting. Heilen hans vart som ein graut då han kom inn i varmen, og han dorma av att, kvakk berre upp av og til og kjende um han hadde kassa –

Han Frans var so trøytt han og, at han mest geispa gangjarna av led, men han drakk fire store kaffikoppar, og for i einingi upp i hårtjafsane med [38] fingrane og fekk dei til å stritte som busti på ein langkost, soleis heldt han seg vaken. Han var ein heimløysing nedantil Elvrom ein stad, og vandra i fast rute millom Mjøsa og Røros, årviss som snøen og kjend i kvar gard etter vegen, men vart snart for gamal no.

– Tilsist kom Sevat inn på tømmerprisar og skoghandel. Vi lyt gjera so og so, sa'n –

Hans sputta –

Gjekk ikkje den driten der og sa vi! Han, som aldri hadde ått so stor jordtorva, at han kunde gøyme handa si under 'a –

Men Sevat dreiv på. Ein kjende knepa til storhandlarane no! Når Santhans-marten kom, var det alltid «krise» i utlanda en stad. «Vanskelige omsetningsforhold» skreiv Fredrikstad-grosserar'n. Sevat hadde sjølv set breve nedpå hotelle –

Han slengde seg nedpå benken hjå Gunhild og slog ut blade. Her kunde ho sjå: «Krise i tømmerdriften; elendige priser på det utenlandske marked!» Jauvisst!

Og bonden vart rædd og våga snautt be um det stakars forskote han trong til drifta. Fekk kneskjelven, og selde til underpris!

«Vi lyt lære å halde ihop! Stå imot stormakta ne'i Osen, der storhandlara sit og fiskar upp rikdomen vår» –

Ja, Gunhild var samd i at det måtte vera gale slik det no var. Men kva skulde ein gjera?

Men no orka ikkje Hans tegje lenger. Heruppi dalom hadde dei stelt seg so dei itte trong selje til [39] upris. Dei kunde vente. Det kom itte berre an på hå en tente, men hå en brukte. En bonde fekk stelle munnen etter matsekken – å drive med forskot var å grave si eiga grav, det hadde far hans alltid sagt. Han hogg aldri meir enn det vaks ti att hell han –

Sevat vart raud og kasta den brune hår-flusken attyvi. Ja, han hørde nok um kor gildt alting var fyrr uppi her, men han såg ikkje anna enn same tråkke bak

kurompa og møkkjerra som for hundra år sidan. Utan driftskapital kom ein ingen veg no for tia. Med litt kontanter fyreåt kunde ein koma lenger på ein dag enn moldtrælen på mange mannsaldrar. Men trolla vilde ikkje ut av haugen sin, det var det –

«Ja,» geispa Gunhild, «e trur nå det er no i det 'n Sevat segje. Nå bir det slit opp og slit i mente stødt; en kjem itte over dørstokken og ser itte lenger enn en sjølv er lang til. Sjå nå mor di, Hans; aldri har a vøri så langt som tel by'n, og aldri har a vøri ti en båt utpå sjø'n en sumarsdag. Det er setra sumar'n, og heimfjøre vinter'n det – anna vet a itte tå» –

«Ho mor syte itte for det, ho,» sa Hans, noko spak; dette var noko han aldri fyrr hadde tenkt på. Sevat spratt opp. «Nei, det var det som var gale! Dei var fødd med træletolmod kvinnfolka uppi her!»

Gunhild sukka og såg takksam på han. Han var no annleis enn alle andre, han Sevat. Urædd fekk han sagt det andre aldri fekk over lippom sine kor harmen kunde brenne –

[40] Ho vart våt i augo. Og det var kje fritt ho i same stundi kom til å likne han ihop med han som mannen og husbonden hennar hadde vore og no låg i si grav. Stor skilnad var det på dei tvo både i sinn og skinn. Han var so overlag vakker der han gjekk, han Sevat, mjuk og ledug og strauk det fine håre attyvi – det var so det blenkte i det i eldskjære! Og augo hans var so blanke når han gjekk slik og såg inn i framtida. Og slikt hugu og slik lærdom hadde ingen uppi her –

Ho såg han Tollef for seg, stø og tagall, tung og breid i høgsæte – ja gud signe sjela, men –

Nei, heldt Sevat fram, og var som ei løve i bur; dei skulde høyre kva store mennar ute i verda sa um desse ting! Men hemfødingane vilde ikkje lære!

«Nei, der sa du jaggu sannt, Sevat,» sa'n Feier-Frans småøygd, og streid med svevnen. En fekk freiste halde seg til vens med han som no var husbond å kalle her –

«Det er stor skil på folk, ja. Neri bygdom der du hev fare er det meir futt i folke – ja der vi er ifrå ja.» – Frans sputta i varmen: «Je minns fysste hogge je gjorde ti furuleggen, je va berre småguten dengongen. Men huff gut, je kjinde all igjenom meg, at detta hogge va fysste stege til no' stort og veondelig» –

Dei sure, grågule augo vida seg ut og fekk eit glimt av liv; so seig dei ihop att millom raude gråraggute kvarmar.

Då small han Hans i med ein ørliten lått.

[41] «Ja ja, læ itte åt'n Frans du, tosken,» sa Sevat; «han vann noko stort som du aldri vinn han; du gjeng frikar på alle vegar du, Frans, du ha itte seld deg til moldtræl» –

Frans grein. «Å, dæ skeiva no so til, at eg kom utor låmi likevel, je da – var itte go' for å halde meg berre til mismær-ponsen<sup>u2</sup> stødt da ma – neggu nei san – æh» –

Hans reis upp og sopte ihop flisa etter seg. Han brann etter å segja eitkvart ut av sin vanvyrndad, men fann ikkje ord som han tykte beit nok; heiv berre flisneven på varmen so det frasa upp i eldmyrja og strauk på dør. Men på dørstokken kom det. «Tvi, solung og gjet er det verste je vet!»

Og fort som ein elding kom svare frå'n Frans. «Tvi, østerdøl og lus, vil je itte ha i mitt hus!» «Tala itte om lus du,» slengde Hans imot; «je låg i bussu med en solung og en hemarking neri Romdals-almeningen en vinter, je, og der var det rasekryssing so lusa var so diger ho gjekk med kruthønn på riggen!»

Dermed smelte'n døra i so det song. So radugt hadde Hans aldri tala fyrr.

Men Sevat hadde lyft handi og tok eit stig etter han. «Hald kjeft, din bleikfis, hellå» –

Men då stampa Hans tungskodd yvi trammen utanfor. Idag skulde dei høyre han var til, han og.

– Signe hadde og vakna upp no.

Uf, denne hemfødingen skulde en vera skyld –

Men no stod Berit i døra, og augo hennar feste [42] seg straks på Lokris-Lars, som låg ihopkrøkt som ein fillehaug yvi kassa si –

Ho vyrde ikkje snakke til dei andre; gjekk beint burt til den sovande stakaren og fekk han med seg uppå treve og hjelpte'n med turre klæde som ho fann fram etter far sin –

Då ho kom framum kjøkensvala att høyre ho dei lo innanfyre.

Dei hadde det morosamt derinne –

# Skogen

– Heiemo kvad, det song i li  
det hørde nøkken på have skrid,  
tvo rosor søve derinne –

Ho Gunhild Buvin var ikkje lik seg lenger. Ho sveiv i so mange slag tankar og draumar, at det tok på; ho var ikkje van med å tenkje so mykje utanum ringen sin –

Eit var no dette med storfossen, som han Sevat hadde teke til å kalle Gullkvenna, og som han meinte skulde gjera Buvin til ein herregard større og rikare enn nokon annan i Øysterdalom. Ja, sjølv Storneset skulde bli reine husmannsplassen mot Buvin, um det no vart noko med dette nye selskape som spekulerte på å ta upp att drifti i Findals-gruvom. Den som berre visste –

At fjøse gav lite kontantar, det hadde han sagte rett i. Kvar mjølkeskvetten ein dreg or kua er blanke tape, sa'n. Og han sette upp reknestykke so det gjekk rundt for ei stakars kjerding.

Når ho tenkte etter, so var det nå skogen han Tollef berga seg med og, når det kneip, kor mykje han sa, at fjøse fødde dei.

Sume gonger gjekk tankane i vase for henne, og ho sette seg ende ned og visste korkje ut hell inn.

[44] Det var som grunnen gleid unda føtane hennar, og ho kunde korkje fylgje eller halda att.

Og ikkje gjekk det Berit stort betre der ho gjekk millom dei gamle husa og freista ta i og jamne ut der det mest trongdest.

Det hjelpte ikkje lenger at han far stod attum, og dei fyre han. Det nye som braut seg fram slapp ein ikkje utanum; tvil og uvisse slog kloa i ein.

Men aldri let ho nokon sjå den striden ho stod i med seg sjølv.

Enno såg ho dei for seg dag og natt alle dei sterke andlita og alle dei tunge nevane til Buvinkarane som bygde denne heimen som ho elska; ho kjende dei i seg som eit sårt samvit og strenge augo fylgde henne kvar ho gjekk.

Stundom freista ho å rive seg laus, og kasta seg i straumen som drog og lokka, kjende seg stundom so veik, at ho vart rædd. Det var som ho låg i hengjemyr og stridde for live. Ho vilde so gjerne leva og vera glad som dei andre. Og ho kunde bli harm og segje til seg sjølv, at denne garden var ein kross som var på henne lagd.

Men so skjemdest ho att. Ei norsk odelsgjente som gjekk der og var som ein våt klut! Um han far kunde sjå henne no! Han som sette all si von til henne, då han sjølv måtte sleppe det som hadde vore live for han. Og ho hugsa kva gamallpresten sa i gravøle etter han: Ja no Berit, sa han, lyt du stå rak og fast som ei ung fjellfuru. Men kva kunde ho gjera når storskrida kom, ho, åleine mot allverda?

[45] Sundagen etter siste lo-lasse var innkøyrd, reiste Gunhild til kyrkja. Ho skulde vera fadder til ein nykomar i bygda.

Hans køyrde, for mor til ungen var av ætta hans, og han var sjølvskriven gjest.

I dumpa på den gule giggen sat Signe med fjørhatt og blanke kaupeskor og blå bandsløyfer på flettom. Ho stira høgtidsam frametter vegen og var glad for kvar stabbestein dei la bakum seg. Ei kyrkjeferd var største moroa ho visste, for dernedi bygda var alt det som stort og gildt var i verda!

Ved kyrkja råka dei kjenningar og der var so mykje fint å sjå og høyre. Der var doktorfruva og lensmannsfrøkna i full puss, og orgelspel og song og bilæt-tavlor på veggene.

Men meste moroa var likevel etterpå, når dei vart innbedd i gardom på middag og kaffi, og det vart leik på låven og båttur yvi storelva –

Og idag var det storlag på Bruvoll!

– Men heime gjekk Berit og stelte med sitt. Dyr og husfolk skulde ha si røkt sundag som kvardag, og idag var Berte-Marja, budeigja heime frå setra på vitjing; det vart rjomegraut til dugurds på gamal sundagsvis, og Berit mol på kaffien med sundagsmål for den vyrde og velkomne gjesten.

Berte-Marja var gamal i garden, meir enn tjuge år hadde ho vore einerådug i setra um sumaren og stelte alt som sitt eige. Finare avdrått førde inga gardkjering heim, og det var mange meistrar i seterstell millom dei. Oftast var det «Sjølva» som låg i

setra heruppi Nord-dalom, eller eldste dottera. Og [46] småbåna fekk vera med og hadde si herlegaste tid deruppe.

Men på Buvin var det so, at Gunhild helst vilde vera heime, og etter Berit vart vaksi trong gofar *henne*. Berre åre etter ho var framsloppe fekk ho vera vinteren på folkehøgskulen nedi dalen. Det var viljen til far hennar fyrr han døydde; for han var sjølv gamall ven av høgskulefolke. Mang ein Norddals-ungdom gjekk den vegen, og det sette merke; men dei fôr stilt med det som med alt anna. Sjeldan hørde ein prat um skulen. Men dei *las*, – på det kjende ein dei. Dei kunde si soge, og dei vart idealistar på sin eigen måte. Skulen vart ei indre oppleving og frigjering, og det romantiske drage som gjekk gjennom opplæringa råka noko av det djupaste i deira eigi natur, som enno var skog- og fjellmannens. Av jegar- og fiskarfolk var dei komne, og jordbrukarar av same slage som flatbygdbonden var dei ikkje. Sumaren var stutt, korn og jordeple laut dei mest kaupe; so vart fjøse og skogen det visse –

– Då dei no hadde matstelt seg denne blanke haustsundags-morgonen, tok Berte-Marja «Ljomen» og la seg på senga; ein god høgstdagsblund fekk ho helst når ho fysst las eit grand.

Men dagen var so fin, at Berit måtte tilskogs.

Ho elska skogen; den var *hennar* kyrkje. Alt godt kom frå skogen. Hus og alt som i husi var, ljøs og varme, gull og gagnsvyrke; der treivst buskapen og der hadde fuglane sitt paradís.

– Ho hugsa eit vers av Wergeland der ho [47] gjekk stigen oppetter millom dei høge furu-leggane som sola gylte:

Hvad ord den susende musik  
i åsens dybe skove!  
Den mand er ei i Norge fød,  
som den ei gjør om hjertet blød,  
det er hans vuggesang som lød  
ifra de dybe skove!

Ja slik var det. Det hende so ofte at ho fann si eigi kjensle att i vers, og difor var versbøker best.

Men neimen um det var sannt, at skogen stengde; han gøymde det gode og heldt det vonde ute, slik kjende ho det. Alt som vent var tok form og farge frå skogen. Og

lærde ikkje spelemannen slåttane sine der, av fuglen, av bekken og fossen? Ein vart eit anna menneskje når ein kom inn i skogen, koss det no kunde ha seg –

– Uppi lia var lauve no som gull å sjå millom dei myrke furutrea.

Her hadde ho leikstova si i barndomen. Og no rann det på henne so vekjømeleg, kor lenge det var sidan. Ei gamal gjente var ho no, og leiken var slutt.

Og idag var ho trøytt og leid av alt der heime. Sundagane var verre enn andre dagar – ein hadde meir tid til å tenkje. Og lengte etter glede og hugnad. Der heime låg dei hell sat og las i bladi sine og tagde. Tala dei, so var det um pengar og skattar og tømmerprisar.

Ho tok vegen mot fossen. Han bar yvi bekkar <sup>[48]</sup> og seljesnar, og kvite reinmoserabbar, der ein måtte setje seg og kvile og s<sup>ǰ</sup>. Ingen vokster var som reinmosen med raude koralknappar i finaste sylvfiligran, og yrsmå dverg-bikar, der fjørlett fly drakk seg utyste –

Og ho vassa i mose og lyng som loga i tusund fargar, frå vinraudt, karmosin og myrtegrønt, til rose og bleikt linæa, knallgult og bronsebrunt, – ein fargefest som berre skogen åtte –

Ho sette seg under ei hengjebørk som draus gulle sitt nedyvi henne, når ei lita vindflage fór susande gjennom skogen –

Ja, inni denne huldreheimen var ho kjend; her var det som ho hørde grase gro og blomen anda. Ho studde hovude mot den kvite bjørkeleggen og gleid burt i draumar –

«Før skal hvert tre bære frukter av gull,  
før jeg nogen ungersvend vorder huld,  
ha, ha, ha, så, så, så, så –

Da Roselil ned i den urtegård tren,  
da hang der en gullring på hver den gren –  
ha, ha, ha –

Uf nei, ho måtte lenger! Høgare upp! Til ho kjende gufsen av vidda –

– Snart var ho i det vide rjupesnaret, der sylvvia stod so tett, at ho gøymde stigen, og ein måtte tvinge seg fram steg for steg. Ho var rædd for orm heruppi, og lyfte

foten varsamt –

[49] Ho tenkte på Signe når ho såg sylvvia; det blenkte og skein, og bladi vende seg etter vinddrage, so det vart slikt underlegt spel av ljøs og skugge – plent som i augo til Signe. Ho var so vakker, ho.

So bar det nedyvi i eit dalsøkk med storfuru att. Eit tre var det venaste i verda! Men kongen av alle tre var malmtolla som skaut stomnen rak og byrg mot himlen og stod urikkeleg på kjemperøtene sine – sterk som sjølve fjelle. Slik ei toll var han gofar. Men bjørka var brura med gytt lauv i krana. Ven og veik og skjelvande, vinglande i vinden – ho mor!

Og kronglefurua, ja ho var trollkjeriinga som vreid seg i lått yvi noko ingen visste –

Ingen visste... ingen visste... det var mykje ingen visste. Ein gjekk og lurde på so mangt, men like langt kom ein.

Ho gleid ned på ein mosegrodd stein; kjende seg med ein gong so trøytt og gamal.

Idag då ho kom inn til fyredugurd sat han Sevat ved borde, og ho mor stod attmed han so ung og ljøs og skjenkte kaffi. Dei var so blanke i augo, men stogga låtten då ho kom inn. Det var som dei sette henne utanfor døri att når dei bråtagde slik.

Og ho hugsa med ein gong ein fuglunge ho fann her i skogen i vår, ein som var utor reire fallen og ikkje kunde flyge. Soleis var det med henne no. Ho kunde ikkje flyge, og aldri vilde nokon lyfte henne inn i reire att.

Nei, ho kunde ikkje flyge. Der låg han gofar.

[50] Og der var han far og dei andre. Og um ho sveik dei og flaug, kvart skulde ho ta veggen?

Men so rette ho seg brått og rispa ein lyngdott av tuva attmed seg.

Tull-tankar! Ein var då vaksi og kunde reise bust. Ho sprang upp, beit tennane ihop og steig med faste steg frå tuve til tuve, rispa fulle nevar med blåbær, søte som små fullmogne druvor, og frisk blodraud tyting ibland. Det svala, var meir ljuvlegt enn malurtvinen hans Sevat. Aldri meir – aldri meir smaka den –

Den syrlege angen av myra bakanfyre vekte henne. Måtte sjå um det var molte å finne. Vandra so utpå, halvt i draum, steig frå tuve til tuve, såg av gamall vane etter orm. Den styggedomen var ein aldri trygg for.

Moltegras og kjerringris brann i vinraude liter millom mose og myrk småtoll alt upp åt myrkjølen, og myrfvilen breidde sitt kvite slør yvi søkk og sump so langt ein såg. Men molte var du fri for. Slik hadde det vorte no, at karten vart avplukka av ramp som kom rekandes lenge fyrr det var saft i bæri. Men i byen kaupte dei skinnfeldmolta i god tru –

Heruppe tok setervegen til; i den kjende ho kvar stein og kvart myrhol, men då ho var lita var verdsens ende nett der ho no stod.

Men himmerike var Hildre-nuten. Ho såg gullhatten på øvste toppen, og litt av den djupblå skuggen nedanfyre. Men so høgt nådde ho ikkje idag. Ja, idag kjendest det heller som ho aldri skulde nå so høgt meir.

[51] Ho var so underleg likesæl.

Men oppunder Hildre-nuten låg gildaste Buvinskogen, Rust-teigen, med kjempetre tett i tett til vern og verja for alt nedanfyre – den som han Sevat no tala um å hogge. Det skulde bli vakre kontantar for den teigen, um han vart rett utnytta, sa dei.

Men Rust-teigen var gullgruva på garden, sa han far – god å taka til når det trongs; det var sylve på kistebotnen, ein heilagdom og ei gudsgåve til trygd for ætta.

Ætta?

Ho vreid munnen til ein bitter smil. Kva brydde han Sevat seg um ætter, han som sjølv inga ætt hadde. Han var blåsen hit som fræet til den villrosa som voks inni vika oppmed Sirilsjøen – den einaste i desse grendar.

– Ho visste ikkje av seg fyrr ho stod ved Storhamaren, der ho hadde so gild ei leikstove eingong.

Inngangen vende mot sørhalle, der stigen tok av til fossen.

Her var fint rudd for kvist og skat, for her var gildehallen, der ho leika hulder og var tussebrur. Tett ved inngangen var ei perlande uppkome som rann ut i ein ørliten bekk, kanta med gul-sildre. Han mulla og song med same tunne bårslege tonen idag som då. Ho måtte setje seg ned og lye –

Inni leikstova våga ho seg ikkje. Det budde gjerne udyr derinne no. Ho Signe brydde seg ikkje um slike dokkestugu'r. Ho var skogrædd og heldt seg helst i tune, so her hadde ikkje folk vore inne på lenge.

[52] Ein gamall fjøskrakk låg med føtane i vêre derinne, og ho skimta rosute kruskopp-brot. Desse broti med rosor og teikningar på var eingong meir enn perlor og gull for henne –

Og nett her under Storhamaren hadde skogen so mange mål. Det pjutra og prata og song under torv og stein, i kjørr og røys. Men burti «sylvskogen», der blåvikka klengde seg til gråvia låg «Sora Mori» slotte, som var tekt med gull men ikkje større enn eit hundehus. Den steinen hadde enno so tydelegt eit gulltak –

– Men no hørde ho omen av eit sterkt mål langt burte –

Storfossen!

Ja, no song storfossen upp. Vart med ein gong so høgmælt og streng i målet.

Jaso, ho gjekk her og tenkte tull-tankar! Kva vilde ho! Kvi hamra hjarta i henne so ho sat og heldt på det. Visste ho ikkje, at ho det gjorde? Og no lo han ein veldug lått! Visste ho kanskje heller ikkje, at ho sat der og tenkte på å røme? Sat og hugsar, at doktorfruva gjerne vilde ha henne med seg til bygda utmed havet der langt vest?

Hæ, var det der ho var sett av vårherre?

Ho stira inn i noko løyndomsfullt; det vart skrive teikn framfyrre henne, som ho ikkje kunde tyde. Dei skifte lit og skap som fjukande skyar.

– Eingong var skogen som ei kjempebok med stor grei skrift for henne, og han far hadde lært henne å lese i denne boka. Mang ei herleg soge las dei saman der. Um dyra som budde i holor og [53] djuv, under torv og stein, um fuglane som bygde i tre og torvmyr og um rikdomen skogen gav menneskja, når ein stelte han rett. Skogen gav mest alt ein trong, berre ein gav han fred til å leva live sitt etter naturi si lov. Han var so kunnug i naturlovane han far. Han las i stjernehimlen som han las dyresoga på sporsnøen um vinteren.

Ja skogen var som alt anna livandes, tok ein av grunn-kapitalen vart han utarma, og vi lyt hugse det kjem folk etter øss, sa'n far –

Men seg det til dei som no styrde! Nei, ho visste det no, denne skogen som var heilagdomen hans far, han var dømd. Ho var åleine um å verje han, og ho var som ein maur mot eit skre –

Han far hadde eingong sagt «je ha ingen son, men je har'a Berit» – Stakars far!

Ho såg upp, vilde reise seg; då stod han Sevat framfyre henne med pipa i munnen og hendane i broklumma og lo.

«Du sit og drøyer midt på blanke dagen» – Ho raudna og vart harm på seg sjølv for det. «Du kjem på kattelabbar,» sa ho, og rispa mose.

Han lest ikkje høyre, snudde seg på hælen og tok eit kringsyn. «Fin teig, Rustteigen,» sa han; «je ha rekne trea; vi fekk 2000 forskudd på flekken» –

«Denne teigen ska stå, sa'n far» –

«Ja du vet dengongen» –

«No som dengongen, meiner eg» –

«Ja ja» –

Han tok nokre kvasse drag av pipa og slengde <sup>[54]</sup> seg ned attmed henne, likesæl å sjå på, «du vet det æ itte min skog.»

«Nei som væl er» –

Han smilte litt. «Men han æ no som ein gravkjillar snart. Det bleske råta lang veg inni her Men æ det likare det so» –

«En få' hogge det som trengst, sopass vet full je og» –

«Ja, du vet mer hell andre kvinnfolk du, Berit – du æ meir hell andre på all vis. Men je vet litt je og, og kunde me hjelpast åt, so» –

Ho lo. Hjelpast åt dei! Det vart full helst med å dra i kvar sin ende, det –

Men no var han alvorsam; skalv litt på handa han heldt pipa med, og det glimta kvast i augo. Det var ein ting ho skulde hugse; og det var at sola var burte 6 viker vintertida på Buvin. Dei som kom til her vanta noko – noko i blode –

Hæ – neimen um ho det hadde visst.

Nei, det var det. Moldvarpen visste ikkje, at han var blind hell, «hugs eg hev sagt det» –

Han sat urikkeleg med ryggen halvt imot henne og drog lange drag av pipa millom orda. «De treng noko utanfrå» –

Ho reiste seg, vart so urimeleg høg der ho stod framfyre han. «Vi treng deg, meiner du.»

«Meg hell ein annan» –

«Eg' trur mor di treng deg betre enn vi» –

Då beit han seg i lippa, so merke sat att. «Teg deg med ho mor; ho er god nok for seg. Og treng [55] de meg ikkje her, so vert eg ikkje gjerandlaus for det» –

Han slengde seg upp: «Det er graut ti årom på dykk uppi her; alt lyt vera måsså-grodd!»

Dermed strauk han –

Ho stod att og skolv so ho ikkje kunde flytje foten.

Skamdjervingen!

Men med ein gong kjende ho seg so veik, at ho vilde sige i kne. Og augo hennar vart hangande ved den mjuke ryggen som vart burte millom trea – Det gjekk på skade!  
Med henne sjølv og alt –

Og ho tumla heimyvi som ein svevngangar. Hadde han Sevat rett? Var dei fødd med graut i årom! Trongs det noko nytt? Nytt blod – No for han til fossen att, vilde lære kallen å spela ein ny slått –

# Gullkvenna

Hjorten spelar i heio nord, hau!

Sevat gjekk so kvast som han hadde ærend – han trong lye på eit sterkt mål og sjå eitkvart med troll i!

Han var leid seg. Leid seg so han sputta.

Det sku ingen vera menneskje. Armslag og olboge-rom fanns ikkje i denne verda!

Den som fylgjer elva kjem eingong til sjøen sa dei. Men elva gjorde mange krokar – ein såg ikkje frå den eine til den andre. Det var som ho mor sa – krokute veg millom vogga og grava.

Ja ho mor! Gonglage vart tyngre, der han gjekk. Han såg ho for seg lita og grå i den vesle stugua oppmed sjøen. Lenge sidan han var der no – troll visste kor det vart av tia –

No var han tretti år snart og hadde vore burti mangt, men var ikkje lenger komen – gjekk her tenar for tvo kvinnfolk – bunden som ei bandbikkje. Men ho mor var som tia, ho, let seg ikkje binde. Vilde ikkje på gamleheimen, vilde vera for seg sjølv med munnspele sitt og den lurvete høna. Lika ikkje anna folk enn skogkarar som slong innum.

Ho var ikkje som andre. Halvskrullut sa dei, [57] hæ – hadde no likevel vett for mange. Men ho hadde fått freste verda ho mor. Den eine hev lukka, den andre hev tome krukka, og han vert ikkje alltid feit som mest veit; alle ting lyt hende fyrr verda tar ende. So hende det og, at ho kom på vidåtta det åre då tuva itte vart grønn på nordsida heile sumaren. Og ho kom att med skamma.

Han lo. Skamma det var no han som her gjekk –

Men ho mor var ikkje av det slage som trega. Alt er visare enn menneskja, sa ho, og berre den som ingen veg har gått har ingen bakke møtt. Ho vilde ikkje byte med nokon berre ho fekk vera for seg sjølv og ha «skamma» si i nærmunom. Og um det

ikkje plent var difor han hadde vend vegane sine uppi her att, so måtte'n vedgå for seg sjølv, at det hadde gjort sitt.

Den vesle stugua uppi skogen drog. Han hadde sanna, at ein ikkje skulde kasta burt det små fyrr ein hadde det store – og det store, det hadde han ikkje – enno.

Ikkje var det berre godt i ho mor, nei; men der det ikkje fanns vondt, var det ikkje noko godt heller. Gull var gull, um det låg i søpelhaugen. Kva var det i dei han no slong imillom? Graut og gudsord. Nei, ho mor var som vårflaumen, ho. Grus og gyrme var blanda i klåre brevatne. Ein måtte gje ho både ris og ros, men ho var ny stødt, i ævleg skifting som nordlyse var hugen hennar. Koss kunde dei skyna *henne*, desse andre? Men himmelen var [58] blå, um ikkje den blinde såg det. Han brydde seg fan um dei andre –

No hørde han duren av fossen like under seg. Han bura som ein bøling sinte uksar! Og slik ei trollmakt skulde renne til havs i all æve utan å gjera gagn for seg! Slik helvetesmakt! Det var so ein kunde bli galen av å høyre på denne buringa!

Men kven *hørde* uppi her! Dei skyna ikkje meir enn sauene, og såg ikkje lenger enn si eiga nasa – drakk Zulukaffi og las i alnakka, medan stortrolla uppi fjellom stod og slepte vatne og lo seg mest ihel av toskeskapen!

Men for han skulde dei visst få sitja i haugen både ho Berit stornase og mor hennar; tom pung andres pengar er i. Men den dagen kunde koma då dei fekk lære, at den som knepper handa for hardt att, fær ingenting i ho. Skitt i althop; jord og jinter er det nok av, sa Smestad'n.

Men at all denne herlegdomen skulde vera i kvinnfolkendar var å spotte vårherre –

No hadde dei sjangsen, prisane var so ein mest ikkje våga tru på det. Ein kunde hogge og kaupe seg inn i den nye treforædlingsfabrikken, ein kunde... men kva gagn var det i å tenkje –

No stod han på ytste rabben yvi falle og kjende det friske vats-dreve i andlite, det svala so godt! Han blinda att augo og anda langt ut. Nei, den innkvervde prinsessa skulde visst få sitja for han – ikkje var han verre vengjeskotin enn han lette att etter den smellen.

Han stod ei stund og stridde med ein stor harm [59] som brann i han, reiv seg so laus med eit bråkast i tanken, og var med ein gong inne i ein gamall draum – der nede

stod gullkvenna og mol!

Kvi skulde det ikkje vera gull i fjella her!

Då han gjekk for presten las han ei bok um gullgraving i California, og lenge etter låg han og grov i elvsanda, so han kom heim utan eit bein frå fisketurane sine. Men ho mor var ikkje den som spurde etter fisk når han kom med eventyr, kor arm ho var.

Og no visste han meir um den ting, og at det fanns gull her kunde han forplikte seg på. Ein fekk berre vente. Han ventar ikkje for lenge, som ventar på ein god dugurd. Men so var det no det og, at kua kunde døy med' grase grodde. Og tia ho gjekk – Med eitt stakk det han, at han vilde nedi djuve, under sjølve storspruten – likso godt eit reallaug, når ein var våt lell. Han turka andlete med luva, sovidt han såg, sette seg på enden og let seg gli nedyvi skråningen, der det var ei sleip renne full av høgt og søkkvått villgras og kjempediger blåtoppa lushatt.

Han krabba yvi grønskesleipe steinar, dumpa ned i jordhol, blåheldt seg i seige seljerunnar og sat endeleg på den store steinen under kvitdreve, heit so det dampa av han.

Mang ein god dag var gått sidan han sist ok seg herved, og no tok det mest pusten frå han og gjekk som snøelingar gjennom holde. Og snart spratt han upp, skok seg som ein våt hund og grov seg uppyvi råsa att med hendar og føtar.

[60] Den gufsen dernede kunde svimeslå ein bjønn. Men han visste det som kunde temje trolle – berre venta go' kar!

Her kunde bli storindustri! Botnlause rikdomar gjekk gjennom denne gullkvenna, men ingen vyrde dei!

Buvin og Hallemoen åtte ho ihop, men dei sov den ævlege svevnen –

# Legd-Lisa

– Du er den, du er den  
eg hev tinga i min ungdom –

Ho «Legd-Lisa», mor hans Sevat, reid på tamrein ein gong ho var smågjente; det var millom tvo tjønn inni fjelle ovanum Sirilsjøen, der han Finn-Jo låg i vinterlæger.

Dotter hans hadde vore nedi kyrkjebygdi med mor si, og der fekk Lisa sjå henne. Det var ei lita fjellrjupe med blinkande brune augo og ein blyg smil. Klædd var ho som prinsessa i eventyre, det var so det glitra og lyste langan leid. Aldri hadde Lisa set noko so fagert som den kvite skinnkjolen med raude og gule taggar og belte av klinkande sylv! Og finnskor med raude taggar hadde ho på føtane og brokute duskeband innfletta i det lange svarte håre.

Dei leika ilag ei lang stund utanfyrre krambudi, med' dei vaksne var inne og handla, og med det vart dei bestevener. Lisa fekk klappe den fine køyrereinen og leiken lykta med at ho uløyves vart med uppåt Lomtjønn-lægre. Ho visste ho fekk svolk når ho kom heimatt, men ingenting kunde stogge henne. Heime var det grin og armod og eit skarve fjøs med tvo dumme kyr og ei lita kvige – deruppe var fridom og tusund reinsdyr!

[62] Og ho var kåt som ein killing, og freista tilsist å rida på ein reinkalv. Men då gjekk det gale. Ho stupte hu' kråke og braut foten. Sidan var ho låghalt og fekk aldri danse meir. Men danse var det gildaste ho visste, og ho sytte sårt for foten sin.

Mor hennar kom i tenest nedpå Hedmarka straks ho var framsloppi og vart tidleg gift med ein rekarfant, som snart; strauk ifrå henne. Då måtte ho ta tenest att og hadde Lisa med seg; løni vart lita, og endå mindre, då ho etter kvart synte seg å vera tæringsjuk. Sengerome sitt hadde ho og Lisa havt i benken under kjøkenglase på storgardom, og når isen bråna av rutone, rann små bekkar etter veggen og inn under kalvskinne dei låg på. So gjekk dei krimfulle stødt, og tilsist sette krimen seg fast. Men hjå Vesle-Lisa vart det verst med øyro. Det verke hol på hinna, og det vart svevnløyse og jammer, so dei kunde ikkje ha dei lenger på garden. So hamna

dei på ein liten husmannsplass hjå snilde folk, og der døydde mor til Lisa. So måtte ho på legd, og låg attmed budeigjom i fjøse, eller i drengestugu, der kar og kvinnfolk delte rom. Og ho lika seg bra, for dei var jamt snilde med henne, og moro og lått var det stødt, når dei kom inn um kvelden og sat på sengkanten eller burtmed omnen eller skorsteinen og fjasa og prata til dei var so trøytt, at dei velte seg åt senga mest som dei gjekk og stod. Og då sov dei so korkje lus hell lopper kunde vekkje dei. Og dei lo åt Vesle-Lisa som stundom gret fordi «kyra stanga henne i hovude». Det var hennar [63] namn på dei små ufredsdyra, som plaga henne.

Soleis vart ho då innlegg-gjinte frå ho var lita, og fekk namne Legd-Lisa.

Men då ho vart so stor ho kunde gjæte og gjera eitkvart til gagns fekk ho koma heim til gomor si som no sat einsleg oppmed Sirilsjøen, på den vesle plassen mor hennar eingong vandra ut ifrå då ungflokken voks og armoda vart for stor. Sume av systrane drog til Måselva i Nordland og vart burte for godt. Men etter alt dei frette heime vart ikkje live noko gjestebod for dei hell –

Då so ogso gomor til Lisa døydde, tok ein gamall sveinkall av ætta det vesle bruke, og Lisa drog søryvi til Mjøsbygdine att og tok tenest. Ho var vaksi gjente då, og hadde alltid bore på ein draum um storgardane dernede med fjøs til digre buskapar, hagar med søteple og kirsebær og stovehus gilde som kongsgardar.

Men vonbrote vart større enn gleda. Halt og lite helsesterk som ho var, vart det mest ufyse arbeid og lita løn. Ho vart grisebudeigje og bar seg skakk på vatsbyttor og sørpestampar, låg i kalde rom saman med mange slag farande folk som gjekk i lausarbeid på gardom –

Men ho vart ikkje modlaus lel. Ho mulla og song til arbeide, og um kvelden sat ho for seg sjølv og spela på munnharpe. Ho var halvt i ei onnor verd alltid, og tykte at noko stort og ljost og gildt venta henne ein stad.

Og so hende det, at ho la hugen sin til ein Rendals-gut, som gjekk landbruks-skulen.

[64] Han var gardgut, skyld husbondsfolke hennar og budde på garden. Gild og snild var han, lånte munnharpa hennar når dei møttest i gjætleskogen eller andre stader, der ingen såg dei. Og han stakk til henne kolerakaker og bronsukker, og gav ho ein sylvring med tvo hopknepte hendar. Men so reiste han ein dag og aldri våga ho

spyrja etter han. Sidan vart ho jålut og rar av seg so det vart på nåde ho fekk bli på garden.

So var det ho rømde til Grunset marken og vilde finne Rendalsguten, men kom på drift der –

Slik moro hadde ho aldri havt, og so snilde folk hadde ho aldri vore ute for som dei storkarane ho råka der.

Ho fekk mat og drykk av det beste som i verda fannst, ho fekk perleband og silkeplagg med frynser, honningkake og sukkerty og ei sylvnål med blanke skåler. Og ho fekk vera med inn i salen og såg ungdrosir dansa på eit bord i klåre kjolar og andlit som englar. Og ho måtte sjølv synge for karane og spela på munnharpa si, som tilsist gjekk på umgang i lage, og dei fekk fram so mange rare låter, at ho lo seg mest ihel.

Men ein av karane var snildare enn alle dei andre. Ein prins å sjå på! Og ho visste ikkje av seg fyrr ho var åleine med han ein stad – i armane hans, i himmerike.

– Men slik ho kom att frå den turen vilde dei ikkje ha ho i tenesta lenger. Ho la seg til på ein plass der ho hadde vener og var ikkje lik seg meir. Mindre og mindre dugde ho til arbeid, sat helst og<sup>13</sup> stira med hendane i fange.

[65] Men folki der var snilde, og ho fekk dele armoda med dei til ho hadde fødd bane sitt. Det var ein velskapt gut, og ho kalla han Sevat etter gardguten ifrå Rendalen – han som lo av henne.

Men kva far til guten het, visste ho ikkje å segje. Han hadde so fine hendar, sa ho og stira, – so fine hendar, og gullsnor på luva – var som ein jeneral, eller ein konge.

Då skyna dei ho var ikkje rett lenger.

Men ikkje var ho verre enn ho kunde gå på legd i galom. Og han Vesle-Sevat fekk fylgje til han var sopas kar han kunde gjæte og tene føda sjølv. Alle vilde ha Sevatguten, for han var gløgg og for seg, og han vart slik ein lesehest, at presten tilsist tok seg av han.

Men no sat ho Legd-Lisa i den gamle stova oppmed Sirilsjøen att, der mor hennar var fødd og der hadde ho ei droplute ku og ei geit ho kalla Hoppenita. Og ho hadde ogso jamt nokre hønekrek mest for selskaps skuld. Men velnøgd var ho og tykte ho hadde alt godt i verda no, då ho hadde stove for seg sjølv og dyra, og so han Sevat i nærmunom. Fri var ho som fuglen, og alt flirande folk var langt undan –

Og kvar krå kjende ho i denne vesle verda, her var ho heime, for her gjette ho då ho var lita og slost med tussar og troll. Og her var det han Skreddar-Nils hadde lært henne å spela på munnharpe.

Stilt? Var det likt! Her for folk framum både sumar og vinter, skogskarar, måsså-køyrarar<sup>14</sup> og [66] seter-flytjingar – snildt folk som aldri lo åt henne, men prata som med anna folk og lydde på spele hennar so ålvorsamt som på presten i kyrkja. Og ho åtte skogen og fjelle med alt som flaug og kraup og smaug! Det var vener alt, utan ein, og det var skrubben; han hata ho. Men som vel var såg ein ikkje far etter den karen lenger nedmed Sirilsjøen.

Eit menneskje var det og som ho hata, og det var han Lars Sørmo nedmed osen, som sette ut glefser åt reven uppi lia. Og ho hadde slik teft til å finne plassane hans, lurte seg tilskogs og ustelte styggheta, so fort han fekk dei upp. Ikkje vilde ho ha slik dævelsdom i skogen sin! «Dyra og skogen eig vårherre og eg ihop,» sa ho; «dei lyt fara fint dei som vil koma der!»

Men slikt hverk fekk ho svi for. Han Lars var etter henne på all vis, og svor på, at dreiv ho på med dette, skulde ho snart sjølv koma i glefsa.

Men etter kvart vart det so uhugleg kring husa hans um nætene. Det gøydde rev all stad radt innpå veggene der han låg; det var som det krydde med rev kring husnovi. Men kor fin sporsnøen låg, aldri såg dei far etter rev –

Då vart han Lars halvredd. Ho Lisa kunde nok litt av kvart, ho. Og då han tilsist ikkje fekk svevn på augo for reveståk, lurde han seg ei måneljos natt tilskogs og tok heim soksine sine. Og sidan fekk han nattefred.

Men når Lisa ein hende gong kom i garden med [67] spånå<sup>15</sup> åt kjerringen, då gøynde han seg til ho var or tune att –

\*

Då han Sevat nådde uppått sjøen denne blanke haustdagen vart han standande og glåpe. Skyflokar kom drivande vestantil med helsing frå det store havet. Sola smatt inn millom dei, og sjøen vart svart. Men um litt gleid ho fram att, og vatne vart som smelta gull, med' djupblå skuggar sigla burt yvi dei runde, rolege åsryggane som slanga seg i mjuke linor kring sjøen og den vesle burtgøynde grenda. Himmel og sjø skifte lag og lit so brått som ljøs og skugge skifte i hans eigen hug. Ja, heruppe fekk ein ikkje stunder til å sova, for her var ti slag vêt um dagen –

Utpå tangen deryvi på andre sida låg den vesle heimen hans Skreddar-Nils. Der budde ho den ljose ungmøya han drøymde um i ungdomen. Ho Solveig, den fysste av flokken hans Nils som døydde av tæringen. Sidan gjekk tri andre etter. Berre no mor kunde berge han Vesle-Simen, som ho hadde teke burti stuga til seg; ho var so god ein doktor, ho mor. Men hjå han Nils var trongt og lite med mat. Og enno dreiv dei den gamle doktarkunsta der, med ormeister og ulferbai og rigabalsam. Men båna var vakre som solstrålar – og vakrast var ho Solveig –

Drøymen og tung i hugen slentra han burtetter stigen som fylgde sjøen til «Lisa-stugu». Sume stader [68] skvala og småsong vatne millom vridne fururøter som tøygde seg ut yvi vatne lik tyrste ormar, og ein måtte sjå seg vel fyre etter fotfeste.

Men framfyre han lyste no den grå verkbrotnne skigaren som ein sylvring kring huldrehaugen hennar Lisa –

Utanfyre døra stogga han og lydde. Det song derinne. Og han kjende visa:

Det var sildig om en aften og doggen den drev på,  
da lystet ridder Henrik gullharpa slå;  
Han skulde aldri sova forutan i armen min,  
han skulde aldri drikke forutan den klare vin.

Ja, dette var visa hennar mor, den hadde han høyrte frå han kunde hugse –

Det var kje fritt han vart våt i augo – hadde so harmeleg lett for å bli vatsøygd soleis –

– Då han var yvi dørstokken komen såg han det smale, kvite andlite til mor si i skine frå gruva, kransa av grått, småkrulla hår, som stritta villvakse til vers, og med eingong var han midt inni blanke eventyre.

Ho såg upp som vekt av ein draum og slog ein liten kross for seg.

Nei no!

Ho stira, fekk litt etter litt augnefest han.

Var *den* karen ute? Ja, mangt skulde hende fyrr verda tok ende! Jamen hadde no grase både grodd og folna sidan *han* steig yvi dørstokken i Rønningen!

Ho reis upp og famla stol fram, og han slengde [69] seg nedpå. Jamen var det ei stund sidan no ja. Lite folkehjelp og mykje høy. Men no var endeleg alt i hus som

vel var. Og Lisa sanna, at jamen hadde det vore trevali høyturk iår, ja –

Ho reiste ei trollrot på varmen, la seg på kne og bles til det fata og fræste og logebrann so heile stova vart eit Soria Moria slott! Kvar stokk i dei gamle veggene vart blank og livs livandes, og det gneistra og glima i den store vassausa av Røroskopar som hang yvi vassbytta ved døra. Og det einaste blanke på kaffikjelen i gruva, massingknotten på loke, lyste som auga på ein drake –

Båror av god-dåm breidde seg i rome frå enerknuppen som var strådd på golve og blanda seg med den friske tyrilukta –

Ja, no var han heime!

So gamal var stova hennar Legd-Lisa, at golvborda var demla<sup>u6</sup> og telja med øks, halvmeteren breide, faste og finslitne som filsbein –

Sevat drakk dåmen i seg som ein sæledrykk og sette seg frampå.

Og uppi her var full alt ved det gamle?

Han spurde utan å sjå på mor si, og grov pipa upp or lumma.

Jau sagte var det det –

– Ho stelte den ålsvarte koparkjelen innåt elden og kara glo ikring han. Sette seg så på pallen og fekk fram den vesle pip'stubben ho hadde i und'stakklumma. Såg ikkje på han, var berre so underleg mjukmælt, og tukla lenge fyrr ho fekk tobakrullen fram –

[70] Han Velt-Simen hadde vore med og berga det vesle som var, so dyra skulde ikkje svelte. Og fisken hadde vore viljug til å gå i garna uppi svarttjønne, so jamen skulde han no få smaka fjellfisken, ja. Det hadde muna, at ho drog vase utpå isen der um vårom; det synte på fisken han hadde både mat og moro der no. Ryggbreid og raud i kjøte med nauvande vent lite hovud, ikkje som denne slarkete, makkette røa som Sirilsjøen var full av no etter dei bygde dammen! Straff sku dei ha, dei som øydde fjellfisken! Matfloa vart burte når vatne steig, for ho teivst berre i grunn-gyrma. Og jamen var det godt han kom uppi han som kunnug var, og kunde hjelpe dei å skrive klage –

Men no vart han Sevat tunghøyr. Vilde ikkje inn på dette med dammen som dei gnog på stødt uppi her.

Og augo hans gleid stova rundt. Det trongst kannhende eit grand vøling her no? Tak-vøling? Og ei rute var sund i eine glase såg han. Skulde hugse det, når han kom uppi att –

Det var ikkje fyrste gongen han lova det. Men Lisa la ikkje større brett på sovore. Jeneralen på ein storgard hadde anna å hugse enn ei sprukki glasrute. Og alt med det ikkje snødde inn, so nagga det ikkje henne, um ruta var sund –

Men no såg Sevat, at det låg eitkvart livandes burti senga.

Nei jaso, ho hadde friarar? Jamen ja! Det rak då laurdagsfriarar uppi her og. Ho smålo hjarteleg, og sette i å syngje so han kvakk:

[71] Men aldri kom det i hugen min,  
at eg skulde gifte meg enn –

Det var messom so godt å få syngje når ein var glad. Og no sat'n Sevat her.

Han lo. No kjende han mor si –

«Og jamen trur je du har to om gongen og», skjemta han.

Ja, var *det* å spara på. Det vart aldri for mykje ta det som godt var.

Elles var no detta gamle vener som ikkje gløymde ei einsleg møykjerring nokon haust, so snøgg det vart lovleg,<sup>17</sup> og døm fekk skreppa på ryggen. Dei var komne på kveldsida igår, og i grålysinga idag var dei ute etter barfugl, men kom att ved høgisdagsleite utan ei fjør. Og då hadde dei stuft seg åt senga og somna som steinar. Den gamle bikkja hans Embret var innkomi so sårbeint og trøtt, at ho låg som daud, ho og – men no lukta dei full kaffien –

Sevat glytta burt på dei tvo i senga. Javist – no kjende han skjeggestubban hans Embret Hallemoen. Men den andre? Han Bersven! «Nei, du segje full itte det! Men berre lat dei sova» – Sevat kviskra. Det som var godt akkurat no, det var å sitja her og svalla eit grand med ho mor –

Men no geispa det langt burti senga. Og ein kropp strekte seg so det knaka i botnfjølne.

Då glytte den reveraude fuglehunden på augo og geispa, han og – so digert, at ein kunde ottast gangjønne gjekk av led, og såg lat og slørøygd upp på herren sin i senga.

[72] Han lika ikkje barknuppen på golve og lyfte på labbom – fekk ein stakars hund ligge i seng, kor sårføtt han var!

Men då herren nemnde han med namn, vispa han so smått med rova og geispa seg ferdug. Måle hans Embret var no godt å høyre, kor som var –

Men ho Lisa ensa berre Sevat-guten sin, som sat der, sundagsflidd og fin som ein greive. Ja han Sevat, han steig frå stjerne til stjerne han!

«Kva segjer du mor?»

Ho hadde mulla soleis halvhøgt for seg sjølv, som vanen hennar var.

«Eg segjer du stig frå stjerne til stjerne, du Sevat!» Ho såg ikkje på han, men augo hennar lyste. Sevat smilte fjåg. Å, enno steig han nok helst frå møkhaug til møkhaug men –

Høsch, tala slik! Husbond å kalle på Buvin –

Men no reiste eine karen seg burti sengi. Ai! Dei hadde nok søvi so dei korkje ansa hell sansa både dei tobeinte og den firbeinte – men jamen lukta det no godt kaffi –

– Um litt sat dei alle kring elden med kaffikoppene i åresteinene og åt av veidemanns-nista.

Meir ulike menneskje-skapningar enn desse fire kunde ingen sjå for augo sine, endå dei alle var runne av same jorda heruppe millom fjell og myr. Ulike som kronglefurune på vidda, vridne av vêr og vind, merkte av vinterfrost og sumarslit- og sæle. Dei tri var aldri utor dreve komne, men ein hadde funne seg ei logn krå og vart rotfast gagns-tre i skogen, og det var han Embret Hallemoen, næraste [73] grannen til Buvin. Han sat på gamal gard, trygg og stø og klok på sitt. Aldri var han *mot* nokon, men aldri heilt med heller. Jatta med alle, gleid unda for alt nytt til det var prøvd av andre og heldt på bli gamalt. Garden sin dreiv han godt etter gamle måten, sleit som ein gamp og agta vel på skillingen.

So var det han Bersven Tangen, som hadde gjort solung tå seg, sytti år, ungar og spelemann og all slag kar so nær som brakar, som han sjølv sa. Det var so rart med det, koss en for og flaksa so laut en hematt av og til – endå det var åtte måner vinter og fire måner kalde heruppi fjelli.

Ja, det var det løynde som drog, lo Sevat. Kallen som spela! Men ein dag kom, då det vart ein annan leik uppi her, ettersom han trudde. Det torde hende dei fekk

bunde stortrolla uppi her eingong og, so dei kunde syte for å gjera vinter'n stuttare – laga seg sol og varme sjølve so å segje.

No smilte'n Embret Hallemoen so han sikla svart. Ja den Sevaten, trøysam var han no, kor døm sa –

Dei klårsynte hadde lenge set blålys brenne yvi løynde skattar uppi her heldt Sevat fram. Og fysst bekken var riven kom isgang i elva, som dei sa. Norddølen var tung i sessen, men når'n reste seg so stod'n. Ja da stod'n som fjelle.

«Ja du vet det,» jatta Embret, men han hadde høyr, at når døm fekk slike løynde skattar upp i dagen, so var det berre kumøk.

Han hiksta og lo med små trongbrysta klunk – [74] det var astma'n som tok pusten frå han, sosnart han kom eit grand ut av jamnvigt – og denne fossen, den – ein sat no der og åtte halvdelen – so neimen um ein visste, nei –

Reis so upp og lokka på hunden – «Fol dei ut, Passop, det står rått tå dei!» Han vilde helst burt frå dette med fossen.

Og han slapp hunden ut og kom og sette seg att med eit lite grynt, tok seg til ryggen. «Du ska' sjå vi fæ regn; det pla vera våtmerke når det bleske rått tå bikkjom» – prata han blid til Lisa. Og Lisa meinte det var kje umoli nei; ho Brandros hadde ringa rompa på ryggen idag og –

Og han Embret var logn og pratsam og hugleg att som før. Han åtte ei ro i seg som sjølve fjelle, hadde ikkje andre krav i denne verda enn å få sitja trygg på tuva si og arbeide fram garden, so han eingong kunde gjeva frå seg meir enn han tok imot. Det var berre sovidt han unnte seg desse små turane med børsa når hausten kom; tok seg elles aldri fri ein kvardag. Live var arbeide; gleda å sjå at det muna.

– Han Sevat skyna han hadde skræmt'n Embret, og hadde si moro. Men no vende han seg til Bersven, den blide huglege kjempekaren som sat der so godsleg og snudde tommelfingrane um kvarandre og småsnakka med Lisa.

Andlite hans var glattraka og friskt i hamliten, og det tunne gule håre var velflidd som på ein løtnant og det glinsa av hårolje kring den breide, blanke skallen. Munnen hans var stor av smil og [75] full av friske tennar, augo barneblå og blide. Klædd var han i knebrok og skor med elgbennilskraft, men likna elles lite på ein veidemann. Ikkje hadde han børs heller; han måtte berre ein tur tilskogs soleis

um hausten, og fylgde snart den eine, snart den andre av vener frå ungdomen uppi her.

Sevat tok til å prate innpå den gongen dei råktest nedi Åsnes på tømmerhogst den vintern det var stordrift dernede.

«Og du blir itte eldre med åra du, Bersven – like sprek og itte et grått hår!»

Bersven strauk med handflata yvi håre, som var fint skild etter midten, og nikka nøgd – «je ha itte vøri kar om å få dessa flisan' mine grå, je, gutt» –

«Det æ full tefelle du har for godt samvit, du Bersven,» lo Lisa, «og so er du kokk på storgalom og leve so fett at det tyt ut att radt uppi hårrøtom» –

Ho lo og skotta på det oljeblanke håre hans, og han var mann som lika ein skjemt, um det rakte han sjølv.

Han hadde sett seg til for godt nedpå flatbygda han Bersven, hadde vorte heil elvromsokning å kalle etter han tente kokk på Terningmoen i ungdomen. Storgardsfruvorne dernede slost um han når gjestebod var i gjerdom, for han greidde alt både ute og inne, var tru som gull og fekk både folk og fe i god-lag. Du såg ingen sure andlit i kjøk eller fjøs etter han Bersven var innum døra komen. Og velsigna vælnøgd var'n sjølv med alt og alle. Og varn ikkje vælnøgd, so tagde'n med det til sea engong.

[76] Kann hende orda han fysst innpå det år og dag etter til ein trugen ven på tomannshand. For det var ikkje det, at han gløymde noko. Å nei, det var kje so væl. Han hugsa alt, men hadde longe kome etter, at ein slapp lettast gjennom verda når ein tok det ein fekk og takka når ein gjekk. Då var alle folk so merjeleg snilde. Og ingen hadde lova ein noko gjestbod, som sagt var. Nei, han Bersven lo og hadde si moro innvertes, han, der var det ingen som tok ho frå han. Og han arbeidde for fire, skjemta og riste småskillingane i lumma, når han tråva sårføtt og svemnug hematt til den vesle stugua si burtmed sildrebekken inni skogen. Riste døm og lo når det låt som lumma var full.

Og ingen turvte be han Bersven fli seg. Han var såpevaska so det skein av han stødt, og ingen oberst hadde kvitare lummeduk eller blankare skor. Ikkje for ingenting hadde han gått skulen på Terningmoen, der officerane vart hans store mynster.

«Jamen ja san, je driv å leve litt um senn enno, ja, og jamen likar døm medisterkakann' mine enno ja» –

Han lo hjarteleg og synte ein tanngard som ingen doktor enno hadde pirka i; kvar tonn var frisk, men stuttliti som på ein havre-hest.

«Du vet, når døm itte fekk live tå meg dei trettan åra je kokte åt soldatom på Terningmoen og låg på ei fille frammed kokomen heile sommar'n, so va' je utset til ei stor og ærerik framtid – hæ, hæ, hæ» –

[77] Han knepte hendane yvi magen og klukka hjarteleg og blunka med dei små bånegode augo.

«Fraus om natta, sveitta om dagen og åt meg mest ihel på sviskekompot, for det var det likeste je visste. Men ailler va je full, og ailler ha je brydd meg om jinter dæmmerså» –

Dei lo, og Sevat hufsa på seg og sa, at klok var han. Kvinnfolka var berre til hefte for ein kar – men neigu um dei var gode å koma utom hell.

«Det kjem sei an på det; je va so trøtt um laurdagskvellan je, gut, at je datt ned der je stod og sov med'di andre gjekk etter jinten eller tura borti gallom. Men i storbrølloppe på Halvarsrud smakte je itte svemn på ei vike. Heldt ut? Jamen ja. Men siste dagen, da vi berre hadde hælvhundre telbords va' je så trøtt, at je nære på hadde slept hele kælvsteikfate i hugu på brudgomen. Da hadde je kokt fem dagar og vart' opp i fire, og børi fat med fjellfisk og kælvsteik og pudding so armann' mest datt tå meg. Det va tetter ved je itte orke gå den vesle mila je hadde hematt, da det va slut. Men da je væl va innom mi eiga dør sov je i to jamdøger, gut. Det var i den tia en sauskrott var høveleg sendingsmat det».

Han lo lukkeleg ved den løgne tanken –

«Men da va je så kvek att, at je va med i slaktinga på Brøttom og laga ei gamal mil med pølser og la ned tri tjaug med hermetikbokser» –

– Lisa rugga seg inn i draum – det var eingong då ho og vandra nedi bygdine der hausten var gul av mogne åkrar –

[78] «Ja du Bersven, du vart namnspurt i sju kongerike du, og vælkømin i kvar gard millom Koppang og Kongsvinger. Men itte har du glømt øss oppi her hell» –

«Å neimen nei, san. Og jamen ser det ut tel je æ velkømin oppi her og; døm ha mest gitt' hel mei på kaffi og jønnbrød og fjellfisk og røme desse dagane» –

«Og so kjem du utan børse tess» –

Ja, børse hadde Bersven aldri ått. Han lika ikkje å ta liv okke tå fugl hell firføting. Men han var nå slik laga, at han måtte sjå uppi att ein tur um hausten. Ein laut «preparere» seg til pølse-onna måtta – hæ – hæ – hæ –

Å, det var sagte både lite og simpelt døm hadde å by på uppi her mot neri der det var sjampanje og furkunmat av alle slag, meinte Lisa.

Men han Bersven bles ti sjampanjen. Og all denna rare maten vart en leid tå. Men han vilde sjå på den som vart leid på auren som spratt like uppi gryta frå sjøen her, so å segja –

Ja, han laut læ, når han hugsa siste julballen på Brøttum. Ut på natta kom ungmannen ut i kjøkene åt jinten som var med i hjelpen og skjenkte døm sjampanje, men døm sputte'n ut som det var dyvelsdrekk. «Vøl itte å smell upp flere flasker ta detta, sa je; kom med akkevitten du, den spyttar døm itte ut. Da snudde'n sei rundt på hæla og lo – je held med jinten, je, san; men det lyt mæssom vara no med smell ti nå vet du. Je freste det je kunde å få døm tel å spara litt, je, for je visste det gjekk [79] attover, men pøsch, tala åt slike. – Også desse jinten! Det var so tjukt med kvinnfolk, at døm gjekk berre atti vega for 'enan. Døm ha itte disiplin. Skulde ha vøri på Terningmoen og lært! Om fem minutter skal maten være i vomma på gutta, Bersven, brøla obersten; han hadde mål som en stut. Da vet du je kvakk, men je vart et gran sint og, og dæmmerså svara je som så, at *dit* sku nå itte je ha'n. Og da laut'n læ, vet du. Han lika et kvekt svar. Og på minuttan va' maten på borde ska du tru – og da va det itte lenge før'n va i vomma hell, hæ, hæ»

«Å ja, du ha vøri med på mangt du, Bersven, og væl æ du kømmi frå altihop.» Lisa sat og lydde som på presten i kyrkja; det var so lenge sidan ho hørde noko frå eventyrlande der sør i dalom –

Bersven smilte aldri so lite for seg sjølv – å, det var no bå' dela med det og, ja. Some gonger hadde han nok vore so slonken, at han ikkje synta seg for folk. Men so lo han att – «du vet forfengeligheta er det siste som renn tå en kokk og – sopass er kongen og kokken jamlike, han sit på det same kongen som vi, og ingen er så stor at'n itte må bøygje seg. Men no for tia vil alle store vera og ingen sekken bera.

«Ja du vet det,» sa Sevat, han sat drøyen og såg inni elden; «men jadde var det for mye åt some og for lite åt andre. Je mins dei åra je gjette på storgardsetrom. Je blåfraus mangen gang so je kunde itte sette meg ner med' eg åt smultstompen min, og sistpå dagen va' je så trøtt at je [80] heldt meg i kurompa så je itte sku «somne der je gjekk» –

No glytte han Embret upp. Javisst var det hardt åt folk før i tia. Han mintes den tida *han* gjætte, og fekk med seg ei skalete øks til å verje småfee med for skrubben, ikkje større karen enn han var. Og arbeide laut vi frå vi var god-for å halde ambod i neven –

Det var so det, mulla Sevat og patta hardt på pipa. Men so sat dei ikkje på berr bak dei som voks upp på Hallemoen. Og gjekk ikkje tilskogs med eit par svarte stompskiver. Men dei skulde hugse, at husmannshøna kunde verpe, ho og, berre ho fekk mat.

Han Bersven sat og lydde på dei med knepte hendar og hovude på skakke. Ja ja san, det var full so, at sume fekk for mykje og sume for lite, men det var full som Brøttum-gamla sa, ho talde skinkene sine: gud gjer fatig og gud gjer rik, ja gudskje lov og takk – so fær me syne hjartelage vårt. Og var det ingen små, so var det ingen store hell, og det er likare å tene en herremann enn en maur –

Han lo godhjarta. «Og so er det nå det da, vet du, at den som ligg på golve dett itte ned» –

Lisa hadde kveikt kritpipe-stubben og sat samanhuka og bles røyken inn i muren, <sup>18</sup> no nikka ho og mulla halvt for seg sjølv:

«Gull æ gull, um du finn det i dungen – kong Jesus var fødd på strå» –

[81] «Det er rett, mor,» smilte Sevat; gull æ gull, kor en finn det. Han Kont-Ola vart rikaste mannen i dalom her, og han vart gjesta av konger og jeneraler, og æra langt inne i Sverig. Det vart kar som ruvde, endå han kom rekandes landsvegen og hadde all si eign i ein never-kont på ryggen. Og det ha vøre mange slike heruppi dalom».

Han ruska upp i varmen og la på ny tyrirot so det spruta og spraka, og svarte trollskuggar dansa uppetter veggene –

Men no tok han Embret til å pakke upp av skreppa si det som var att av nista ho Goro hadde lagt nedi, og han Bersven rota i ryggsekken sin – no var det full best dei fekk flytje seg burtåt borde –

# Furkunmat og krigs-soge

– segje du det, sa'n Mass le'n Lasse –

Andlite hans Bersven lyste av trivnad og velvære, der han stod og langa upp sjølvлага pylsor av den gamle «feltflaska» si. Denne store matkoppen av handsmidd kopar var dyraste eigneluten hans. På sidone var små hankar til å trø reima i, og på loke ein lysande massingknott. Kor han for hadde Bersven feltflaska si med seg, og pussa var ho, so ho skein som ei sol.

Då han lyfte på loke, anga det gjestebod yvi heile stova, og alle var blide og gledde seg til smaken.

Og Sevat gav seg til å skryte av den gamle feltflaska. Kor Bersven hadde fengje den ifrå?

Men då blenkte det upp i augo på den gamle soldat-kokken. Jau, den hadde vore i morsætta hans alt frå krigen i 1808. Mor hans var ætta frå Aasnes nedi Såler, dei minntest nok det. Og her kunde dei sjølve sjå.

Enno stod namn og årstal greit å lesa. E. R. B. no 33. H. R. Det var so mye som Hofske Regiment. «Far hennar mor var son åt bror hass Bjønn-Ola som var med i kri'n. Han budde tett attmed <sup>[83]</sup> svenskegrensa, og var beste ven med en svenske hette Mass som budde på andre sida – de ha full hørt gjete dei kara?»

Neimen um nokon av dei det hadde – koss gjekk det, tru?

«Jau, no skulde desse tvo ut i kri'n å skjote på enan, men det var dei lite huga på, som vona var. Og gofar hennar mor som stod i bataljonen hans Ræder, han som jaga svensken tvo gonger over grensa de vet, han kjinnte bae desse sellann'. Jamgode var døm til å skyte, og døm gjekk ofte på jagt ihop og delte vinninga, same kven som løyste skote. Men engong gjorde døm mesterstykkje sitt, sikta i kvar sitt auge på en bjønn og råkete bae» –

Embret gapte so han synte heile den tobaksgule tanngarden – «sku du ha hørt» –

«Ja, og no kom døm tel å stå imot enan der han Gahn kom med dalkara sine og skulde jule opp baggen. Og kaften Dreier stod på en stubbe og skaut, so fort som sju soldater ladde. Det var so det hagla inn i svenskeflokken, der'n Mass stod under ei bjørk. Men inni eit kjørr attmed'n Dreier stod'n Bjønn-Ola og kika over åt dalkarom som fjerta og skaut det beste døm vann, døm og.

Og no såg'n beint i syne på'n Mass, som skaut i det same so flis og bark fauk kring øyro has Ola.

«Jaggu trur je du skit med skært au, je,» sa'n Ola og riste ruske tå sei.

No kneglo'n Embret. Ja dessa solungann', non gælningar hadde døm vøri stødt – og itte tala døm som skikkeleg folk hell –

[84] «Ja bi no litt,» sa'n Bersven, «so ska de få høre» – han var so forhuga på å fortelje, at han vart sitjande med ei pylse på gaffelen, og gløymde å legge ho ned på tallikken sin – «no gjor'n Mass teikn, at'n Ola sku legge sei ner i kjørre der han stod. Dermed skaut'n att, og han Ola datt som ein sau og toll-topp og kvist raus ned over'n og gøymde'n. Og der låg'n og lo so godt med seg sjølv.

Men koss sku'n no gjera det med'n Mass? Jau, gjører mod andre hvad I ville at andre skulle gjøre mod eder –

Dæmmerså rugge'n på seg sopass han fekk sikte og skaut ned ei diger grein tå den bjørka han Mass stod under – og der låg'n Mass vel gøymd under lauvknupp som lokta so inderlig godt, dermed var døm baa berga. Låg som steindaude, lea itte en finger før døm hørde tromma og signalhorne langt unda. Da trudde døm krie'n var slut og kraup fram og rusla hematt, vener og væl forlikte som før. Og heme ska du tru det vart glede på kjerling og ungar, som hadde gått hælvdaude tå hugsott for dei som var ute i den blodige kri'n» –

«Ja der sku du vøri med å kokt sluring åt soldatom, Bersven,» lo Sevat.

«Ja du segje no. Men no lyt de smake på nista, godtfolk.»

Han lyfte løke av att og baud ikring –

«Men pusserligste hendingi var at kri'n itte var slut,» heldt han fram; «dei laut berre gjera våpnkvil fordi svensken måtte gå til baggen å låne bly [85] tel å støpe kuler tå. Ja då, dei sku få bly, sa den norske kaften; «for jeg skal sige dig det min

bror', sa'n, 'at vi nett no har sendt en pallementær til eder for at låne noget krud, for *vi* har nettop spellt opp på det slage vi,' sa'n.

Og no dryfte døm saka, og so sa'n det den svenske officer'n, at jamen kunde døm likso godt slutte nå, for nå hadde døm nok fått lånt bly, men før døm fekk støpt kuler tå det, vart det svarte natta og då kunde ingen sjå okken døm sikte på, og då kann vi inte gøra nogon affær med kriget, sa'n.

Baggen tykte bror tala vettugt og treiv neven hans. Her har du min ærlege norske neve sa'n, og dæmmerså vart det slut på kri'en. Og sea åt døm meddag ihop hjå'n Ola Halvorsen på Bjørneby; og hadde med sei den svenske generalen døm hadde fanga og. «For no er kri'n slut og no er vi brør,» sa Bjønneby-gubben, og dæmmerså tømte'n stabure sitt og delte maten likt millom dei norske soldata og dei svenske fangane. Slik var *den* karen. Og du må tru det fanns mat åt mange bataljoner på Bjønneby-stabure. – Ja det æ sannt, eit glømde je å fortælja um'n Mass og'n Ola. Da døm var på hemtur, så tok døm kvar sin daude soldat på ryggen, en svensk og en norsk, inni skogen en stan, og la døm fint ifrå seg attmed Aasnes-kyrkja og takka døm for godt kammeratskap. 'Det va itte vi som skadde dø', sa'n Ola» –

Men nå lyt de gjera ære på kosten; pølsen' ha je sjølv laga, så je vet hå som æ ti døm – hæ, hæ» –

[86] Og dei tok til seg so mykje dei tykte sømeleg, og åt lefsa hans Embret attått. Lefse med nykinna smør so fint som nokon kunde ta i munn. Ho Goro Hallemoen var namngjeti for smøre sitt. Og han Embret togg og smålo for seg sjølv – måtte hugse på'n Mass og'n Ola; han vart i slikt hjarteleg godlag når han fekk ei god rispe attåt furkunmaten –

– Men kva var det no? Hundemål uppi skogen! Lisa tøygde seg og såg ut gjennom glase. Nei – no var det stilt att, og ingenting å sjå.

Men han Sevat fekk uro i seg og såg på klokka med han tok siste pylsebiten. Bersven og Embret pakka i ryggsekkene sine – um det sku' koma framandfolk.

«Der har du jadge ei fin klokke,» sa Embret, som var litt av ein klokke-vølar i grenda si. Han fuska litt både med gamle mora-klokker og lummeur. Ja fin, ja! Skulde tru det. Ho var etter han Klokke-Pihl døm kalla nedpå Hemarka. Slike klokker var kje gjort i Noreg okke før hell sea. Ja, dei hadde då høyrte gjete klokkepresten i Vang?

Han Sevat var so kjær i klokker og alt anna som gjekk tå seg sjølv, og no vart han sitjande og stire som ein unge på den vesle uroa inni klokka, til han såg fossen for seg – fossen og digre kjempehjul som gjekk rundt og rundt og aldri stogga – Ja, fossen gjekk, um en aldri drog han opp, og det sa han høgt. Og menneskja hadde magt til å binde'n og gjera'n til tenar åt seg, um ho vilde – Han Embret togg og jatta med, blunka og var blid, men tenkte sitt. Det var farlege greier, og ikkje [87] at han trudde noko på at det skulde løne seg for nokon å ta opp att arbeide med malmen uppi fjella her. Men *skulde* det no vera noko i det, so fekk ein freiste å ha orda sine frie. Ikkje segje for mykje. Det hende so mykje rart no for tia. Men altfor lett var det å koma burti klørne på spikkelanter. Og han Sevat var no ein vavlekong som hadde dikta ihop so mangt eit eventyr –

Likevel var det so rart med det – ei lita uro sat det jamt att i kroppen etter eventyra hans. Og no dei kunde tala etter ein tråd frå Hallemoen til Hamar fekk ein vera varsam med å slå heilt ifrå seg noko og –

Og små villtankar flaug gjennom hovude hans um store bankbøker og skogsal til vedunders prisar. –

Lisa sat og rugga og lydde på karom og stira inn i elden. «Ja, ja, du kann full bli klokke­makar tå ekvart slag enno du, Sevat. Men vil du finne ormbøle, lyt du vera uppe i solrenninga» –

Han lo så smått. Ho mor hadde rett. Berre han ikkje alt hadde forsove seg!

Ikkje var han av same to, som dei han no gjekk tenar for. Men millom bøndar fekk ein fara varsamt, ikkje brøyte for hardt iveg. Det var seinpløygd åker der – ein fekk ta det med tol. Men éin sup om senna tømde og tunna tilsist. Likevel, keidsamt vart det med slik smådrekking –

Legdgut! Javisst. Men um ho mor var i ulukka komi – nokor *pøle*<sup>19</sup> var ho då ikkje. Og *kven* so far hans var, nokon fant var han ikkje.

[88] Han fann meg som bia finn blomen, sa ho mor. Slik var ho. Lydde liksom på toner støtt, og såg blom og stjerner all stad.

Han vart blank i augom, der han sat. Ho trega ikkje på raclehanan sin, ho mor – såg berre blanke fjørine på han alltid –

Og fekk han levedagane, skulde dei kann hende få høyre frå raclehanan.

Lisa vart sitjande og rugge att og fram – og tala som for seg sjølv. «En lyt våge seg uti,» mulla ho. «Har du sett ormleiken um våren, grys du itte for no' sea. Je såg det engong. Huf gut, det var på hundrad, på tusun! Det kraup og det krydde, kveste og kvisla. Berre en gong har je sett no som fekk augo lenger ut or hausen på meg» –

«Og kva var det mor?» Sevat sa det so stilt som dei var tvoeine i stova.

Og ho svara som dei var tvoeine i verda, at jau det skulde ho segja han, det var ein lått kring mannammunn. «– men sola har snudd so mange gonger sea» –

So vart det gravstilt. Og med ein gong kjende ho seg so mødd og svevnug, trudde mest ho vilde legge seg nedpå eit grand –

Men jessunam! Kva var det? Ein kjukling skreik for live i tune, ei bikkje ulte og kvein –

Han Sevat reiv døra upp – derute stod ein tjukk, turistklædd mann og dengde ein hund! Såg ut som han var galen, raudsprengd, kvit i augo, rasande. Hunden som hadde teke ein vår-kjukling og skambite han, låg flat på marka med den daude [89] kjuklingen framfyre seg og skreik under piskeslaga. So kasta mannen endeleg pischen, tok ein hyssingstubb i lumma si, og batt kjuklingen um halsen på den skamslegne hunden og gav han so ein spark til slut på leiken. Skamfull og blodig drog den vakre fuglehunden seg burtyvi tune.

Ein halvt by- halvt bondeklædd kar kom fram under låvebrua; han smilte brydd, då han såg folk i døra.

Sevat glodde. Jamen var det ikkje sjølve Simen Sundet, den store skoghandlaren frå Elvrom. Men han som dreiv med bikkja var bykar, det såg ein straks. Stygt for han åt med hunden, men det var fårleg å segja noko åt slikt folk –

Då stod Lisa der. «Vil du løyse kjuklingen, din bikkjeflår!» skreik ho, sansa seg ikkje for sinne – såg ut som ei furie der ho stod med håret til vêts og krøkte klør, ferduge til hogg. Ho vilde flyge beint på mannen, men Sevat treiv henne i armen. «Se å få vekk det sinnssvake kvinnfolke,» ropte bykaren arg, «se her er betaling for den lurvete kyllingen din» – Han kasta eit pengestykke framfyre føtane til Lisa.

Men ho vyrdest ikkje sjå etter det, «løys kjuklingen, segjer eg!» ropa ho vill.

«Hold kjeft, sier jeg – hunden er min» –

No var Bersven og Embret ogso utkomne. Embret kvitna i andlite, men våga ikkje segje noko, han heller. For såg han rett, so var då detta sjølve grosserar Mørkel frå Fredrikstad, den store trelasthandlaren, [90] og so han Simen Sundet, stor-rikingar baa –

Sevat freista stagge mor si. Ho skulde ikkje blande seg uppi detta! Ho såg full hå folk det var – og kjuklingen hadde'n betalt –

«Itte det je vet,» kveste ho, og sparka til krona so ho flaug langt utpå tunet.

«Løys kjuklingen, din bikkjepinar, daud eller levandes, so er'n min! Men åt dei ska det bli et rom i helvete, det ska je syte for!»

Då skubba Sevat henne inn, og Bersven steig fram på trammen, tung og breid, glytte ublidt på framandkaren og gjekk so roleg etter hunden, klappa han og skar laus kjuklingen. Og hunden la seg flat, venta pisen att, men kjende ei diger hand som klappa – linnt som ei barnehand –

Grosseraren var gått bakum låven – ein såg på gonglage, kor sint han var, og han gjekk og rengde augo som ein sint stut.

Men no kom'n Simen fram og gav Bersven neven – so lausleg – han var no den han var, og det var han Bersven og. Men han smolla og lo. Han var so brásint soleis han Mørkel, men det stod itte lenge på –

So rusla han burtåt trammen, og letta aldri so lite på den tjukke Elvroms-luva og småprata: «Han har slike rier av og tel, helst når'n kjem tomreipes frå skogen» –

Sevat lette på luva, han og. So dei hadde itte skøti no idag?

«Itte fjøra» –

[91] «Ja, du vet det æ sagte harmeleg det, ja» –

«Å ja. Og du vet en jakthond *lyt* ha dressur» –

«Ja du vet da det –

«Men berre ta imot penga du, han har nok ta døm» – smilte han løynsk. Tok så til å stappe pipa.

Simen Sundet var ein tung og truvælig, bonde og kunde nok soleis på tvomannshand smile litt av grosserar-venen sin.

Men han Sevat sa, at det nytta nok ikkje å by mor hans pengar for kjuklingen. Det var nok helst bikkja ho tenkte på; ho hadde slikt hjarte for dyr –

Då kom grosseraren att; gjekk og røykte på ein sigar. «Ja, så var det altså om dere kunde si os benveien til Buvin gård» –

Han var roleg no; men enno eit grand kvass i måle.

Jau, det hørde so heppeleg, at Sevat skulde neddyvi – um dei berre vilde bie aldri so lite. Og no var det so hjarta hans pikka av ihug – her stod han med ein gong midt i nye eventyr!

Kva vilde desse kara på Buvin?

## Flaumen går –

Det stod tvo ikonn og tamde ein bjønn,  
dei vilde vel ha han for plogen.

«Ja ja, sånn er tidene fru Buvin. Det er ganske som vår ven Rynning sier: skal bøndene holde sig i konkurransen, må de legge driften om og tenke på nye utveier,» sa grosserer Mørkel.

Dei sat kring matborde i storstuga på Buvin og godgjorde seg med det beste garden hadde å by.

Gunhild sat ved borde, brydd og illsvien for maten.

Men grosseraren tok bra til seg, skyfla inn fisk og steik, let fisken symje i «medbragt» Gamal Løten, gullblank i glase som sjølve sola og «nummer et» i dâm og smak. Og kjøte slog dei ned med Gunhilds heimebrygg som dei kytte fælt av, endå bykaren tenkte med seg, at det var noko søtt skval, berre til å gå utom veggen med.

– «Ellers vil bondestanden bli liggende bakefter, økonomisk og kulturelt,» heldt Mørkel fram og svelgde ned ein godbit.

Sevat nikka nøgd. Økonomisk og kulturelt, ja. So sannt som det var sagt. Han snåva litt i det vande ordet, men lettføtt som han var, kom han væl yvi der og. Og no kunde han *det*.

[93] «Se på grannen Deres, Gullik Settmoen, fru Buvin. Han er en av dem som forstår sin tid. Han har gjort glimrende forretninger i skog. Nå kjører'n til skogmøtene nedi dalen i egen bil. Finfint merke. Og han har fått opp nye hus, virkelig førsteklasses, prima tipp topp med W.C. og bad og alle moderne bekvemmeligheter fra øverst til nederst. Og det burde vel også være løsenet for bonden å hæve levestandarden. Vi kjøpte en teig av han nyss – det var tusener i blanke kontanter. Ja jeg unner sandelig bøndene av hele mitt hjecte å få litt lettelser i slite – jeg er sjølv av bondeætt, og vet hvad jeg snakker om. Ja, det kan Simen Sundet fortelle litt om.»

Berit gjekk frå og til og varta upp, stogga litt av og til og lydde. Mørkel snudde seg og såg på henne. «Vi gjør Dem så meget bry, frøken Buvin,» sa han; «vil De ikke sitte ned og drikke et glass med oss?»

Og no vart han liksom endå blankare og rundare. Berit såg på den hårsnaude skallen og den raude fleskerullen i nakken og måtte smile, men sa takk, at ho hadde ikkje stunder nett no. So var ho burte att.

Nei slik var det! Aldri stunder til å være mennesker! «Jeg skjønner fan ta mig ikke åssen dere holder ut, jeg! Ja ja, skål da! Det greier sig vel i enden som repslager'n sa» –

Og so drakk dei og lo, og Gunhild tykte at kvart orde denne mannen sa var gull – endå han var stygg til å småbanne. Men det såg itte ut til han mente større med det.

[94] Signe hadde lurt seg inn og stod attmed døra, der ingen la merke til henne. Ho stira storøygd på han som tala so mykje, og slukte kvart orde som det kom frå Vårherres munn.

«Ja men so er det det da, at vi skjønne øss itte på no' tå detta som går for sei ute i verd'n, vi kvinnfolka,» sa Gunhild; «vi går i rute millom fjøse og kjøkene, vi, og glømme det vesle vi ha lært i skulen tess» – Og augo hennar flakka hjelpelause mot'n Sevat, som sat der blid og blankøygd av drammane han hadde fått.

Mørkel merka seg dette augnekaste, og smilte so smått. Det var so det, ja. Men so var det råd å få; hr. Rynning var altså fagmann. Hadde fulgt med tiden både ute og hjemme. Ja, det var sandelig interessant å se sig litt om heroppi sidedalene. Her stod mye vakker skog enda. Ellers var han kjent i hele Glomma-vassdraget, men sandelig her lå et fremtidsparadis og ventet sin mann –

– Då maten væl var fråseggjort, sette dei seg ved den store åren og fekk seg ein gamaldags varm toddy.

Sevat hadde flidd seg, teke på seg krage og kjøpskor som var for tronge; no fekk han mod til å sparke dei av seg. Grosseraren såg ikkje so lågt lenger, og Simen berre lo og sa, at jamen var det nok å leva om en itte sku ha tronge skor attpå –

Og snart fekk Sevat høve til å syne framandkara klokka si. Og han stira inn i klokkeverket og fortalde dei, kor forhuga han hadde vore på å bli [95] noko slag klokkemakar eller mekkanikker i ungdomen. Men so var det presten da ma. Han var so brennhuga for skogen og jorda.

Og no fekk dei soga um koss presten fekk han på skogskulen. Og endelykta vart, at dei slog frampå um ikkje Rynning kunde ha hug til å bli «betinger» for eit godt firma og få litt liv i skoghandelen oppi her?

Betinger!

Det gjekk ei fysne-båre gjennom Sevat der han sat, og han våga ikkje slå upp augo med det same. Noko slikt hadde dei aldri høyrte talast um oppi her, og han glytte halvt blyg, halvt byrg burtpå Gunhild. Det var som han vart lyft upp i eit vedunderlegt ljøs.

Betinger!

Då vart han som ein liten konge å kalle oppmed Hildra. Og det sta, men godlyndte folke i grenda og lenger ned i bygda hadde vyrndnad for embetsmennar. Og ein betinger var nå messom en embetsmann å kalle for. Ja, kva sa ikkje ho mor idag! Du stig frå stjerne til stjerne du Sevat, sa ho –

Han drøymde seg reint burt –

«Nå kva segjer du?»

Sevat tvinga seg til å sjå roleg ut. Ein måtte agta seg for å syne nokor hugrørsle, kva slag det no var. Og han svara roleg, mest likesæl, at det kunde kann hende vera noko å tenkje på, men – – det var no so, at ein hadde mykje å stå i før. Men som sagt –

[96] «Ja ja – tenk på det. Og skål på det da,» nikka Mørkel –

Og dei drakk.

Og Sevat rette seg. Ja, dei måtte ikkje tru han hadde noko imot sovore arbeid; det var ikkje nett so å forstå hell. Og um han eingong kunde gjeve halve midelen sin for å bli mekkanikker, so måtte dei ikkje tru anna enn at skogen no var største interessa hans. Ja, han vilde segje so stort eit ord, at det åre han gjekk på skogskulen var det beste åre han hadde levd, – for skogen, han var....

Men no såg han, at grosserar Mørkel dubba der han sat. Det runde, hårsnaude hovude var sprengraudt, og munnen stod opin og syntte ein tanngard med mykje gull i. So kvakk han upp att og såg seg svevnyr ikring. Men glase heldt han – dubba so av att.

«Nei no trur je det er kvelden vorte,» smilte Simen Sundet og geispa og tok glase or handa på kameraten sin.

«Det er det han ha vøri så mye uti lufta idag,» sa'n, reiste seg og kremta.

«Det er kvelden nå, Mørkel!»

Mørkel vakna og kom seg på føtene, og litt etter snorka han vidare i den breide dynesenga på bispekammerse.

\*

Sevat vart liggjande i vakne draumar langt utyvi den natta. Han hadde vandra gjenom mange lag i sitt liv. Meir enn ein gong hadde han kjennt seg [97] lik lauken; han skala av seg turre lag, og nye, friske voks utatt innafrå. Rett alt det han hadde lært berre denne kvelden. Han låg og kjende so det mest var uhugeleg, koss eit gamalt daudt skal rengde seg av han –

Dei hadde tala um hovudstaden. Ja, han hadde lukta på den sovidt, då han kom tomreipes heimatt frå det åre på Dakota- preria. Lite moro hadde det vore hjå den norske presten han var dreng hjå der – fruva heimsjuk, vilde heimatt til Noreg, men presten vilde aldri høyre på det øyra. Elles var han mest aldri heime, han, han for og fjakla all stad og treivst bra. Men frå farmen såg ein berre ut i tome endeløysa, ikkje ein stein, ikkje eit vatn – huf nei – glad kunde den vera som kom seg derifrå –

Nei, heroppi dalom, her var det itte verst! Her var det liv og låt i alle ting; det skifte for syne og for augo som bilæti på ti-cent- sjåe i Fargo, der han for igjenom på hemtur –

Betinger, hr. Sevat Rynning... hæ – Dei vona å råke han på Solung-børsen i byn engong, sa dei. Kunde vera mangt å lære der san. Elles var det pokkern ittno ved heile skitten derinne sa'n Gullik, «jinten er so skrinne, at du kann hålede itte sjå bak fram på døm minders du sikte etter broscha» – hæ-hæ...»

Men imorgo vilde han tala ålvor med ho Gunhild, når han kom att frå den skogturen han var beden med på av grosserer'n –

## Frå stjerne til stjerne

Den som vil med ulvom bu,  
han må med ulvom tute –

Sevat var ikkje so lite vonbroten etter skogturen med dei tvo storhandlarane. Dei hadde nytta høve til sjå seg vel um, men dei lest ha meir skog enn dei trong sjølve nett no. Det var noko i vegen burti Afrika ein stad. Durban sa dei. Og dei hadde hogge so mykje nedgjenom dalen siste vinteren. Alle vilde selje, men det var botn i pengekaassa åt dei som skulde kaupa og. Eit firmaskip var gått under i Spanskesjøen og kva pokker'n det elles var som gjorde det – men ikkje nemnde dei handel. Og ikkje nemnde dei meir um betingar hell. So vart det full itno dette åre hell med storhogst uppi her – anna enn på Settmoen. Han Gullik var karen som selde! Fór framum ein som ei vindkule i vegom på den nye bilen sin, kaupte silkekjole til kjerringa og pruta ikkje på prisen. Hadde skipsaktier attåt og tente ustyggeleg med pengar såg det ut til –

Men her sat ein. Grått var det ute og grått inne. Kvinnfolka gjekk der og bala med sitt – budde seg [99] til slaktinga og spann til vinterveven. Upraktisk og dumt når dei kunde kaupe både garn og ty billegare på bua –

Gunnhild var longe leid dette bale, men Berit og ho drog til kvar sin kant. Og ho Gunhild som lest skulde styre var halvredd både dotter si og han sjuende far i huse. Han var messom fan sjølv vorten, var i alle krør og stakk med den forgiftige tunga si. Og her gjekk han Hans bleikfis og ho Berte-Marja og mura seg inne med all den gamle trollskapen. – Neigu um han lika seg her lenger, men fekk vel halda ut denne vinter'n og – til ein fekk sjå, koss det bar iveg burti Durban og neri Fredrikstad –

– Ein dag kom han heim frå bygda og sa at han kunde få fylgje kreturvogn til Krestjan no, var so han vilde. Det var slitsamt, men det var no ei fri byreis.

Og no var han i godlag. Kjende seg fortrudd som ein sjølveigar, men var illsvien og, for det var stort ansvar med å føre so mykje livandes, og dette var no fyste gongen

for han. Elles var det jamt gardbrukarane sjølve som unnte seg ei fri byreis på denne måten.

– Ein blank soldag rusla då godstoge ned gjennom dalen med han Sevat og sauene hans umbord. Han stod i dørglytten og røykte og såg drøymen ut i dei endelause furumoane som gleid framum, Glåma som seig nedyvi i majestætisk ro og spegla små heimar med låge grå hus kring store, stille [100] tun. Under bur og uthus stod vinterdoningen tjyrubrædd og vølt og venta på snøen; det var som alting kvilte millom tvo økter; den grønne sumaren song på siste verse, og den kvite vinteren hadde send sitt fyrebod i sure dagar med storm og snø-elingar –

Men på kvar liten stasjon med små okkergule triste stasjonsbygningar hadde dei ei god stund til å gå ut på platformen og prate med folke. I rad og rekkje etter veggen stod gamle og unge mannfolk med hendane i broklumma og røykte og fylgde med augo alt som gjekk fyre seg frå det tunge toge gleid inn og til det pæsande og prustande drog seg ivegen att – søryvi til den store verda, Hamar og Krestjan.

Denne vesle stunda kom live på vitjing til dei, og um det var ein ukse som skulde inn på kuvogna, eller ein handelsreisande eller ei appelsinkasse og ein margarindunk som skulde ut – like upptekne var dei av det.

Sevat smaug seg ut når han kunde, letta godlyndt på luve-skjolden og helsa og slog seg i prat med den fyste den beste. Spurde etter høyturk og feprisar og nemnde koss det var nordafor med eit og hitt –

Sume stader var han so heppen å råka kjenningar og, og der heldt han på å bli att, so konduktøren måtte ropa han inn.

Og inni vogna song han upp med ein trillande sautrall til dei firbeinte felagane sine og fekk seg etterpå ein blund på høysekken sin.

[101] Da han vakna att, var dei på Hamar. Toge skok og riste seg so han trilla ned i ei mylje av brekande vitskremd sau.

Lufta var stinn av ram dyre-eim, og det tok tid fyrr han sansa kvar han var.

Men endeleg tumla han upp og fekk døra på glytt so han kunde få puste, og no storma dei stakkars dyra på og vilde ut. Tronge, myrke fjøsrom var dei vane med, men eit fjøs som rulla avgarde med dei og skrangla og riste seg og hadde kramperider var ei ny og fælsleg røynsle. Og fyrr han fekk sukk for seg, smatt tri ungsauer ut millom beina hans –

Ein augneblink stod dei der og stira, sette so i villt tråv burtyvi banetomta.

Sevat fekk klemt seg ut og dregi døra att, og no vart det sauejakt! Sjølv sprang han fyre, og nokre banefolk etter. Ein liten folkehop på platforma vart standande og stire som ein fjetra feflokk, sette so brått i å læ! Dette vart nok moro for mange pengar –

Ein breidvaksen kar med børsa på ryggen sprang etter Sevat. «Ska je skyte?» ropa han. Då var dyra langt burtpå lina, der hurtigtoge var ventande.

«Skyt i guds namn!» svara Sevat. Då stupte fysste sauene, og dei andre byksa utyvi skråningen mot Mjøsa, der dei vart fanga av ein mann som kom framum med båt –

Med god manns hjelp fekk han dei tvo livande <sup>[102]</sup>sauene inn i vogna att, og selde den daude for ein billeg pris til han som skaut –

Men då han kjende toge rusle iveg neste morgon var han glad, for den natta på Hamar var lang, der han låg millom sauene og ikkje fekk blund på augo for harm. Sanna hadde han fått, at skam og skade fylgjest åt, og lenge skulde det bli fyrr han tok bytur på krøtervogn att, det svor han på –

# I eventyre

Det stend ei bjørk i Bjålandstune  
ho blikrar med lauve på;  
det kvite hadde eg esla meg,  
det svarte mone eg få –

Det hadde vore storkrig ute i verda; civilisasjonen hadde gjort sitt meistarstykk, og millionar var drepne, med' andre millionar svalt ihel; folk livde som usselt fe, der jorda var grøderik som paradishagen. Hendane som skulde arbeide var tekne til storblote for tidens gudar –

Men i dei små nordlanda sat folke i ro og avla mat til slaktarane og hogg skogen sin til å fyre under blot-kjelane med. Prisane dei fekk for alt var eventyrlege, so jamvel den rolege øysterdølen miste vite og vart jobbar. Alle som kunde lyfte ei øks fekk arbeid og tente store pengar, bøndane vart spekulantar, grosserarar og «godseigarar», og sønine deira ingeniørar, disponentar og direktørar. Det store ideale for ungdomar vart «generaldirektøren». Tilsist vart det som ein åndeleg St. Veitsdans breidde seg i alle samfundslag; ingen åtte lenger ro eller nattesvevn for berre gulldraumar.

Litt tid tok det fyrr dei små fjellbygdene kom med i leiken, og ikkje alle vart galne der. Men det <sup>[104]</sup> var mange nok, um det enno var etter måten roleg uppi øvste norddalom.

Men di lenger Sevat kom sørretter, di meir fekk han kjenne, at lufta var ladd med ei fengjande uro. På stasjonane flaug folk på han og kviskra so mykje som han snautt skyna.

«Smør?» sa dei og blunka. Og «ost» sa dei, og vilde stikke pengesetlar til han.

Han vart mest rædd og skunda seg inn til dyra sine att.

På stasjonen i Oslo vart det endå verre. Folk nappa i han og var blide. Men so rare i augo. Mest som galne. Og dei baud prisar som enno ingen oppmed Hildra og Sirilsjøen hadde drøymt um.

Tilsist måtte han mest røme, for å bli dei kvitt –

– Det fyrste Sevat måtte gjera i byen, då han hadde levert vogna, var å kaupe seg klæde. Ikkje kunde han syne seg på «Solung-børsen» i den munduren han hadde sove millom sauom i. Og innom der vilde han. For det var ikkje berre i Sant-Hansmarken det var folksamt der, hadde han høyrte. Kann hende ein kunde slompe burti både han Simen Sundet og grosserar Mørkel der, og dei kara var han huga til å prata litt med att. Etter alt han hadde høyrte gjekk det for seg store ting nedi her nå, og kven visste – kann hende kunde han endå bli «betinger». Eller eitkvart anna so burtimot, til dømes disponent for noko slag forædlingsfabrikk –

Og so fekk han kjend fylgje i by'n, og vart kanskje beden på middag – dei såg ikkje på skillingen slike karar –

[105] – Det stod ein flokk tungklædde karar i hotelgangen då Sevat kom inn blank og nyraka i duveblå dress frå Brødrene Dobloug og det fine amerikanske gullkjede sitt utanpå vesten.

Han strauk av seg hatten, som ogso var ny og duveblå, og gjekk blid og halvt blyg burtåt kara, som han straks takserte til storelv-døler. Fine var dei, og stod messom so stødt på fotom. Eit par av dei yngste hadde bysving på seg, likevel såg ein dei var bondegutar.

Men Sevat kjende seg ikkje mindremann, no han var ny og duveblå all igjenom.

Duveblå!

Han hadde gått og kjæla for dette orde på vegen frå hotelle i Vognmannsgata, der han budde. Han såg heile Sirilsjøen når han sa det – det var mest so ein måtte syngje det –

Han helsa inn i flokken og sa gudag, men dei var i slik morosam prat, at dei aldri ansa han. Berre ein som stod litt for seg sjølv, letta sovidt på luva.

Dei prata um ein fest dei hadde vore på igår og lo og minntes. Millom dei sat ein breid, raudleitt kar ved eit lite bord, slørøygd og ufsen, i tung bakrus.

«Champanje nummer en, huf gut!» lesa han; «det gryt i meg» –

Ja, han Mørkel spara ikkje! Det vart ein langdrug middag, men so vart det og storhandel!

Og no tok dei til å diskutere prisar.

Han Sevat lydde so øyro stod på stilkar. So <sup>[106]</sup>var han Mørkel i byen! Budde på Grand. Då var full det endå finare enn her.

Han som sat ved borde, heldt seg for skallen og tok til å tala halvt for seg sjølv um ein køyretur. Alle bilar som fanns i byen! Ha – ha – ha! Ja slik moro! Han la seg flat yvi borde og lo so han hiksta –

Då våga Sevat seg til å spyrja ein av dei unge, um det var han Mørkel frå Fredrikstad, som var i by'n? Og den ljoshåra guten svara pynteleg at det var han, ja. Men no var'n reist. Han hadde som eit slag seng i bilen sin, so han køyrde både natt og dag, han. Um Sevat kanskje kjente grosseraren? Jau, det var kje fritt. Og Sevat fortalde at han nok hadde havt den karen til nattegjest nysst.

«Okken som spanderte, segje du?» ropte ein i flokken, og peika på den unge mannen Sevat tala med, «der står syndar'n!»

Alle bila som fanns i by'n! Sevat berre glåpte; det var som han hørde eventyr.

Den unge mannen smilte berre so smått, slog opp ein fin bisamfora bilfrakk og såg på klokka. Han måtte sjå til å koma på heimveg. Men fysst skulde han eit snarærend uppi by'n. Han hadde glømt, at han skulde kjøpe eit nytt pianoforte til fruva si. Dei tvo gamle stod på salen, men ho vilde ha eit nedanunder no tel vinter'n. Ho var komen frå ein storgard nedmed Mjøsa, hadde vore i Tyskland og Paris og lært pianospel, og visste kva ho vilde. Ho kunde ikkje «legge musikken på hylden» um ho gifte seg på ein bondegård.

<sup>[107]</sup>So sprang han ut med ei flott rundhelsing og kasta seg i den store bilen som stod utanfyre og dura oppyvi Carl-Johan.

Men han som sat ved bordet rumla med sitt. No var han like fan glad okken som spanderte, han vilde berre veta korr i helvete døm hadde vøri hess? Han glodde glasøygd, var ikkje kar om å hugse non ting –

Då kom ein bleik glattkjemma mann med gullsnor på kragen og spurde Sevat, um det var non han ønsket å treffe?

Nei – jo, han unterst berre på um han Simen Sundet frå Øysterdalen var der no?

Men nei dessverre –

Og mannen med gullsnora snudde fort ryggen til og gjekk inn i eit bur, der han hadde ein disk med store bøker på –

Då snudde ein i flokken seg og såg på Sevat. So han vilde treffe Simen Sundet? «De er kann hende skoghandlar De og?»

Dei små blågrå augu tok mål av Sevat.

Men Sevat drog på det. Han var ikkje akkurat det heller men –

Dei kom i prat, og Sevat fortalde kor han kom ifrå og at han vonleg vart betinger for eit firma snart.

«Jaso du er østerdøl,» sa mannen; «je hadde elles taksert deg til solung, je, for du ser meg ut tel å vara snøggar' i snu'en enn østerdølen pla vara» –

Han lo godlyndt, og Sevat tok ikkje ille upp [108] den takseringa. Han såg den andre truvæli i augo og sa, at kor han var ifrå hørde ein no på måle. «For je æ nå mæssom hælveges hemærkjing og je – ha elles føri no' kvar stan millom Mjøsa og Røros, og kain æille målføre ned gjønno dalom – og litt amerikansk attpå.»

Dette tykte nok hemarkingene var morosamt, og han drog Sevat med seg inn i kameratflokkene sine, og det enda med, at han vart med dei på Royal, der tvo av dei budde.

Og aldri hadde Sevat havt so gild ein kveld. Det vart mat og øl, og tilsist gjekk dei på ein overlag gild stad, dei kalla Dovrehallen og tok seg ein pjolter og hørde på song og spel og mange slag moro. Men dei vart snart trøytt, og «desse jålutte jinten» som sat og lo og nikka til dei, vyrde dei ikkje; det var tømmerprisar som sat i hovude på dei kara, og dei passa setelboka si –

Men Sevat vart tilsist so modig, at han tok til å tala um storfossen, og all den rikdomen som var i fjella nord i dalom. Og la fram ein morosam plan um å «kanalisera» Glåma, so tømmer skulde gli heftfritt frå øvst i dalen til Fredrikstad so glatt som i søt mjølk –

Dei tykte han var ein snodig kar, og tok til å spyrje'n ut, og Sevat gav ei skildring av fossen og skogen og fjella uppi bygda si, der draum og hugsviv rann ihop med det røynelege, og det lyddeest som all denne herlegdomen var hans –

Tilsist spurde ein liten breid kar med gløgge ljose augo som sa seg gardbrukar frå Valset, okken [109] som åtte denne merkelege fossen? «Er'n din?» sa'n, og såg heller

vantru ut.

Sevat reint kvakk. Og i ein augneblink såg han Buvin-kvinnfolka for seg, og sa med ein løyndomsfull smil, at han var itte akkurat det hell men. – Han hadde lært seg at ein aldri skulde svara ja, ja og nei, nei, men halda noko for seg sjølv og. –

Men han var trøytt og tung i hovude av øl no, og var likesæl um han slapp laus. Det tok til å sige so mange slag tankar inn på han. Han hadde visst sagt noko um at dei var tvo um fossen, og dei måtte tru han var den eine. Men skitt, det som ikkje var sannt idag, kunde bli sannt imorgo –

Men no vilde han ut i lufta; det var berre um det han vart låk i denne stinne lufta – tvi, det var verre enn i krøtervogna!

Men koss det var sat han litt seinere på rome til Valsetingen med tvo av dei andre og spela kort. Han vart kvek att, då han slapp ut i den svale nattelufta, og no lo dei seg mest ihel av han. Han vart på ein pisk, og sette upp alt det han aldri hadde ått, gard og skog, ja hestar og kyr, og tilsist sjølve storfossen. Og då han hadde tapt den, slo han i bordet og sa, at no sette han pinedø upp kjeringa si! Hadde dei spela av han det andre, so kunde dei ha henne og!

«Je syns du sa du var ungar, je,» sa makker'n hans.

Jaso, hadde'n sagt det! Ja, en sa so mykje. Men det en itte hadde, det kunde en fulla få –

«Ja kjering lyt du ha, kar; det æ no tå det <sup>[110]</sup> likaste en har på en gard det. Men kor helst ligg på lag gar'n din uppi der da?

«Det skil dei itte – spell ut, segje je! Og syn itte korta dine åt denna luringen der!»

«Pass dine eigne kort du,» sa han som vart kalla luring, «døm kunde je sjå hele tia var so je for med slikt fæinteri. Men tjuv trur kvar man stel. Je ser nok du sit og vrenger glugga dine etter korta mine din kvelp» –

«Ja var det itte det je såg at du var blingsete,» lo Sevat; «stikk den!»

«Je trur itte en døl på maska, um ho er æiller so blank,» humra hemarkingen.

Men no sette Sevat upp skøyerfjæse sitt. «Vet du hå gammelskrivar'n vår sa eingong – nedpå Hemarka, der er døm itte kristna ennø der, sa'n, og da blir døm det fell itte hell» –

Men no sa han som Sevat hadde vorte besteven med, at det var på tia dei gjekk. Dei sku tileg upp, og han for sin part vilde no sova ei stund.

– Det tykte Sevat var det mest toskute prate han hadde høyrte. No var det ræmen ruske so morosamt, at –

«Nei kom nå,» sa den andre. «Je ska følgje dei til losi ditt, je – du kunde koma ut for kvinnfolk.»

Det var kar som stod like stødt på føtenn' det, ja Sevat tykte han var som eit lite tett fjell, der han stod framfyre han. Fysst vilde han skuve fjelle unda. Men med ein gong lo han fjollutt – «blir du æiller full, du da,» lespe han, og gav seg yvi – «du har pinade bælma ti dei bra du og» –

[111] Og karen slapp ikkje Sevat fyrr han hadde'n væl i hus, men sa med seg sjølv at denna var for toskutt tel å gå laus –

– Dagen etter sov Sevat lenge i det vesle myrke hotelrome sitt. Som væl var hadde han fritt opphald i tvo dagar og fri reis hematt tå slakterie. Men jamen var det gildt folk han hadde råka, denne Even Berg som fylgde'n heim hadde han hug til å treffe att – snild kar!

Men huf, kor vondt en hadde i hugu –

# Heime att

Det er kje fugl alt som flyge vil –

Var det moro i byen, so var det mindre moro å koma heimatt.

Fysst var det oppgjere med han Embret for den skotne sauene; det var eit «privat regnskap».

Han Embret tok det som ein tek ei onnor rispe. Sovore var sagte snøgt gjort. Men etterpå sa'n noko anna til ho Goro, kjerenga si.

Han Sevat hadde gjort berre moro av det, so dei laut læ, kor gale det var, og god betaling la'n på bordet, med' han song og tralla og trødde takta.

E va ein liten gut,  
e gjekk og gjette sauom;  
sauom etter dalom sprang,  
e sprang ette hougom!

Men då denne løgne grannen dei hadde fengje uppi her, væl var utom døra komen, riste Embret på hovude – og slikt skulde styre ein gard....

Møte sitt med opplendingane dikta ogso Sevat um, sopass han Embret ikkje skulde få noko å segje der. Det hadde vore eit «lærerikt» møte, og omframt gilde karar alle. Karar som hadde greie på handel og gav'n gode råd både med eit og anna i [113] trelast-brangsjen. Sannt var det altsaman, men han tala ikkje um, at han hugså fælt lite dagen etter, anna enn det, at det hadde vore moro for mange pengar –

Ikkje fortalde han stort um den huglege kvelden på Royal til Gunhild heller. Nemnde berre at han råka nokre karar som baud'n på eit glas øl, og tala på dei store skogprisane. Men elles hadde det vøre en trevali tur, ja. Og han var glad dei no hadde seld siste sauene sine på Buvin. Det var upplagd tap på 30 kr. for åre å halde sau, hadde sakfører Hansen nedi bygda rekna ut. Klæde fekk dei billegare og meir tidhøvelege hjå handelsmannen, og sauekjøt var ryr og dyr mat –

Idetheile bruka Sevat ofte orde tidhøveleg. Og Gunhild lika framifrå godt dei nye, duveblå klæda hans, og sanna, at det var mykje stræv med heimeklæda.

– Men etter denne byferda gjekk Sevat meir i draumar enn nokon gong. No hadde han vore med eine beine innafor ringen der storkara spela seg, og det lysste honom hardt å koma etter med det andre –

Men fyste natta etter han var heimkomen, hadde han ein sæl draum.

Han var lastehandlar og sat på Victoria og drakk svensk Banko med ein grosshandlare frå Gøteborg. Og grosshandlaren sa: Vil ni vara min betingare, hr. Rynning? Og alting var duveblått, og det enda med at dei gjekk arm i arm og song inni ein endelaus skog –

[114] Ikkje mange dagane etter strauk han nedi bygda att, og ho Gunhild tykte det var som han hadde noko dernede som han løynde for henne. Han var ikkje lik seg lenger, stundom vart han burte natta med, og han tok seg so lite av garden, at ho måtte segje frå til han. Berit og tenarane gjekk der so sure og stinne av spitor, at ho kvitte seg for å gå tilbords med dei.

Men då ho tala til Sevat um eit og anna som var ugjort på garden, vart han sint. Var det so ho ikkje var nøgd, so...

Nei, han måtte ikkje mistyde henne. Men han skyna sjølv, det var kje greit for henne som ansvar hadde –

Ho var heit, der ho sat. Um han fann på å stryke sin veg. – Nei, ho torde ikkje tenkje på det. Då vart det so stuslegt her, at ein kunde gå i grava – ho kjende det so det sveid no, at misse han kunde ho ikkje. Men ho våga ikkje tenkje på alt han fann på av nytt heller; det var som å gå ut på nattgamall is.

Han hadde vekt voner i henne, sett uklåre tankar i sving; ho greidde det ikkje åleine. Og ho gjekk der og bad til Gud når han var burte, men visste ikkje rett kva ho bad um. Tilsist fekk ho nerverider so ho gret.

Og denne svarte fyrejulsvinteren med barfrost som skifte på med slabb og sørpe i tun og vegar, tok på både folk og fe –

Eit par gonger vart ho med nedyvi. Det var som ho livna upp berre dei kom utom tune. Burt frå [115] «Gubbstugu» som han Sevat kalla likkista, og burt frå andlite hennar Berit og augo til tenarane –

Nedi bygda var alting lettare. Handelskara og hotelverten var gilde folk av god bonde-ætt alle, trygge og rolege, prata um sams kjenningar, og skyldfolk. Ja, hotelverten, han Halvor Hougen, var mest skyld i kvar gard uppetter, når han tok til å rekne etter. Og jamen var'n skyld Buvinfolke og, det skulde han forklare ho engong han fekk stunder. Ja, å koma inn til han Halvor, det var som å vera i gjestbod.

Og so ljust som det var dernede! Elektriske månar ute og inne; ein slapp bruke fjøslykt når ein skulde utum stovedøra der – og krake seg ihop kring åren eller ei lita parafinlampe –

– No gjekk ho her og venta.

Ute var det kolsvart; inne var det stusleg. Når han Sevat for soleis burte, kunde ho kjenne det som han hadde all hennar velferd i si hand. Men koss skulde han få utrette noko her, når dei ikkje våga tru seg til han? Ein gong hadde han sagt, at ho vanta våge-vit og vågemod. Og det var vel gudbetre sannt. Desse tvo som gjekk her, ho Berit og gubben magtstal henne. Bundi var ho, no som då han Tollef levde. Dei tri hørde ihop. Einsleg hadde ho vore frå fyste dagen her – hadde gått der og beintfram vore rædd dei –

Kveldsvorden var fråseggjort, og ho vandra kvilelaus att og fram i det store kjøkene.

Han Hans sat med ryggen til det store langborde og las i blade sitt, ved det gulblakke ljose frå <sup>[116]</sup>ei lita taklampe, og Berte-Marja vaska upp matkoppen. Ingen av dei mælte orde, og det var sløkt på åren. Signe hadde stole seg ein ljostubb og lurt seg upp på lofte med siste boka han Sevat hadde lånt henne. Ho het «Skud i natten», og handla um elskhug. Og bilæte på titelblade var fagert som ein draum.

Berte-Marja lika seg ikkje; her var so stusleg, at ein mest fekk vondt for bringen. Og ho sukka og tok eit ramvedtre og la på varmen, so det fata og blenkte upp rome. Tok so rokken og fekk han til å syngje med alle sine mål. Elden og arbeide og kaffikjelen var den visse trøysta i slike stunder –

Men Gunhild såg ikke glime i Røros-koparen, kjende ikkje at alting vart levande att ikring – for henne tyktest det like daudt og dåmlaust. Ho lydte berre etter duren av køyredning –

– Då kom Berit, velklædd og frisk i hamliten som etter ein tur. Gunhild såg på henne, men spurde ikkje. Og litt etter hørde ho køyreduren –

Hans treiv luva si – fekk full' ut og ta imot hesten. Glytte burt på Berit og sukka uvitande. So ven ho var ikveld –

Men Berit snudde seg frå og hengde upp hovudplagge sitt. Ingen mælte orde; men Berte-Marja sette kjelen attmed elden att, ubeden.

Ho var ei djerv møykjering i femti-åra, hadde vore budeigje på garden i tjuge år, stelte fjøse som sitt eige og hadde som eit yvi-tilsyn inne og, for det var som dei unge tenestgjentene hadde meir respekt for henne enn for Gunhild, som var lite sterk.

[117] Dugande var ho i alt arbeid på ein gard, men meistar var ho i fjøse. Ho hugsar når kvar ku var fødd og kunde stelle dei so dyrlækjar sjeldan og aldri hadde noko der og gjera. Men fienden var Sevat, han som gjerne selde siste kua, fekk han rå.

Då borde var duka, gjekk ho sin veg –

Men Berit lyfte rokken fram att og sette seg til å fingre med tråden.

Ho var so rak der ho sat, og augo hennar var kvasse av trass og vilje.

Gunhild glytte på henne. Det var noko i åsyne til den unge gjenta ikveld som skremde henne. Endeleg spør ho: «Har du vøri nord i galom?»

Og Berit svara so fort og fast, som ho berre sat og venta på dette spørsmåle. Ja, ho hadde so. Han hadde sagt det far hennar fyrr han døydde, at vart dei rådville med noko, skulde dei samrå seg med gode grannar, og helst med han Embret og han Arne Vestgard, som formyndaren hennar var. Og no var ho rådvill vorti og hadde vore hjå han Arne.

Gunhild seig ned på benken. Kva meinte ho? Hadde ho...

«Ja,» sa Berit, og no skalv ho i måle. «Eg vet kva'n Sevat driv med; det ber mot storhogst, og du hev ingen spurt tilråds, so fekk eg gjera det. Eg hev ein rett her, eg og, som odelsgjente skal vera» –

Gunhild bleikna, men Berit hadde meir ho måtte få sagt, og no hasta det.

«Det er ikkje alle som trur han Sevat er fullvaksen nok til å rå for alt her. Dei beste uppi her agtar seg for å skamhogge skogen, um prisane er [118] aldri so bra no ei rid. Det kjem folk etter oss, sa'n Arne – men her vert lite tenkt på det» –

Ho beit seg i lippa og bråtagde. Slik hadde ho aldri tala til mor si fyrr. Men no var ho so rædd. Kjende det som ho stod på ytste fossestupe, og vegen heldt på å gro att bak henne. Kallen spela i djuve, det lokka og lokka.

Gunhild fekk ei harme-rid, so ho tok seg til bringa og seig ned på krakken. Hadde dotter hennar rennt rundt i galom og bore henne ut millom grannefolke! Det var noko so beint imot all folkeskikk, at ungen måtte vera sjuk og sanselaus! Ho fekk seg snaut til å tru det, men der sat ho og sa det, og blygdest ikkje!

Då var Sevat i svala. Ho reiste brått. «Du tegjer no, so du vet det. Fær han vita dette, so stryk han, og då fær du sjå» –

Dermed skunda ho seg inn i stova. Var for uppskaka til å møte han no.

Derinne seig ho beint ned på vedkassa attmed døra. Hjarta hennar dulpa som ho var støkt av udyr, og hendane skalv.

No fekk dei noko å renne gardimillom med. Måtte dei ikkje tru både eit og anna, når ho Berit, som elles var tagall nok, for åt slik? Ho hadde same harde trassen i seg som faren. Han hadde ho vore rædd stødt, og meir og meir kjende ho seg no skræmd av dotter hans. Ja for hans dotter var ho. Dei var som svartfjelle båe –

Anleis med han Sevat; når han steig yvi dørstokken var det som allting letna. Men so skræmd [119] var ein, at ein snaut våga sjå på han, når dei andre var tilstades. Det var som dei hadde vargaugo alle –

Men no var han i kjøkene. Og han høyrdest so lystig, song upp so det var som ljøs kveiktest i heile huse. Lo og prata. Han kom som eit driv stødt –

Men ikkje våga ho seg inn.

Men straks etter dura rokken. Dura som ein domedag.

«Nei no, Berit, lyt du stogga rokken eit grand,» ropte han.

Og duren bråstogga som nokon hadde rive tråden. Då rømde Gunhild inn i kammerse og kasta seg på senga – no bar det vel ihop med dei tvo – Gud hjelpe henne sosannt –

Men fyrr ho sjølv visste det, var ho uppe att – måtte innatt, måtte hindre dette som ho gjekk i angst for so lenge. Men då ho kom til døra, orka ho ikkje gå inn, vart berre standande som fjetra og lye –

Men derute hadde Berit slege vekk ei hand som vilde burti rokken.

«Du kjem som verda stod på ende,» sa ho kvasst og skalv enno i måle.

«Ja, verda står på ende, det er det ho gjer, og her sit de i haugen og spinn!»

Han var komen tett innåt henne, men ho såg han burt. Då drog han på akslom og tok ein likesæl sving frametter golve. Vilde frøken Buvin vyrdest høyre på han litt, so skulde han fortelje henne eit eventyr! Her i brystlumma hadde han eit papir som berre trong underskrift. Forskot å få på skog no, [120] kva dag dei vilde. På heile Rustvangen um so var! Fem tusund, titusund! Det var berre å skrive under. Heile Buvin kunde bli uppattnya, husi, reidskap, alt!

Augo hans lyste, og han var ikkje heilt stø på føtane.

Og atter kom han svingande burt mot henne, bøygde seg brått ned yvi henne og tok eit fast tak um armen hennar.

«So stogga då den rokken for svarte! Du er so vakker ikveld, Berit! Høyrer du!»

Og no var han so mjuk i måle, at det var som han gret, klemde hovude hennar innåt seg og kviskra: «Var itte slik mot meg, Berit. Je er so glad i deg – har vore det frå fyste dagen! Je er den je er... du skal få sjå...»

Han heldt henne, so ho magta ikkje fri seg. Han tagg, han var som ein unge, som ein galning – skifte hamlit og vart bleik som han vilde uvita –

«– det er du... du...»

Han fann munnen hennar og kysste henne sanselaus –

Eit ørlite sekund kjende han koss ho vart mjuk innmed hjarta hans, og han kviskra namne hennar i siger-ørske.

Men då rette ho seg so brått, at han tumla mot åresteinen, og rokken ramla i koll –

Ho sansa seg ikkje fyrr ho høyrde måle til Gunhild.

«Kva i Jesu nam» –

Men Sevat reiste seg med ein fjollut smil.

Ja, det var sannt som ho Berit sa, ja, han var <sup>[121]</sup> eit grand full, men ikkje verre enn han kunde gjera rett for seg. Og no skulde ho gjera væl og høyre på han. Det var kje småting som stod på. Det var meir enn eit kuverde som stod på spel denne gongen –

Han kasta seg ned i benken og saup etter anden. Gunhild stira. Hadde han slege seg? Han var so underleg i augo, at ho vart rædd.

Men han lo. Slege seg? Var det likt –

Og han tok til å famle upp setelboka – «og no ska' eg syne deg papir som...»

Berit stod og reiste uppatt rokken. Stod roleg og greidde snora som var sprunge av, smøygde ho på hjule att utan å sjå upp.

Gunhild såg frå den eine til den andre.

Papir – jaso... var kannhende best å vente til morgondagen med det, ettersom det såg ut. Mæle var kaldt og kjøvt av gråt. Aldri hadde ho vore so rådvill og hjelpelaus. Kva var det med desse tvo! Då stelte Berit rokken burt og gjekk. Og no bar ho hovude so høgt att, at Gunhild berre vart standande og stire. Men Sevat såg ikkje upp – Men då ho væl var ute spratt Sevat upp. Hæ – skulde det no vera livsstraff for å velte ein rokk og, so vart her ikkje verandes –

Ho såg upp. «Nei, du vet det, men –

Han såg raud og ruskutt ut, men tyktest heilt ædrug no. Og ho freista slå det burt. Ho Berit var so brå av seg, men det var no ikkje so fårleg meint. Og ho bad han tilbords og vakta på andlite hans, for no var han vreid.

<sup>[122]</sup> Han slengde seg ned i høgsæte, og tok imot utan takk. Berre då ho kom med ein tallik tjukk kinnerøme slakna andlitsdraga, og han sa ho skulde ikkje bry seg. Det var longe nok åt han –

Men etter maten vart det so dei sette seg ved borde, og han tok fram brev og blad og lister. Og Gunhild kunde ikkje lenger tvila. Det var reine skire toskeskapen å ikkje selja no, slike vilkår som vart bode.

Dei vart sitjande lenge. Og tilsist hadde ho underskrive dødsdomen til Rust-teigen.

Ti tusen kroner!

Dei flutte seg inn i stova, og Sevat kom på, at han hadde ei flaske portvin uti karjolskrine.

Det var stilt i huse no, og dei sette seg bortåt omnen og hadde den store vedkassa til bord. Det var so hugleg med ei god bjørke-skie i omnen alt. Kveldane var kalde. Og det lyste gjennom trekkhole som eld or ein trollkjeft, og dei prata innpå mangt og mykje både for notid og framtid.

Gunhild lika den søte vinen, og ein slik handel dei hadde gjort ikveld var noko so storfeltt, at ho var som i ei onnor verd.

Det sveiv henne i tankar, at slik ein kveld hadde ho aldri havt med han Tollef. Og likevel hadde ho sakna han. Einsleg vaka, einsleg sova var lite ved. Ein visste ikkje kva ein mann var fyrr ein miste han. Snild hadde han Tollef vore, på sin måte, og god å stø seg til, og aldri skulde ho gløyme kor veik ho vart då han fall ifrå, men –

«Drikk, det gjer deg godt,» sa Sevat.

[123] Men no varde ho seg. Visste ikkje, um ho trotte meir. Ho vart messom so rar.

«Du slit for mye,» sa Sevat, «berre drikk, so søv du so mye betre. Det er itte kvar dag det kjem ti tusund kroner flygand – skål» –

Og ho drakk varsamt og sa, at sagte gjorde det godt men –

«Du er nå berre ungdomen endå,» sa han og glytte burtpå henne. «Skulde full ha litt hugnad, og itte berre sorger og bekymringer» –

Men no brast det for Gunhild. Aldri hadde ein mann fyrr fengje munnen sin til å segje so pass åt henne. Og no gret ho. Ja, ho måtte gråte. Det vart messom so for mye av godt –

Då drog Sevat stolen sin burtåt henne og tok hovude hennar innåt aksla si. «Å nei stakars dei, græt du –»

Men no var ho so hugmjuk og kløkket, so uppøst av sinns-rørsle, at ho vart liggjande og hikste innmed aksla hans.

Han strauk ho yvi håre, og sa det var fint hår. Visste ikkje anna å segje –

So la han hovude sitt nedåt, og let augo att –

Og den natta kraup Gunhild Buvin som ein myrkrædd unge inn i armane på ein sterk mann att. No hadde ho fengje ein stonn å stø seg til og takka Gud. *Han* hadde set kor veik ho var.

## Det leikar ein leik –

Fisken uti fagran vatni  
og ikonn uppi tre;  
alle so heve dei makemann,  
men ingen so heve eg –

Utpå vinteren laga dei til brudlaup på Buvin. Ikkje so at dei stelte til gjestebod, men det var sumt å greide med lel, der brura var enkje og hadde tvo døtrar.

Det var kome pengar tilgards, og i skogen song øksehogga dagen lang. Tidt og jamt var det framandfolk på garden, nye gjesterom var innreidd, stova hadde fengje ny husbunad med sofa og mjuke stolar, og det gamle husorgele var umbytt med eit pianoforte, som Gunhild hadde kaupt etter ei lensmannsfruve ho kjende frå misjonsmøti. Signe var send til Hamar på skule, og skulde der lære seg å spela samstundes.

Men Berit flutte uppi koven hans gofar, sa berre, at so lenge han livde, vart ho verandes der.

Elles fekk dei ikkje mange orda av henne. Ho gjorde sitt arbeid.

Berte-Marja vilde flytja, so snart ho skyna koss det bar iveg med Gunhild og Sevat, men Berit fekk <sup>[125]</sup> henne til å bli. «Vi er nå fire,» sa ho. For Hans gjorde ikkje teikn til å fara.

Ei ny inne-gjente var komi, og Gunhild kunde ta seg meir fri. Ein fast dreng til var og komen, og Hans var no husbondskar å kalle. Elles var huse jamt fullt av skogsfolk og handverkarar, so det vanta ikkje liv.

Men Sevat var mest på reiser. Det hadde vorte so mange slag forretningar. Og ein dag fyre jol henta han mor si ned til Buvin, ho måtte vera der til han fekk vølt take på stova hennar, sa han, og då vart ho med.

Men ein dag uti januar strauk Gunhild og han nedyvi, og endå ingenting var sagt, visste alle dei som heime var kva som skulde gå for seg –

Dagen lang gjekk folk ut og inn og ståka med mat og kaffikoking, og han gofar tråva ikring som ein elg på garden og i skogen og var sint for alt han såg. Lisa våga ikkje syne seg for han.

Men um kvelden sat ho ved åren i kjøkene saman med Berit og Hans. Ingen nemnde det, men alle tenkte på det eine, at Gunhild og Sevat var vigde um dagen, og at Gullik Settmoen og Halvor Hougen var kaveringsmennar –

Han gofar åtte ikkje ro til leggje seg, kom inn att med' dei sat der, men då han såg Lisa vart augo kvite i han, og han strauk på dør att.

Men tankane hennar Lisa hefte seg ikkje lenge ved han. Ho sat og venta. Ikkje at ho våga sjå han Sevat ikveld, men ho vilde vita brudgomen i hus. *Han Sevat Rønningen Buvin* –

[126] Ho Berit tala kvardagsprat med Berte-Marja, men ho stelte litt meir en vanleg for han Hans, som gjekk der og tagde og berre såg på henne, som han venta at ho skulde segje eitkvart –

«Du heng med nebben, er du låk?» sa ho, og såg heilt lystig ut.

Kunde nokon skyna seg på Berit. Ikveld var ho *slik*. Gav han rjome og sundagskaffi, og var so blid mot han.

Etter at Sevat hekta seg på Gunhild, hadde vona vokse i han. Men kva Berit gøymde visste ingen, for alltid heldt ho maska stiv.

Men so snild ho var ikveld! Der kom ho med reine, nybøtte hoser til han og, so mjuke og varme. Det var so godt å vita, at hendane hennar hadde handsama dei. Og sat ho ikkje der ikveld og la på talliken hans beste stykki av saukjøte og skjenkte kaffi i eininga. «Drikk Hans,» sa ho, «det er meir på kjelen» –

Ingen var som ho, når ho vilde, mest som ei mor, so umsutsfull og god –

Men jamen kunde ho vera eit troll og –

Lisa prata i eitt; gamalt og nytt surra rundt i hovude hennar med' ho sat der og lydde etter ljod utanfyre. Ikveld måtte det vera song som aldri fyrr i dombjøllune –

Men huttetu for sprengkalde! No var'n Gjø ute, so hard, at han sprengde kalven or kua, og grisen or sua, og kjeringa fraus fast ved århylla!

Men ikkje var det kaldare oppmed sjøen, so jamen laut ho uppi att snart. Ein laut nytte vinterkveldane <sup>[127]</sup> – når vårvatne tok til å gå, var ho likesæl med spinninga. Men skillingen er god å ha – «nå er je so blank, at ha je en hælvsilling ha je støli'n», sa ho Marja hass Toten-Hans –

«Ja men du trøng nå itte bu so ringt,» sa Berit, «du lyt gje deg til her med hardaste vinter'n» –

«Ringt!» Du tala som du ha vit til no, Berit. «Bur som ei dronning, je! Mat ha je, og rår meg sjølv gjer eg – Og no ska dei la meg vera i fred, og itte tala på denne gamleheimen! Nå lid det til Gregorsmess, og då dryp det so smått tå takom uppi lia mi. Og so bur me øss på vår'n, han Velt-Simen og je. Det vart bråtøyr trettandagen iår, og trettandags tøyr er godt som trettan lass høy! So det bli' sagte mat åt dyrom» –

Berit sat som i halvdraum og lydde til denne røysti som liksom nådde henne langt burte frå. Det var røysti *hans*, men med veikare ljod –

«Ja ja, noko stort er i gjerdom,» heldt Lisa fram. Det var eit vêrlys<sup>n10</sup> so vedundele på nordhimlen inatt. Nei, je var itte kar om å såvå. Men her i garden sov de full so de itte såg draken<sup>n11</sup> som flaug yvi vola hell. Men je såg'n og det bi full linnvêr lel med det fyrste. Men ikveld syng det under sla'meiom – huf gut! Men engong såg je ris-stjerna, det logande rompetrølle fara framum. Då vart je klomsa, og je våga itte ta fram munnharpa mi på lang tid. Je vart gangand og studdere på horr det vart av ho. Venta halvveges ho sku' snu og koma att. Men ho kom ailler att» –

<sup>[128]</sup> Ho stira fram for seg og geispa – «men ikveld er det månljøst. Tyss! Var det itte bjøller?»

Berit meinte dei var trøytt alle no og laut gå kvar til sitt. Dei som var nedafyre kom ikkje att ikveld, so ein turvte ikkje vaka for det. Ho reiste seg, og augo flakka so kvilelause kring i rome. Hans såg etter henne. Ho var so bleik ikveld, men augo hennar messom lyste. Ja, no vart det noko å stå ti. For hennar skuld laut ein freista å gjera det ein kunde. – Ho var ikkje den som strauk frå gubben, og koss det no laga seg, ikkje gjekk han frå henne, fyrr ho sjølv sende han burt – det visste han med seg.

– Berit fylgde Lisa inn på loftkammerse, kveikte ljøs og bad henne ta det med ro imorgo tidleg, til dei kom med kaffi åt ho. Sa so godnatt og gjekk ned att.

Der sat Hans åleine og spikka på eitkvart.

«Ja, vi lyt full kvare oss vi og no, Hans» –

Ho rydda litt og sopte ihop flis og kasta i den svanande elden.

«Det vart ein stusleg laurdagskveld,» sa Hans berre.

Men Berit smilte. Det var no som ein tok det. Ho for sin part tykte mange hadde vore meir stuslege. Ho Lisa var no morosam.

Ja for det, so, men...

«Kor då?»

Berit sa det so roleg, at han tykte mest det var uhugleg. Berre ho ikkje var sjuk –

Då la ho med ein gong handa på aksla hans [129] og smilte so rart: «Og so vert det full vår tur då, Hans» –

Han kjende handa hennar på aksla si, men orda ho sa gjekk i vase for han. Kva meinte ho? Kva hadde ho sagt?

Men då var ho alt ute, og han vart sitjande som klomsa. Var det *det* ho hadde sagt? At no var det deira tur?

Blode susa til hovude på han so han kjende seg svimren, stod opp halvt i ørske, kara yvi varmen, steig opp på benken og sløkte taklampa –

Uppå rome sitt vart han gangand' i ring og sumle fyrr han sansa, at no skulde han fli seg –

Men so flidde han seg òg som til kyrkjeferd – for no måtte han finne henne –

Hjarta dulpa i bringa på han – hadde det endå ikkje vore måneljost –

«Koven» uppi gubb stova var eit rom med dør ut til eit stort bryggjarhus-rom med steinlagd golv, og stova låg øvst i tune med ryggen mot lia. Ho var låg og gamal og grå, men traust og tett – einaste varme huse på garden, sa'n gofar, og der vilde han bu. Vilde vera i fred med sitt og seg sjølv. Men den einaste som skyna det var Berit. Dei andre smilte åt det. Skyna ikkje kva han meinte med sitt. Han låg då berre der og las og klaga seg for tida var lang –

«Men her på gamle garden  
i grøne kjære lid,

sat sonen eller faren  
heilt ned frå gamal tid.

[130] Med det dei sa og gjorde  
dei for so lugomt fram,  
og støtt var merkjingsordet:  
gjer ikkje ætta skam» –

So stod det i den Gudbrandsdalssongen Berit hadde klypt ut av blade og sett upp på veggen sin i råde av bjørkenever – for den tykte ho hævde her og –

Og ikveld, då ho gjekk og stelte seg so underleg roleg og klår, og såg inn i framtida som etter ein uppstaka veg, kjende ho ætteblode i seg som lagnadstunge bårselag. Det var berre ein ho kunde vente seg hjelp av no – han som ho hadde gjort glad ikveld. Ho gjekk og sa det for seg sjølv, at det var godt å gjera nokon glad, um ein aldri sjølv kunde bli glad meir –

– Ho hadde dorma litt og drøymt noko uklårt um ei toll, som heldt på å vekse og vilde til himmels, då Hans stiltra seg inn, helgefliidd og i hoselesten – rædd so han skolv –

Hadde han misstydd henne, so...

Men Berit rette ei hand ut, og i måneblenken såg han andlite hennar og dei myrke hårflettune som låg frammyvi akslane og bryste.

Smilte ho?

Jau, gud signe henne sosannt, ho smilte imot han. Han fekk koma –

Og han sette seg på sengkanten, halvt blyg men so glad at han kunde stupe kråke – var ikkje dette ein draum, so –

[131] Han gjorde seg karsleg og skjemta. Måtte stagge ørskesæla som mest tok sansen frå han.

Ho smilte og såg på den kvite skjurta som lyste i måneskine, og dei kvite, fine hosene ho hadde bunde åt han til jol. Her sat ein brudgomsklædd kar – her øg.

Stakars Hans; han var mykje verdt der han sat – god som gull til alle botnar. Men den andre...

Det gjekk ein styng gjennom hjarta hennar, og ho let augo att, som ho varde seg for eit vondt syn –

«Søv du, Berit?»

Han kviskra det so lint – Men ho slog augo upp att og lo.

«Lær du?»

Han vart utrygg att.

Ja, skulde ein ikkje få læ. Det var då so mykje løgleg i verda.

Og ho klemde handa hans aldri so lite.

Dei tenkte på det same, men mælte ikkje orde um dei tvo som var til kyrkja idag.

Hans sa det var kaldt ute, og måneljost –

Og ho lo att. «Fortel meg noko eg ikkje veit,» sa ho. «Du sit då midt i måneblinken, so det skin av deg. Men sit ikkje der og frys føtenn' av deg; her er golvkaldt som i løa – kom!»

Og han stakk føtane under felden –

Berit var rædd for å bli åleine ikveld, og ho vasa og prata og tok ikkje handa si att.

Men um litt sa Hans, at han fekk full' gå. Og <sup>[132]</sup>han gøymde andlite innmed halsen hennar og sa takk for ikveld. «Eg er so glad no, Berit, at» –

Jamen gret han, stakaren. Ho la hovude ned åt han og sa, at det var no vel ikkje noko å væte trøya hennar for det.

– Ho smilte slørøygd og trøytt; no var lodde kasta; sveik ho denne guten no, var ho verre enn fenta på landsvegen, og det var godt å vita eit livande menneskje so glad –

Ho strauk han yvi håre – stakars båne –

«Men no lyt du gå,» kviskra ho, «imorgo kjem ein dag att, og no er *du* husbondskar» –

«Det er no sundag imorgo,» smålo han, men steig upp lel, for han kom ihug at kvinnfolka måtte upp like tidleg helg som søkn, dei – og ho Berit var so bleik

ikveld; det hadde vore ein strid dag med arbeid; ho var ikkje den som spara seg ho Berit –

Han visste ikkje koss han kom yvi tune, men han kjende seg so lett og lukkeleg, at han kunde dansa. Aldri hadde han trudd noko kvende kunde vera so god å koma attåt –

# Husbond

Den jorda gjøder best som heng  
i husbonds sko –

SEVAT BUVIN  
Skogeigar

So stod det på visitkorta til den nye husbonden på Buvin.

Namne var godt nok, tykte han; Rønning kunde alle kalla seg, kor liten rudning dei kom frå, men det var berre éit Buvin, og det ruvde i dalen.

Våren etter han vart vigd til Gunhild kaupte han bil. Men etter råd av gode kjenningar nedi bygda bytte han straks i eit finare merke. Billege bilar vart dei dyraste, sa dei, og den nye kosta sine åtte tusund. Det var dyrtid, og alt kosta flesk. Men so kosta fleske òg, so bonden trong ikkje snu krona so mange gonger, han heller no. Smør var gull, og sauene, som dei samstelte kjeriingane i bygda bad liv i då teoretikarane vilde ha han burt, han lønte seg no storfelt. So no våga han ikkje nemne sitt gamle syn på fjøsdrifta, endå skogen sjølv sagt var og vart det som bonden måtte bygge på.

Leid var han òg av å kjekle med kvinnfolk. Verst hadde Berta-Marja vore. Og ho sette upp dei andre òg. «Han napp fint' sauene,» sa ho, «og <sup>[134]</sup> hadde ein ikkje sau, so fekk ein korkje til å bite hell slite» –

Der sat *ho* –

Ein måtte likevel gå ved, at han Gullik hadde forlese seg eit grand på reknestykka til agronomen den gongen. Det var 'kje fritt anna enn ho Berte-Marja hadde fengje litt rett, der òg, når ho sa folk kom til å fryse seg helselause i dei tunne kjøpklæda sine; men jamen var dei snertne, um dei ikkje dugde so mykje i arbeid. Gamle møykjeriingar var gælne på sitt, verre enn nokon. Ho Berte-Marja gjekk der plent som gubben, og såg seg arg på alt. Verst var det når ho Signe kom heim i ferien.

«Du blir snart lik Settmo-jinten, du òg,» sa ho. Veven deira, det var pianoforte, det no, og bundingen deira var sigaretten. Og i kjøkene dugde dei berre til å pirke og laga «bløt kake» og «komfekt» – Men sa ein eit ord, so fekk ein høyre, at dei kunde ikkje gjera meir enn éin ting um gonga. Men den som ikkje kunde gjera meir enn ein ting um gonga, dugde allvisst ikkje til å bli bondekjering. Verda var ikkje gjort tå bløt kake! Nei, ho Signe, ho var for god til sovore; vakkert emne, vårherre bevare det, som ho Ingeborg Skare sa –

Ingen dag gjekk, utan ho var ladd med sanningar som ho brann etter å segje han Sevat; det hjelpte ikkje at ho Gunhild vart sur, ho måtte ha utløysing. Som no dette meierie han Sevat hadde vorte so eldhuga for. Det skulde bli pengar å sope inn med det, trudde'n, og slik lette for kvinnfolka. Ho syntes ho såg det! Det vart full' som nedi kyrkjebygda då, at <sup>[135]</sup>dei unnte seg ikkje nymjølkdropsen sjølve lenger, enn segje ein skikkeleg smørklepp! Og fæint var det tå altihop.

Svara henne hadde han inga moro av lenger, og Gunhild våga seg lite frami; ho visste for væl, at det var Berte-Marja og Berit som styrde der i garden. Og både ho og Sevat rømde huse, so ofte dei kunde. Dei kjende seg ikkje fri fyrr dei sat i bilen. Men det var ogso moro og hugnad so herleg, at dei ingenting anna ynskte seg enn å sitja soleis stødt og la løyndemaktine arbeide for seg og suse etter alle vegar so det kjendest som ein vengje-flaug!

Gunhild var rædd og bad for seg fysste tida dei hadde bilen, men no var ho likso bilgalen vorti, ho som han. Og når dei dura yvi tune på Hallemoen, der vegen låg, stod han Embret i glase og riste på hovude. No hadde han Sevat fengje bil-dilla òg –

– Men det leide var, at dei ikkje kunde bruke bilen vinterdagen uppi der; då måtte ein bruke hest og slede som fyrr, og det var meir enn halve åre stundom.

Og ein dag på andre nyåre Sevat var husbond på Buvin, kom det bod frå Gamelpresten um å møte hjå han til samråd um skogsaka, og den gamle smalsleden måtte ut. Men glad var han Sevat likevel for dette bode.

For presten hadde han alltid vore god nok, men dei gamle gardbrukarane uppi her slapp han aldri heilt innpå seg, det verkte i han kvar dag. Men som væl var, hadde han lært å halde maska stiv, um det sveid aldri so hardt innunder. Han lest ikkje <sup>[136]</sup>sjå ovmode deira – lo dei blankøygd uppi andlite, som det aldri hadde kome i hugen hans, at han ikkje var god nok –

– Det var ein gneistrande kald januardag han drog neduvi til prestgarden.

Femogtretti grader! Flisa spratt, og det kvein og skreik under sledemeiane.

Nord-snoa stod i nakken og sør-snoa beit i nasen; hår og skjegg rima inni den høge tullup-kragen, og rett som det var måtte han live nase og øyro med den digre saueskinns-hansken.

Verst var det, då han nådde ned på storelva, der vegen var staka upp med toll-topp og slanga seg i myrke teikningar neduvi.

Ein liten skyssgut sat og kraup ihop inni ein lang ulster på hundsvotten og bles i lovottane og verga andlite best han kunde.

Men Sevat sat inni den digre ulvskinns-mudden etter Tollef Buvin og gleid burt i ljose draumar.

Idag skulde han sitja gjest med dei beste i bygda ved bordet til den gamle husbonden, læraren og velgjeraren sin. Eit grand nervøs var han ved tanken på dei byrge bøndane han skulde i lag med, kakser nedfrå dalen, som det gjekk ord um yvi alt lande. Karar som hadde kongar til gjest, og baud dei mat på sylv-tallikar!

Og det sveiv honom i hugen eit og anna presten hadde sagt då han vigde han. «Du tek på deg eit stort ansvar no, Sevat,» hadde'n sagt. Men han våga sjå alle i augo for det.

Og han rette seg i sleden og strama taumane, so <sup>[137]</sup>hesten skaut fram med eit rykk, og det bar i tanande kut nedetter den glitrande isvegen.

Og dombjøllune song og toll-toppen vart til små nissar som dansa forbi – hei vil du gå!

Farten og bjøllesongen verka på han som vin, mode voks for kvar sving dei runda, og kvar svartkulp og heksegryte dei fór framum; det kjendest som han kappkøyrde med troll, og la dei døyande bak seg –

Sola stod som ei glødande eldkule på himlen og mosedottar, høy og hestelort som låg etter vegen vart til glinsande gull-klumpar; det var som å køyre inn i himmerike –

So med ein gong vart elva sjøbreid og full av øyar med rimkvit småskog kring kantane. Og husa på gardane vart større, åsane drog seg attende, og flate furumoar

breidde seg på både sidur.

Her var ei onnor verd enn oppmed Hildra og Sirilla, der det var trongt millom knausom! Her fekk ein luft under vengjene!

Men no sat ein der. Javist. Ein sat der ein sat – til so lenge. Ingen visste. Verda var full av eventyr meir enn nokon gong. Det var som vårherre hadde yngja seg upp att, so mykje vedunderleg han no fann på –

So hugsa han guten, på hundsvotten: «Er du med Esten,» ropte han attyvi. Men han fekk ikkje svar.

Kva fan – guten var no full itte ihelfrøsin –

Han fekk vridd seg sopass i pelsen, at han såg attende. Langt burt i vegen kom ein svart prikk siglande, det var Esten med ulster-flaka sopande <sup>[138]</sup> etter seg. Han hadde trilla av i ein bråsving, og sprang på harde live for å nå att husbond, huja og snytte seg og huja på nytt –

Sevat hadde stogga, og han lo då guten nådde ti sleden, andsloppen og halvt på gråten, og skjemtande baud han stakaren ei skrå. Han var full like god?

Jau, Esten var like god. Han fekk til ein liten skeiv smil og krabba seg upp på hundsvotten att.

«Ein annan gong lyt du segje frå når du hev snøgg-ærend soleis,» lo Sevat, og so bar det iveg att.

– Då kom ein kar etter dei i smalslede med ein svart hingst framfyre. Dei var som skotne upp av jorda, og det gjekk i tråv so det dunde og braka i isen. Mannen blåheldt i taumane, men hingsten vilde framum den andre hesten, stod på tvo og dansa og riste seg, og bjøllune song upp med ein vill polsk. Og framum for dei som ein blink –

Javisst var det han Gullik med stortråvaren sin, «Trondguten», ein premiehingst som kosta ein diger skogteig. Og det var gut som ikkje slepte nokon fyre seg!

Sevat freista ikkje fylgje; betre å ikkje lest vyrde.

Men humøre seig av han. Harmeleg, at den satans Gullikken skulde sleppe framum –

– Men frå bygdevegane svinga no fleire sledar med dansande hestar fyre, ned på isen. Bjøllesongen fyllte dalen millom dei låge rolege åsryggane, og inn på prestegards-tune kørde ei dampande oske-reid av raggute troll i lystig jolekut.

Og gamlepresten stod på troppa og breidde armane ut mot dei! Skutde ikkje *dette* folke vera <sup>[139]</sup> liv lage! Gud signe dei kvar og ein, og berge dei for den nye syndflodi han såg koma! Å, som han kjende seg glad, når han såg dei slik i herleg festferd, der det stod eit drev av kraft og helse kring dei, og av glede ved live! Ja, dette folk og land det elska han, og ikkje noko visste han for godt åt dei!

Denne dalen var eit paradys på jorda, i folke var same gode grjot som i dei trauste fjella som no fekk gullkrune på i solglansen og stråla av uryggeleg kraft!

Å, gamlepresten trudde på dette folke, og idag vilde han tala til dei um Guds meining med mannaliv på den stjerna han gav dei til å frygdest med kvarandre på!

Han var lukkeleg som eit barn ved tanken på å vera Guds sendemann til dette folke, og han tok imot kvar gjest som *han* var den aller mest velkomne.

– Prestegarden låg på ein tange som stakk seg ut i elva under aust-åsen.

Sumarsdagen gjekk storelva i roleg sving kring odden, der fraudige engjer og blide bjørkelundar kransa inn den gamle embætsmanns-garden. Hovudbygningen lyste lang og kvit millom raude, statelege uthus, og still og tagal rann ho her den store livåre for alle øysterdalom, Glåma, som hus og heimar vende augo sine mot. Men no, vinterstider, låg ho som ein frosen sjø. Ingi heksegrytor kokte kvitt hernede, ingen varmehol var kring-staka; flat og fin låg isen millom baa land.

Og tettgrendt var det hernedi dalen, med store, <sup>[140]</sup> gilde gardar so langt ein såg i vyrdeleg rekkje på baa sidor av elva, dei gildaste på austsida, der sola heldt seg lengst –

Og Sevat måtte segje det ved presten, då han helsa honom velkomen i varmt famntak, at hernede, ja hernede var det paradise no som fyrr. Og hit ned var det no messom han stunda alltid. Men presten smilte med små snilde augo. Paradise, det var no der ein hadde si gjerning og var sæl med sine – «og du Sevat, du er no vel sæl i ditt, du no» –

«Ja du vet det men» –

Sevat tenkte so smått, at presten var truskyldig. Han vilde likne honom ved ein fugl som kvitra like vent stødt. Eller ved munnharpa hennar mor. Det var mest løgleg, men alltid kom det for han, at dei tvo var messom tvo blomar på same stylken –

«Ja ja, Sevat,» sa presten godsleg: «du har no alltid vore noko av ein diktar på di vis du, liksom mor di» –

Men no kom det eine trolle etter det andre vaggande i langstøvlar og muddar av ulv og sau og blankt hundskinn. Og alle skulde ha si helsing. Og han skjemta og fekk dei innum døra til storstuga, der fruva stod breid og blid og tok imot, hjarteleg og pratsam. Ho var snøkvit i håre, men augo var blå og blanke og unge, og hjartelage låg som solskin yvi heile det vakre andlite –

Mødd var ho av langt og ævlegt hustråkk, og kroppen var tung vorten, men ho sprang som ein ungdom, når det galdt å hyggje for gjester og vener.

[141] Væl var ho kjend kring i gardom, og spurde kvar og ein etter kone og born, eller prata klok og praktisk um fjøsstell og husdyr. Her var ho sakkunnug, for gardsdrifta var det ho som greidde. «Presten og jeg er like i det, at vi lar hverandre i fred med vårt,» pla' ho segje. «Han er fornøid når han får sitte i bure sitt, og bli foret så nogenlunde precist, eller gå og drømme i måneskinn. Og jeg er fornøid når han ikke blander sig i denne verdens ting, og sove får jeg når kvelden kommer, enten månen skinner eller ikke» –

Og augo til Gamle-presten vart som stjernur i hausen, når han såg på kona si. Det var eit under og eit eventyr, koss ho greidde alt! Alle desse vande ting som for honom var uløysande gåtor og mysterier, det var for henne so greidt, at det såg ut som dagen klåre. Koss dei som ikkje hadde Maren kom heile gjenom verda, ja, det vart meir og meir ei gåte for han, di eldre han vart. Og det var løgleg å sjå på dei tvo, når dei rett som det var vart standande midt på golve og sjå kvarandre i augo og skjemte som toskute ungar eller kjekle på liksom –

Men fruva visste, at folk som kom inn etter køyreturar i sprengkalden trong varmt i kroppen, og kaffien stod ferdug ved den store åren i stova.

Og presten sjølv bar inn ved frå den velduge kassa i gangen, la seg ned og bles til det fata og dura i den digre ommen.

«Eld han tarv som inn er komen og um kne kulsar» sa han og rette upp at ryggen.

Og elden skal tala!

[142] Høyr no berre kor bjørka syng for oss. Det er siste songen hennar, men høyr kor festleg det læt –

Sette han seg so millom dei og fekk praten i gang um bygdepolitikk, born og buskap, og fysst og sist um tømmerprisar og valutaspursmål, aksjer og stoda «ute i verda» – for so mykje visste alle no, at den var barometere for vilkåra i bygdum her òg –

Og dermed kom presten inn på det han vilde tala med dei um idag.

Det skulde ikkje vera noko høgtidsamt møte; han vilde tala litt med dei som granne og ven. Som den bonden han var i sitt hjarta, barnefødd i bygda, éit med naturi og folke der –

Tidene hadde vorte for gode. Folke var som åkeren: for lite gjødsling var langsam utarming, men for mykje kunde brådrepe. Og no heldt bøndane heruppe på å misse jamvigta, slik som folke sunnafyre longe hadde gjort. Den rolege øysterdølen hadde teke seg ein tår yvi tyrsten av ein fårleg giftdrykk, som fløynde yvi verda, so dei heldt på brådrepe seg sjølv, og øyde det grunnlage komande ætter skulde bygge sitt liv på uppi her. Han meinte *skogen!*

Alle visste dei koss det var fare åt med den i seinare tid.

Han vilde tala um seg sjølv fysst. Han hadde vorte rædd. Rædd for den domedagen han såg koma yvi desse gamle herlege bygdene som han hadde huglagt frå barndomen av.

Folke bygde traust frå alle grunnar. Kvart ættled la eit nytt kvarv på ættegarden sin, vida ut si verd [143] etter evne, so det alltid vart ljøsare kår for etterkomarane. Si glede og sin hugnad hadde dei i barneflokken og arbeide. Dei skapte med vit og umtanke draumane sine um til røynd, og var helsuge og glade som born, godlynde og hjelpsamme. Dei livde so dei ikkje gjorde andre skade; treivst ikkje utan ogso grannen hadde det tolleg bra –

Han sat og klemde dei fine fingrane kring ei tyriflis; det var som han heldt ein bønkrans, ein heilag ting han henta kraft ifrå til orda sine.

«Ja, det var det eg vilde segje, at me hev fare stygt med skogen vår. Hogge djupt inn i vår eiga liv-åre, so me held på å blø oss ihel.

Og eg som prest og lærar skulde vera hev tagd; det er mi store synd. Eg åtte sjølv nokre herlege teigar etter far min; eg skamhogg ein, og eg skamhogg tvo, for eg trong pengar til å halda borni mine i fine skular, og hinmannen stod og lokka med gulle sitt. Aldri hadde eg set so blankt eit gull! Det flimra for augo, det gjorde meg svimren.

Men ei natt tala Gud til meg med si velduge røyst. Han sende ein storstorm, som rotvelte det som att var av finaste teigen han far hadde spara til meg; dagen etter var det som ein kyrkjegard eg gråtande vandra igjennom –

Det var ei røynsle som sette merke i meg. Då eg gjekk millom dei fallne kjempune som i mannsaldrar hadde vore det trauste vakthalde kring farsgarden min, kjende eg meg som ein mordar og ein røvar, som hadde stole frå mine eigne born, og øydd framtidsvoner for ufødde ætter her i bygda!

[144] For kva er skogen?

I tusund år voks dette fjellfolke seg saman med skogen. Av skogen gav Gud dei alt dei trong. Vern og verje mot vêr og vinter-vette, hus og heim og næring for folk og fe. I livd av skogen voks gras og korn og bær av dei finaste i verda.

Skogen er hardbalen og smånøgd, og so vart folke. Han syg si næring djupt i den jorda han voks upp av, og so lenge skogen er frisk, er folke friskt –

Med skogen voks kunst-givnad og kunstgleda fram, skogen gav glede og tidtrøyte, hugnad, arbeid og trivnad!

Ja, skogen er Guds fagraste reidskap og underfulle dikt um heimen og heimelive! Døyr skogen, døyr heimen, og sjå so til kvar me finn hugnad og helse i verda! På den nakne vidda må alt liv døy!»

– Dei sat murande still og såg ned alle, og um litt heldt presten fram.

No vilde han fortelje dei kva det var som fekk han til å skyna fullt og heilt kor stor brotsmann han hadde vore. Han fekk ein dag sjå eit kvende, ei mor, gå i den fallne skogen og gråte. Det var ho som sat her. Ho, som i ein mannsalder so trufast hadde bygd denne heimen med han. Og henne bad han no fysst um tilgjeving. Men ogso grannane måtte han be um tilgjeving, fordi han hadde gjeve dei so låkt eit fyredøme –

Han hadde vorte so klårsynt no, so viss i si kjensle. Det var heimen til kvendi, til mødrane og borni dei reiv ned, når dei øydde skogen. «Er det då ikkje folkelukka

me øyder?»

[145] Han tagde litt, og fruva la handa si på knee hans, men sa ikkje noko. Han tok handa hennar. «Ja, *du* hev gjeve meg til, men i mitt eige samvit finnst ikkje tilgjeving» –

Han Gullik Settmoen snudde den raude barten sin og glytte på sidemannen. Han lika seg ikkje. Kjende det som dei andre sat og såg tvers igjennom han, endå dei agta augo sine.

Då kremta han Arne Vestgard, ein stor, stød gubbe med sterkt og vakkert Norddøls-andlit. Han hadde slike forunderleg milde gråblå augo, som han no lyfte på presten, med' han smilte lognt. Ja, presten hadde vore hard ved skogen sin han og, ja – det var so. Det var no so rart med det, når ein ikkje budde på garden sin, og trong pengar til ein barneflokk som skulde fram. «Men du har då freista bøte skaden, du, rudd og planta og slutta med hardhogsten. Verre er det med dei som ingenting gjer» –

«Ja, det du der segjer, Arne, det hev eg sjølv smurt meg um munnen med,» sa presten, «og freista smyge undan ansvare med allslag kunster. Men no veit eg, at synd mot skogen er synd mot det heilage, som er heimen, og for det finst ingi tilgjeving. Men like væl må me freiste å bøte» –

Presten og Arne var vener frå ungdomstida, då dei sat på Vonheimsskulen burti Gausdal og fekk sitt livssyn grunnlagd der. Bibelen og Snorre vart bøkene deira, og dei hadde sin eigen måte å lese dei på, so alt vart godt og guddomlegt. Og i denne himmelblå barnetrui livde dei og vart verande sæle [146] optimistar, som såg sola attum alle skyar og aldri slapp det vonde innpå seg. Og det var som dette lukkelege livssyne ogso hadde sett merke i åsni deira. Gamle var dei båe no, presten kvit, Arne sylvgrå i hår og skjegg. Men andliti var unge, hamliten raud og kvit. Og enno var dei skogmennar, tok seg turar på dalens fjell, og bygde seg hyttor på snaufjelle, der himlen var vid, og dei var «Gud nærmare», som dei sa –

Av same ånd og støyping hadde ogso den gamle venen deira, Tollef Buvin vore –

Men no våga unge-lensmannen seg frami. Han var underlensmann hjå far sin, eldhuga bygdepolitikar og folkelivsgranskar, ein myrkdæmd, tettvaksen kar med gløgge, brune augo. Han sank tilfang til ei bygdebok etter lensmannspapir og forteljingar av gamle folk, og kunde leggje fram mangt som synte koss det sette

merke i folkelive, at skogen hadde vore skamhoggen so lenge. For det hadde federne våre lange teke til med.

Det stod enno att restar av gamle kvennhus kring i bygdine; dei vart sett upp då dei dyrka bygg uppi her i livd av storskogen. Og på gamle gardar såg ein kva slag tømmer dei bygde husi sine av. Det var malmfuru som korkje vind eller væte fekk råd med. No bygde dei av tunne plankar og papp. Og på desse same gamle gardane var enno trekjerald og allslag kopp av svarva rot og kuv, fine og faste som filsbein. Og dei kosta berre eit fint og hugsamt arbeid i stundene millom utearbeide.

No var alt slikt heimearbeid burte. No såg ein <sup>[147]</sup> ikkje anna ein rustne blekkspann og sinkbyttor og fillute «maljekasteroller» – det var so det skreik av armodsdøm. Dei hadde funne ut, at det lønte seg betre å sitja med gamle avisblad og tyggje upp att dei ævlege sogone um underslag og buslit og mord og valdtekt, enn å ta ambod i hand. Svenskane gjorde alt so billeg. Og stabura var tome, for maten kaupte dei lettvindare på bua –

Men kor fekk dei pengane frå? Kor billeg alt skrape dei kaupte var, *noko* kosta det. Og dei gløynde å rekne med kor ofte dei måtte kaupe nytt.

Kva var det no att av skogen, som gav vyrke til alt?

Nei, presten hadde rett; tok me ikkje til vite no, so var me eit dødsdømd folk. Dei måtte tru han; det var ikkje moro å vera lensmann i desse tider, då dei beste bøndar træla for bankane –

Dei sat tagalle og såg ned alle med' presten og lensmannen tala. No rette ein og annan ryggen og småprata med sidemannen. Og ein hørde ord som «tidens krav», «nye driftsmåtar» og «umleggjing av jordbruke». Men dei var lågmælte og lite høge i hatten, for dei hadde kvar sitt å hugse som sveid –

Presten hadde reist seg og gjekk ikring og småprata han og. Lensmannen hadde rett; dei sette upp for stutte reknestykke. Men han visste nok, at mange tykte hans var for lange; tida fekk syne kven hadde rett. Men som alle gamle lyt eg tenkje på testamente mitt.

Eg var inne på dette alt den gongen eg sende deg på skogskulen, Sevat, og sidan hev eg sendt <sup>[148]</sup> Harald, yngste sonen min same vegen. Men fullklårt er det fysts no vorte. Og det eg hev sagt her idag er noko mykje større enn mange av dykk no vil tru; det er sprunge av mi djupaste religiøse kjensle – ja, so er det. – Eg er fysts og fremst Guds tenar» –

– Han hadde havt stor tru på den gløgge Sevatguten eingong, gamlepresten, men miste snart take på han, uroleg og vidfarandes som han vart.

No hadde han sjølv vigd denne guten som han eingong kalla fostersonen sin, til Gunhild Buvin, ei kone av vyrdeleg gamall ætt som sat på ein av beste gardane i bygda, og han såg at det bar gale avstad der og. Sevat dreiv og liksom hogg seg fram i villskog og stira mot næste glenna, stødt. Feste aldri hugen ved dagen idag. Men kann hende var det just dette, som fekk ein til å vente det uventa av han i ungdomen –

Sevat hadde vorte eit vonbrot, presten måtte vedgå det for seg sjølv, endå han aldri kunde bli vond på han – det var ein villblom frå vegkanten, eit solbarn, som dumbe og søyle hadde skjemd –

Sevat sat og såg ned, fekk berre sagt, at han nok aldri hadde gløymt det presten lærde han. Det var liksom den store stilla i verda dengongen. No var alting annleis. Tida hadde snudd seg, og ein laut fylgje med. Men sagte fekk ein fara snildt, ja – Presten nemnde noko um vilje. Det var dette brote i kultursoga vår me aldri vaks oss heile att etter. Me vart eit folk av drøymarar. Eit veidefolk, som kasta oss ut i vågespel og jaga etter slumpelukka, <sup>[149]</sup> og enno ikkje skyna den djupe meininga ved det fjorde bode. Danskekongane selde dei norske skogane når dei trong pengar til hoffestane sine; no selde me dei sjøve for bilar og champanje. Å, han såg alt ljøsken av ein ny verdsbrand!

«Ja, sanneleg, gode grannar; det kjem ein domedag yvi oss! Dei som no lokkar oss med gulle sitt gjev i røyndi mindre for skogen vår, enn den gløgge skotten Petter Dass, som kaupte alle Helgelands skogar av Tridje-Fredriken for 25 riksdalar. Dei kauper av bonden idag og sel imorgo til storhandlaren for det mangedubbelte –

Sevat såg burt. Soleis var det gått beste Buvinteigen. Ein hadde trudd spekulanta for væl, og det sveid. Men det var slikt ein aldri måtte syne. Ein fekk gøyme det som sumt anna ein hadde lagra upp –

«Lat oss hugse koss det gjekk etter høgkonjunkturen i syttiåra; då fekk og skogen svi, pengar strøymde inn og bonden tok til å herme etter dei kondisjonerte i alt sitt liv – og so kom nedgangen. Men denne gongen fær me betale endå dyrare; hugs eg hev sagt det –

Eit rolegt og friskt folk, fornæmt i all si ferd hev livt i desse dalane. Traust og tenksamt bygde dei seg uppetter i velstand og kultur, vart adelsfolk i rette meining av orde. Lat oss ikkje gløyme dei!» Dei lydde på han, som dei alltid lydde når

presten tala, tagalle og vyrdsame. Men andlita vart attletne; ingen skulde sjå, um dei var med eller mot.

Men presten kjende kvar ein og visste so altfor væl kva dei tenkte. Og han sa atter til seg sjølv: eg <sup>[150]</sup> er fysst og fremst Guds tenar og må tala som han byd meg –

– Men no kom fruva og bad tilbords med smil og skjemt og kjøkenrosor i det godslege andlite der augo lyste so lukkeleg og vent. Kor trøytt ho kunde vera, be gjester tilbords var alltid fest for henne.

Gjestene vakna upp og rette seg som etter amen i kyrkja. Det var kje fritt for anna enn dei hadde kjennt seg eit grand som i skruvstikke under tala til presten –

Han Gullik snudde bartane sine som alltid, når han var ille ved, og han smilte nervøst og småsnakka med sidemannen sin. Han *vart* gamall presten no ja... magta ikkje fylgje med tida lenger.

Det var so det ja, men dei meinte det væl desse gamle «lauvduskane frå folkehøgskulen», <sup>112</sup> sa den nybakte læraren, og ein fekk bera yvi mangt med dei som var grava so nær –

Men Sevat hadde vorte tagall. Presten tala so vent, at det var som å høyre på song. Og ein laut vera samd med han so lenge han heldt på. Og han sa beint fram det han meinte. Var ikkje lik desse andre, som visste å løyne meininga si på so mange måtar. Eit lite ord kunde tyde motsette ting etter tonelage. Men han kunde det no endeleg. *Ja* kunde beintfram tyde *nei*, men realt nei var du fri du fekk dei til å segje. Han hadde mest lært seg av med å bruke det orde sjølv òg, so lite det låg for'n å løyne seg –

<sup>[151]</sup> – Då dei endeleg var reiseferduge, sa presten, at neste gongen dei vitja han, vona han det vart i farsgarden hans, der han vilde ende dagane sine etter det nomadelivet han hadde ført som prest.

«Me er småfolk her i norddalom, men kjære, kor godt her er å vera. Me treng ikkje husmennar til å slite for oss, me er alle arbeidsfolk og tenar vår store herre som sette oss nakne i verda og tek oss nakne att. Ingen er ovrik so han kann halde trælar, for kva er endå største skogeigarane her mot dei som sit med tjuge og tretti tusund mål! Nei, goe vener, me hev ikkje noko å verta stormannsgalne av, so væl hev Gud stelt det for oss.

Men lat oss likevel agte oss; den store mangføtingen<sup>u13</sup> hev lange armar, og han gløyper småkryp òg, når han slepp til!

Og far no heimatt med fred, og sjå væl fyre dykk!

Han breidde armane og tok dei liksom innåt seg i eit siste famntakk –

# Mangføtingen

Han talar so mykje um eftan,  
han vil'kje um morgon høyre –

Sevat og Gullik Settmoen vart samde um å kvile hjå'n Halvor på hotelle og få eit glas øl, for i prestegarden var det berre heimebrygg.

Men der råka dei sjølve Simen Sundet med den staute storelvdølen Tosten Tangen, namnspurd riking og skogeigar. Sevat vart mest blyg. Tosten Tangen! Ja nett slik måtte den karen sjå ut. Han likna på bilæti av sjølve Carl Johan!

Tangen rette handa fram og sa gemenslig, at han såg på luveskjolden kor den mannen var ifrå. Og no kom dei nett tilpass, for han var heruppe i forretningar og tykte gildt i å tala med folk som var interessera i skog. Og sjølv sagt kjende han væl til Buvin og Settmoen –

Og no fekk dei ein kveld so gild, at Sevat aldri hadde vore med på noko likare. Tosten Tangen baud på kveldsmat endå det var seint, og no vart det ikkje tunntøl. Han Halvor laut ta upp vin, og dram vart trolla fram på bordet. Kor han kom frå visste ingen, men når han var der, fekk ein gjera ære på han –

Og det kom inn ei steik, som Halvor kalla løvelår, <sup>[153]</sup> og det var kome hermetisk frå Afrika, der Tangen eingong hadde vore på jakt med ein kongeleg person. Soleis heldt dei det med skjemt og lått, saman med eit par reisande i kolonial.

Tosten Tangen var halvt bymann, halvt bonde, staseleg kar, fin i klædom med lang gullkjede utanpå den brune fløyelsvesten, og ei stor gullklokke i dubbelt kapsel som han hadde den vanen å smelle upp og sjå på i eininga. Den klokka fanga augo til Sevat – vilde gjerne set litt nærare på den og synt fram si eiga, men våga seg ikkje til.

Etter maten vart det kaffi og pons i salongen, der det var nøgda av mjuke stolar, palmer og pianoforte, og snodige bilæte på veggom.

Etter kvart var fleire folk innkomne, og Tangen kjende alle og baud dei raust på kaffi –

Men sidan vart det champanje – nye flasker ustanseleg. Det var den drykken Tosten Tangen elska, festdrykken yvi alle andre. Ein drykk for kongar!

Men ingen hadde set den karen full, vart det sagt. Han var ei kjempe, og han hadde so klårt eit hovud og so sterk ein vilje. Men herleg glad vart han og tilsist stod han upp og tala. Då var Sevat blank i augo og tykte denne karen var eit vedunder å sjå på og storfeld å høyre på.

Han tala for desse fagre nordbygdene og folke her, som var av dei beste i lande, og spådde denne dalen millom Hildra og Sirilla ei stor framtid –

Og so drakk dei for dalen og folke og ropa hurra og hurra!

[154] So tala ein for Tosten Tangen, «kongen her i dalom,» som var landskjend for sitt fedrelandssinn, sin dugleik og sitt hjartelag, og so tri gonger tri hurra! Tangen slog ut med handa og riste på hovude: nei, nei, no måtte dei halde upp! «Skål godtfolk, skål likevel!

Drikk med champanjen bruser i glase! Lat ikkje hugen og viljen gaa kvar sin veg! Der humøre vantar gaar arbeide trått. Og spør um vi arbeider! Jo so pinedød arbeider vi! Det gjeld å ha helse, men helse er humør! Jeg for min del kan fortære en vælvaksen årfugl alene med ei flaske rødvin til og ein dram eller to, men spør om jeg arbeider –»

Liksom han var halvt bykar og halvt bonde i klæbunad, so var han det òg i mål. Tala bygdemåle sitt so godt som nokon, når han tala med bønder, og bymaal til byfolk. Men når han heldt bordtaler, blanda han måli etter hugsviva –

Han slutta med ei skål for det gode samarbeid millom skogsfolke i alle øysterdalom!

– Sevat var litt rar i hovude då han kørde heimetter ut paa morgonsida. Ein bleik maane stod og glodde paa han, det kjendest som han kom frå ei jordumsigling.

Han sat i sleden og song so kaldt det var. Song, og snakka litt med månen innimillom. «Ja glo berre du,» sa'n «seks tusen for teigen, det ha je papir på. Det ha je skrive under på, så du veit det. Sevat Buvin ha skrive under. Og cheken ha je i setleboka – vil du sjå'n!»

Ja, han hadde seld ein storteig att, til ein overlag [155] snild kar som kalla seg Löfgren og var betingar for eit storlag. Solid forretning, sa Tangen. Men det morosamaste var at han hadde kaupt ein hingst som det stod ord av!

Ja denne kvelden hadde vore stor! Det surra og susa med tal i hovude hans –

Direksjonsprisar! Han bles! Okken fan brydde seg um direksjonsprisar! Bonden er ingen tosk lenger. Heretter skal vi sjølve setja pris paa tømmer! Det er øss døm leve tå – so sa kongen –

Ja so sa kongen –

Var det non som hadde sagt, at hingsten var dyr! Hæ, den karen skyna seg ræmen ruske so lite på hestar, at han sku halde kjeft –

# Vegvill

«Drukken manns ord er draumo lik» –

Tri år var gått sidan Sevat vart husbond på Buvin, og mykje var no umsnudd der. Sjølv var han lite heime, men kvar gong han kom att frå skogmøte og forretningsreiser, førde han nytt med seg. Det var rørsle, uro og umvelting ute og inne.

Og Sevat kjende seg som den friske potekvisten på ein gamal mosegrodd apal –

Men slitsamt var det. Han hadde fengje seg motorsykkel so han skulde greie vintervegen noko lenger enn bilen kunde gå. Men ein dag køyrde han i stabbestein, knasa syklen og skadde knée sitt. Der gjekk tri tusen kroner, sa han. Men ein trong ikkje syte so hardt for ein slik støyt i desse tider. Tok no det engelske gruvelage upp att drifta i Langdalen, so såg dei seg full' snart mun i å kaupe storfossen og då vart ein motorsykkel lite nemnande – lat dei flire og segje han hadde motordilla, – som væl var, hadde han lært å teppe att øyro. At han hadde lagt burt eit gardsverde i ein bil som stod ubrukt heile vinteren, fekk han enno tidt nok høyre. Og at han sumarsdagen fann på all slag ærend for å køyre grassat i vegane istadenfor å arbeide på <sup>[157]</sup> garden. Det er ingen sak no, sa Berte-Marja; treng me for 20 øyre gjær, so er'n Sevat ferdug til å køyre trimilsvegen og kaupe. Og er'n god, so kjem han att på dagen, og har med seg hælve bua hans Halvor. Ja, so mykje rart skrot og skrap hadde Berte-Marja aldri set! Og det vart nok å kjekle um stødt –

Men dei som gjekk tagalle med sitt og aldri vyrde tala til Sevat, var Berit og Hans.

Hans hadde longe freista få Berit med seg heim til sine; men ho sa alltid, at det hasta ikkje. Han gofar trong ho, og ho mor og, so ofte ho no låg nedfyrre og ingenting orka. «Du ser, det er kje til å tenkje på oss sjølve no,» sa ho. Og Hans tagde, kor lite han lika seg. Det var som han tykte folk lo åt han, slik han gjekk her. Men Berit aldri vyrde folk; mindre og mindre skyna han seg på henne. Vener var dei, og ho var ofte snild med han, men lunefengd og rar. Vilde ikkje eingong dei skulde byte ringar. Det hasta ikkje med det hell – for henne.

– So var det ein vårdag i førefalle, at Sevat hadde vore ein tur med Gunhild i bilen. Ho køyrde jamt til misjonsmøte og andre kvendemøte no. Tok gjerne med seg ein ulldott frå grannekjerringane sine òg til misjonsarbeide, so pass dei òg skulde få vera med eit grand, um det ikkje var so laga for dei, at dei kunde koma på møte.

Vårvatne hadde grave stygge hol nedi leirbakkane, og bekkane gjekk so stride, at det var lite lønt å stelle vegen enno. Men Sevat truga seg fram etter den blaute vegen som låg midt i lia med ur <sup>[158]</sup> og fjell på eine sida, og Hildra brusande vårvill i djuve på den andre.

Det slingra og humpa iveg, bilen gjekk varm, og Gunhild vart rædd og bad um å få stiga ut. Men Sevat berre lo og køyrde på; han hadde alltid si gute-moro av å sjå kvinnfolk rædde. Og det var spaning og eventyr å fara soleis hestlaus uppetter alle bakkar og taumkøyre troll!

Men i bråsvingen, der ein leirbekk rann seig yvi vegen, miste han styringa, og bilen tok til å gli attyvi, men rende ved eit lukkelegt høve bakenden mot ei kjempetoll ytst på vegkanten, og dei var berga frå djuve –

Ein augneblink sat dei baa som klumsa.

Gunhild hadde bleikna av redsle, og Sevat bremsa og fomla med ratte. Men då han kjende dei stod, lo han. «Jagu står vi,» sa'n – «hæ» –

«Huf, detta var stygt» – Gunhild skalv i måle.

«Det kunde vore verre, jamen kunde det so. Berre sit roleg» –

Men Gunhild var alt ute.

«Nei, no lyt vi gå,» sa ho.

Då vart Sevat sint. Gå? «Jau, då sku' folk få no å flire åt – set deg uppi» –

«Nei,» sa Gunhild, «je går itte oppi denna doningen att, fyrr det bli' veg åt'n» –

Og no kom ho ihug, kva han Embret sa, då dei fekk bilen. «Det sku no ha vøri veg fysts,» sa'n.

Støkken sat i ho og vart til harm. Ho heiv kåpa uppi bilen og gjekk iveg. Det sveiv for henne, <sup>[159]</sup> at ho fekk hente hjelp åt'n. For ikkje såg det ut for henne som han

skulde greide dette åleine. Men ein fekk full freiste å berge slik kostbar reidskap, som ikkje eingong var heilt betalt enno.

Men då ho kom upp verste kneiken, sette ho seg på ein stein; ho vart so låk med ein gong, at ho vilde sige i uvit. Det kom ein bråverk i ryggen so ho stunde høgt.

Då kom han. «Nåda jåla,» sa han; «kanskje du tør setje deg opp nå?»

Og ho beit tennane ihop og kom seg uppi utan å mæle orde – no lå flate moen fyre dei.

Han glytte burt på ho – det var svært so bleik ho var. Kvinnfolk var kvinnfolk –

Men han lika seg ikkje –

– Utpå natta laut dei bodsende doktaren til Gunhild – Han kom, men var morgonsur.

Fårleg?

Det var som ein tok det. Det stod ikkje nett um live. Men det var heller ingen småting å fara ille for ei kone langt uti førtiåra, helst når ho vonleg fyrr bar på ein indre skade. Allvisst vart det sengjelægje ei tid frametter –

Då Sevat kom upp i gjestekammerse, der han no måtte flytje upp, kasta han seg fullklædd på senga. Jau, no vart her hugleg tilgagns –

Hadde no ho mor vore upp med sjøen! Her kunde ein korkje sova hell vaka. Dei gjekk og skumla på han, som han var den verste brotsmann. Men no sat ho mor på gamleheimen og banna han, ho og, endå ho måtte skyna han vilde ho væl –

[160] Um litt dorma han eit grand og vasa og drøynde at det var hardår so det snødde pinsdagen. Og han var på veg til Nordland med mor si, men ho sparka imot og ropte etter munnspele sitt. Og gubben stod og sputta etter dei og var hundra år –

Men so for han upp og såg seg svevnyr ikring. Og hugsa. Kasta seg nedatt – huf, den som sosannt var på vegen til verdsens ende!

Då han kom ned att, sov Gunhild, og Berit sat med sitt steingjengne andlit ved senga og vinka han av.

Litt etter sat han på kjøkenet og venta på mat. Dei tok seg god tid, dei som skulde varte han opp no, då Gunhild var burte. Og kjensla av at han sat der berre med eine foten innpå, no som då han var tenar berre, kom smygande som ei kald hand kring hjarta hans. Og idag var trassen burte; han var leid seg all igjennom. Hugsjuk so han kunde sputte seg sjølv ut. – Attpå alt vanta han no pengar til nybyggjinga han hadde teke til med. Og no gjekk det drøs i bygda um at prøvedrifta uppi Raudkletten skulde stogga òg. Var det noko i det, so rauk vona um å gjera kapital av fossen, og med tømnersale såg det smått ut i år, melde blade hans. Kor skulde ein då ta kontantar frå til alt? Ho kosta ikkje lite Signe hell no, og meir vart det, når ho skulde lenger ut i verda og lære meir.

– Berit kom endeleg og sette fram mat, og dei hadde ikkje eit ord å segje kvarandre. Slik han sat der no i gul skinnvest og gule chaufførlegger var han liksom utflutt, tykte ho.

[161] Men ein ting måtte ho nemne før ho gjekk att. Han Hans måtte få arbeide i fred. Den som aldri var heime, og aldri tok hand i gardsarbeid, fekk la vera å gjeva påbod som berre gjorde ugreie. Kvi fekk dei ikkje lov å køyre heim vinterveden med' føre var skikkeleg? No såg ein koss det gjekk –

Då for mode i han att: «Bry deg aldri» sa'n; «gardsdrifta er kje din bisseness» –

«Nei, det skulde full vera din, og var det ikkje for ho mor og han gofar so skulde eg longe vore utor augom dine» –

«Mor di er vaksi, ho treng ingen formyndar», sa han kvast, men såg ikkje upp.

«Ho mor er helselaus og viljelaus vorti,» sa ho, tjukk i måle, som gråten vilde upp; «henne hev du mergstole» –

Han reiv seg i håre; vart med ein gong vill. No kunde han den lekse! kunde det althop – no var han trøytt av det, so ho visste det. –

«Du er kje bundi her. Hald deg til ditt eller sjå deg um etter rom, som høver deg betre» –

Ho beit seg i lippa og vart kvit av harm. Han skjemdest ikkje den karen! So, ho var ikkje bundi her? Jamen var det godt ho fekk vita det. Meinte elles ikkje å vera utløyst. Og ho hadde arbeidt her frå ho kunde lyfte ei bytte og mjølke ei ku.

Gråten vilde ta magta frå henne, men ho tvinga seg og rette ryggen i trass. «Og no skal du vita det, at so lenge eg liver vert ikkje denne garden din. No er det mor mi,

som eig han, sidan er det eg. Soleis vilde far min det, og soleis vil eg <sup>[162]</sup> – for det er eg fødd til, og til det stend hugen min.»

Dermed vende ho han ryggen og gjekk

Hæ! Han lyfte på akslom og lo. Kva anna skulde ein gjera –

Men so med ein gong sig han ihop yvi bordet og sit som ein sjuk og stirer. I denne augneblinken kunde han gje livet sitt for å eige henne, um ho aldri åtte nåla i veggen. Men aldri hadde han kjennt meire sårt, kor høgt det var upp til henne.

Då stend mor hans i døra. Ho er komi stillt som ei ånd.

«Guddag og signe spis,» segjer ho og stig inn.

Han tek seg til hovude; det kjennest som han hadde fenge eit slag. Koss i all verda... kva var hendt? Koss kom ho hit –

«Måtte sjå deg att, Sevat – vart so hugtung dernede» –

Han ris upp. Hæ – kunde ho betre ha det? Hadde ho noko å klaga på, med' ho gav seg på bygdevegen att slik. Kva måtte folk tru? Var ikkje gamleheimen god nok for henne, når han var god nok for so mange av dei beste kjerringane i bygda – han betalte for ho og meinte å ha stelt alt på det beste. Han var i slik øsing, at han lite sansa seg. Alt kom på ein gong – det var ikkje slik her no, at *ho* høvde inn –

Men Lisa såg sårt på han, «byd du ikkje mor di sess, Sevat; vegen var dryg idag» –

Han sette stol fram, men vart gangande i ring. «Eg spør berre kva som er tids,» sa han, og beit <sup>[163]</sup> tennane ihop. Men ho svara berre, at han måtte heller køyrt henne på kyrkjegarden, enn derned millom alt det framande folke –

«Ikkje fær ein syngje og ikkje fær ein spela, ikkje fær ein mat som er vurdande. Fisken er gamall, smøre er laga i byen, og i senga attmed meg ligg ei sint kjering og skjeller berre eg snur meg» –

Han knytte neven i lumma. *Noko* fekk ein tola alle stader; ho var då ingen unge.

«Skal ikkje vera so syndhard mot mor di, Sevatguten – so mang ein gong hev eg gjenge føtene mine såre for di skuld» –

Ho vart so lita i klædi, sat der som eit heimlaust bån framfyre han og bad for seg. Og han mjukna i mæle, kunde gråte sjølv, for no tykte han med ein gong, at dei var

på landsvegen att bære, på legd og nåde. Ikkje hadde han bede um å bli sonen hennar, han var slengd ut på søkkemyra og fekk slå seg fram som dyrungen i skogen. Men ikkje var det hennar skuld –

Han stogga og såg mildare på henne. Ho sat der so arm og audmjuk med dei hjelpelause augo feste på han. Og med ein gong gjekk det som ei varm bære gjennom all hans hug og hått, at der sat det einaste menneskje i verda som vilde gå føtene sine såre for hans skuld. Han vart mjukmælt som ho, og tårune blinda augo hans.

«Ja ja, mor – me skal ikkje tala meir um dette no. No fær du kvile, og imorgo skal du få fin skyss.» – Og det ho trong skulde han sende henne, <sup>[164]</sup> og til neste vår skulde han syte for at stova hennar vart ferdug upp med sjøen. Men no måtte ho vera snild og slå seg til ro der ho var so lenge. Her låg ho Gunhild klein, og alt var i ulag nett no, so det var kje so greidt for han –

«Og so lyt du hugse du er gamal no, mor, det kan vera bra å vera nær doktor so du kan få hjelp um noko kjem på. Og nye brillor når det trengs og mangt anna» –

Hæ – no bles ho. Doktor! Ikkje trong ho doktor, gjekk aldri åt doktor «minners det stakk åt liva», og jamen var ho fresk! «Det er full' itte rar mor du har, men neiggu um ho er gamal, forlate mi synd no banna eg.»

Ho talar til tunga vert turr, sputtar kvitt og spør, um han ikkje byr mor si ein drykk – ho er so tyst, at ho kunde drikke skoplugg –

Han henta mjølk, og ho drakk og vende seg so mot varmen og geispa, ussel og småøygd. «Ja ja – far din reid so blank ein hest, han, men du og je, vi togg brusk og bein og tråva gardimillom» –

«Gamalt dette no, mor»

«Ja ja... gamalt alt no – slut på eventyra no» –

Ho turka augo og stira tomøygd fram fyre seg. «Du var so kjær i eventyr. Minns du når me kvilte på vegkanten, kor du bad meg spela. «Spela eventyr, mor», sa du –

Han gjekk uroleg ikring, gleid meir inn i draumane hennar –

<sup>[165]</sup> «Ja då mor, og eventyre skal koma. Men me lyt vente. Ha tolmod. – Og du skal sjå, stova di skal bli so fin som Soria Moria slotte – til våren att» –

So svinga han burtum kråskåpe, tok ei flaske og skjenkte i tvo glas –

«Og det drikk me på! Og so gløymer me det som gløymast skal, gløymer at me låg i lus og lort og åt mugne osteskorpor – det og mangt anna, gløymt skal det vera! Dei skal få høyre frå legdguten» –

Og no lyste augo hennar imot han som ho såg morgonsola renne – Å, guten hennar var som spele; so mange slag tonar var det i han!

Og som han gjekk der og øste seg opp, flagra orda hans imot henne som fagre fuglar – dei var tvoeine i verda att, ho og Sevatguten!

Her gjekk ein og sleit vengjene av seg som fivreld i klungerbusk, men gløymt, gløymt skulde det vera, «for no skal me lyse upp i verda!»

Lisa kjende, at der han no sveiv, var det ljost. Mangt måtte ein innum, men kallen spela: Fårleg, fårleg å spenne gradungen for møkkjerra; der høvde jalken! No var han Sevat son åt far sin der han gjekk!

Han drog ein krakk tett innåt henne, sette seg og tala um draumane sine som ein talar til eventyrlystne born. Eingong skulde ho få sjå under her! Hjul skulde gå, rundom og rundom, og usjålege hendar skulde kveikje ljøs og varme i stovorne oppmed Sirilsjøen og kvar heim etter Hildra og Sirilla! Ein song som ingen hadde høyrte maken til skulde ljome utyvi all fjellheimen!

[166] Lisa sat og rugga med hopknepte hendar. No var det som ho såg for seg han som tala so søte og fagre ord til henne, og ho kviskra: «gud signe deg so vent du talar!»

«Men me lyt vente, mor – vente tolugt, kvar i sitt» –

No kviskra ogso han –

«Ja, ja»

Ho bøygde seg imot han, og augo lyste – «skulde ikkje turka upp i gamalt fang, du Sevatguten; prinsessa hadde ikkje vore deg for god!»

Då lyfte han brått handa som han vilde slå, og ho drog seg forfælt unda –

Men no kom folk i svala, og orda fraus på lippom hans.

Det var Berit. Ein augneblink vart ho standande og sjå på dei tvo. Kva var no tids? Det vart mykje no på Buvin. Men den stakaren fekk ein gjera væl imot, so lenge ein vann –

Og ho spurde ikkje um noko, men stelte Lisa som ein annan vyrd gjest – var berre takksam for Sevat snart let dei vera åleine.

– Uppå det vesle rome, der seng vart reid til Lisa, stod Berit og hørde tolug på henne med ho prata um alt og alle oppmed sjøen. Gamleheimen nemnde ho ikkje, og ikkje spurde Berit. Ho visste fyrr kor ille Lisa lika seg der, og tenkte, at denne gongen vart ho vel for godt på Buvin. Det var ho longe budd på. Og i sitt inste fann ho det rimeleg. Slik det no var skjemdest ho; det var uhugleg og lite sømeleg å jaga stakaren dit ho ikkje [167] kunde trivast – kor lite moro det vart å ha henne svivande her.

Det fyste Lisa gjorde oppå rome sitt var å ta munnharpa si opp av lumma og leggje ho på stolen frammed senga, med' ho heldt på å småputre og prate um sitt. Det var no dette um demninga uppi sjøen og føskan som øyddest fordi matfløa vart burte. Matfløa olst inni vikom på gyrmebotn, og var det nok av den voks auren til åtte tumar fyste åre, og sidan auka dei halvkilo'n årvisst. Men no var det berre kjøe og slarkefisk å få uppi der. Ja all rikdomen vart burte i fjelle, koss det kunde ha seg. Siste snølause vinter'n hadde svell-brann' øydelagt skog og mark, hamninga var brunflekutt, og um det so var myrbærblomen, so stod'n blank siste åra 'pi myrom; det var berre ho-blom altihop. Ja, ja, det gjekk på skade!

Berit drøymde seg burt. Vart standande og stire på den vesle fine munnharpa som låg der. Hadde slik hug til å røre ved ho, men våga ikkje. Ikkje var ho den som fekk eit spel til å låte. Men det drog henne som noko løyndomsfullt og vedunderleg, og ho vart so hugsår der ho stod, at ho måtte skunde seg ut.

Og ho sa godnatt og bad Lisa sova godt.

Men Lisa måtte ha tak i handa hennar.

«Takk og ære,» nikka ho, «takk og ære, og gud signe deg so god du er» –

# Sant-Hans

Inn so kom den houcebonden,  
han var ikkje ven å sjå;  
«høgg de ned mitt plometre,  
jomfruga skal de aldri sjå» –

Sevat var no årviss på Sant-Hans marken.

Ikkje smaug han seg lenger halvbyg og illsvien inn i skogeigarflokken; han hadde lært eitkvart no, kunde tonen og slagorda, og han var gløgg nok til å rekne og hadde god teft. Stundom hadde han vore heppen i handel, men kvar gong *det* hende, fann han på tusund ting å bruke pengane til. Mest hadde bilen og nybygginga slukt fyste åri, men no kom ein ting attåt. Ein sambygding som hadde vorte aktiemeklar i byen rådde honom til å kaupe nokre skipsaktier, og det gjekk so storveges, at Sevat mest vart rædd. På nokre dagar tente han fleire tusen. Det var noko løyndomsfullt, uskyneleg som han ikkje våga nemne til andre enn Gunhild som gjekk heime og var ufrisk alltid no, og let honom råde –

Det hadde aldri vore slik marken. Han kaupte svart silkety til kjole åt Gunhild, det dyraste han kunde få, gullklokke og lang gullkjede. Og til Signe sende han perleband og fingerring med ein liten glimestein i. Men han gøymde alt saman på botnen <sup>[169]</sup> i den nye skinnkufferten sin, vel inntulla i gamle hoseleggjer; det var som han gøymde tjuvekostar. Endå dette var smått mot alt han såg og hørde andre kaupe. Som den storingen frå Elvrom som kaupte sju mårsinn av ein solung til muffe og krage åt fruva si og la tvo tusund kontant på borde. Eller han som fora silkekåpa til kona si med sobel-sinn og gav dotter si bil til ti tusund i bruregåve –

Men det var no dernede. Lenger uppi dalen våga ein snaut syne fram ein ting som var utom det vanlege, kor mykje han var ærleg bekømmi og betalt –

Han hadde fengje god oppgjerd dennegongen, og mode voks att.

Men då han kom innum «Solung-børsen» kvelden fyrr han drog uppyvi att, var det uro i lastehandlarflokken. Det gjekk ord um at tvo store firma heldt seg burte frå

tømmermarknaden denne sumaren; det eine var Mørkel & Co.

Fysst vilde folk snaut tru det, men orde heldt seg, og snart kom vissa. Då vart gamel-kara ottefulle og meir varsame, men enno rann gullflaumen og det vart mang ei moro denne gongen og. Og nye møte vart avtala til hestemarken i februar. Dei hadde sumt å syne der og mange av kaksane oppmed Mjøsa og i Glåmdalsbygdene –

\*

Sevat reiste uppyvi att i sers godlag, saman med bror hennar Gunhild, Hans Storneset, og vart med innum der. Hans hadde vorte gift med guvernanta i skrivargarden, og ho hadde stått for å skipe til alt [170] på nymotens gjerd i den gamle bondeheimen. Husa var umbygd, bad og W. C. var innlagd og den nye store matsalen var kvitlakera og pryda med målarstykke av ein kunstnar som var gjest der um sumaren.

Sevat hadde vore der berre ein gong fyrr, og då kjende han det kaldt ikring seg. Fruva heldt han på fråstand, og Hans var i ulag. Men no var tona annleis. Sevat vart fagna på det beste både av verbroren og den fine fruva hans. Sigarar vart bydd han av den asken som elles vart gøymd til storkara.

«Jeg vet du skjønner dig på tobak,» sa fruva blid.

Ho tykte Sevat hadde vorte ein gentleman no og var ein staseleg kar å sjå på. Ho tok sanneleg til å tru, at det kunde vera noko i prate um generalen som skulde vera far hans. Han var annleis enn andre bøndar, meir «soigneret, og galant.» – Og so frisinna var ein då i vår tid, at ein ikkje spurde etter vigjings-setelen til foreldri.

So tala ho no, når nokon enno kunde slå på, at Gunhild Buvin hadde gift seg uhøveleg.

Og denne vitjinga lykta med at fruva baud seg til å ta Signe i huse, når ho vart fri alle skulane, og lære henne upp i finare husstell, musik og anna, som unge damor no burde kunne –

Og Sevat var glad og takksam. Signe var gjenta *hans*; henne vilde han gjerne vita i hendane til fruva på Storneset. Og kvelden vart overlag hugleg.

Sevat prata og fortalde frå byturen. Mykje gildt folk hadde han råka denne gongen, millom andre ein kaptein i planketraden, som hadde talt han til å [171] selje garden

no, med' prisane var gode og gå inn i trelastforretning sørpå. Han hadde fått slik hug til å nemne dette, og sat i spaning for å høyre kva skyldfolke hennar Gunhild vilde segje til denne tanken.

Dei sat no med kaffien og den svenske ponsen ved det runde massingborde i «salongen», og fruva tok lange drag av sigaretten og sa, at ja tenk, det *måtte* igrunnen vera fornuftig –

For *sånne* priser på eiendommer, ja det kom da vel *aldri* mer igjen! Nu *kunde* en gjøre storvarp med bondegårdene altså –

Og Sevat var samd. Det kunde sagte vore moro å freiste men. Ein var no nærare verda dernede. Den nemnde skipparen hadde tala på ein Englandstur og. Skuta hans låg alltid ein dag i Dartmouth og «køla», so fri reis dit var ingen sak å få – å ja, det var no berre draumar dette då, men –. Ja skipper'n hadde endå til tala på Holland og Australia. For neri osen sa'n, der lå den norske trelast-magta som ei diger kongro og spenn trådar kring heile verda!

Det var so det svimra for Sevat med store og herlege syner; han tala seg varm, og fruva lydde på han og vart lengselfull i augo – ein *var* no endelaust langt frå verda uppi her!

Men Hans var litt tung av seg, og tenkte med seg, at det var ikkje verst å sitja i ro, når ein sat godt. Ein visste kva ein hadde, men ikkje kva ein fekk. Han hadde lika seg lite i byen dei tvo vintrane dei heldt hushald der for tvo vaksne søner som studera; og [172] dei fekk han ikkje med på det meir. Og tilsist sa han berre, at det var vidtløftige greier å skilje seg med ein god gard. Han trudde ein gjorde væl i å tenkje seg um ei god stund, fyrr ein fann på sovore –

«Ja men søte Hans, du sier jo, at gården bare gir tap» –

«Ja, garden. Men so er det skogen då» – Elles kom det no an på hushaldet det –

«Javist. Men la oss nå ikke komme inn på *det* kapitle – nå vil vi sandelig ha det hyggelig» –

Koss det var og ikkje var, so vart Sevat so govener med fruva på Storneset denne venda, at han tilsist pakka opp silketye og klokka med kjede som han hadde kaupt til Gunhild og synte henne.

«Det må jeg si er mann!» sa fruva og skjegla burtpå den rolege husbonden sin, som nok aldri fann på sovore –

«Syns du det er bra?» smilte Sevat og var byrg. «Nydelig,» kytte fruva, «smagfullt og nydelig; dette må du se på Hans»

Men Sevat tok silketye og kasta i fange hennar. «Ja, er so du likar det, so ta det,» sa han og nikka.

Fruva slog armane um den blanke silkerullen – «men er du gal! Enn Gunhild da?»

«Å pyt, det er meir i byen,» lo Sevat.

«Ja men – nei men» – ho sat og kjæla for tye. Men no såg Hans upp. Nei, detta var inga meining i – hå sku dei gje att for slik dyr gåve?

«Eg skal ingenting ha att, slit det med helsa,» sa Sevat flott –

– Men då han var reist fekk fruva høyre at ein <sup>[173]</sup> tok ikkje imot sovore utan å gje eitkvart att. «Eg vil no ikkje vera skuldig han Sevat Rønning noko, so du vet det» –

«Nei nei, som du vil – men jeg syns sandelig han var storslagen, jeg» – sa fruva, og gjekk demonstrativt ut med den dyre gåva si. Det fekk då vera måte på bondestahet og bonde-kryhet – ein vart sanneleg so trøytt av det at – –

# Jolkvelden

Ingen sit den sjuke so nær, at  
dei kjenner kva han lid –

Jolkvelden same åre sat Gunhild og Berit og venta på Sevat; Gunhild i armstolen sin, med ryggen mot den gamle himmelsenga, studd med putor, og sveipt i mjuke kvitlar. Ho er merkt av lang sjukdom og svevnløyse, og hovude kviler mot stolrygen.

Ved borde sit Berit og les i salmeboka.

«Eit barn er fødd i Betlehem, i Betlehem,  
di frygder seg Jerusalem,  
halleluja, halleluja! –

Her ligg han i eit krubberom, eit krubberom,  
ævleg er hans herredom,  
halleluja» –

Då lettar Gunhild på hovude og lyer.

«Tyst!» kviskrar ho, og augo stirer –

Men Berit rister på hovude, og Gunhild sukkar tungt.

På det vesle borde brenn tvo velendljos.<sup>n14</sup> Det er Berit som gleder gofar med å støype slike til jol, [175] etter gamall skikk. Kyrkja er langt undan, dit kjem dei berre når dei skal vigje, døype eller gravleggje, men jol og andre høgtider held dei på gamall vis med ymse nedervde skikkar, og nytestamente og salmeboka kjem fram –

Berit hev sjølv lydd etter bjølleljod ein augneblink; no les ho att.

«Tri kongar kom frå austerland, frå austerland,  
gull, røykjels, myrrha gav dei han,  
halleluja, halleluja! –

Han boren er forutan mein, forutan mein,  
av møy Maria, sæl og rein,  
halleluja, halleluja!»

Men Gunhild vert uroleg att. Glytter mot glase, ynkar seg som i pine.

«Tyst – no høyrde eg so skileg» –

«Nei mor, det er berre snødreve mot glasi» –

Og atter legg Gunhild seg ned.

«Du høyrer ikkje på salmen, mor»

«Jau, les meir, les meir!»

Og Berit les att. Men måle hennar er døyvt, og ho sansar snaut sjølv meininga i orda. Det er berre ei gamal tone som syng av seg sjølv i henne, so vekjømeleg vent, at ho må gråte. Men ho tvingar seg –

«So gjer han med seg sjølv oss lik, seg sjølv oss lik,  
og leider oss til himmerik...

Då kom ein djup skjelvande sukk frå den sjuke. «Ja var det so vel han vilde hente meg snart» –

[176] «Seg ikkje slikt, mor»

Men Gunhild knepte hendane fast ihop, og tårune rann uensa nedyvi det tunne bleike andlite. Ho var so trøytt av å tenkje på altsaman – det gjekk på skade; ho visste det no – med garden og med *han*. Han var ikkje lik seg lenger. Men at han vart burte ikveld, det var meir enn ho orka bere.

Og ho fester augo på Berit. «Du er rædd, du og» –

«Nei då, mor. Han vart då so ofte burte soleis» –

«Ja men ikveld – jolkvelden»...

Berit smiler og segjer det er vel lett å bli døgervill for den som hev hovude so fullt som han Sevat.

Gunhild tek dei rædde augo til seg att – no hev ho Berit den harde løyndomsfulle smilen att.

«Du veit då det mor, at kattungar og fulle folk kjem alltid ned på føtom» –

Gunhild fær det pinefulle drage kring munnen som varslar gråten.

«No sit du og tenkjer stygt» –

«Eg tenkjer ingenting – ein veit då det bli litt mykje skjenk soleis joletida – men no lyt me roa oss» –

«Ja, du kann full' vera trøytt» –

«Å for det. Men det er seint vorte, og du skulde ikkje sitja uppe so lenge» –

«Fær ikkje sova i senga lell, men eg lyt full' freste. Å herregud, hadde endå ho Signe komi heim... so stusleg ein jolekveld hev me aldri havt» –

«Hev det bra, der ho er, ho – trivst på Storneset» –

[177] «Ja stakar – det vart for stusleg for henne her – ho var so ung» –

Berit svara ikkje. Det var andre som òg hadde vore so unge, men ingen hadde tenkt på det.

Og dei tegjer ei stund. Men so vil Gunhild åt senga, og Berit hjelper henne.

«Du skulde vore gut, du, Berit, so sterk du er» –

Berit smiler. «Stakk hell brok kjem full ut på eitt, berre ein hev nevar» –

Dei tegjer att ei stund, med' Berit gjeng og rydjer.

Då snur Gunhild hovude og ser etter henne. «Det er eit eg hev tenkt på ofte, Berit; kvi vart det ikkje noko med deg og han Harald, son åt presten? Det såg då ut for oss alle sist han var heime, som»...

«Tull mor,» sa Berit utolug.

Og Gunhild sukka, med' augo flakka urolege kring rome. Ja ja, det var full ikkje so laga –

So med eingong bed ho Berit ikkje setje skorne hennar under senga –

«Kvifor då, mor?»

«Ein drøymer so nifst, når skoa stend under senga» –

«Du trur då ikkje på slikt du, mor» –

«Nei men... dei segjer det – og eg hev so vonde draumar no – søv ikkje so godt som du» –

«Å, eg drøymer stundom, eg òg, mor» –

«Du?»

«Ja, det er kje fritt. Nyst drøymde eg, at eg var eit herteke kvende og stod i lyftinga på eit skip og kasta ball med eit hovdinghovud» –

[178] «Kors i Jesu namn, som du talar! Det er all denne sogelesinga de dreiv med på høgskulen» –

Men Berit heldt fram – «og då eg vakna, so var eg *her* – og leika meg med å løyse gåtor» –

Ho lær ein stutt og kald lått, so mor hennar kvekk. Den låtten er som eit slag. Lær ho?

«Ja mor, du lyt orsaka – det kom berre for meg, at det er so mykje løgleg i verda» –

So slær ho um og segjer brått, at no sløkkjer ho og gjeng. Og ho smiler att:

«Jolelyse må ikkje sløkkje av seg sjølv, veit du; det er dårlegt teikn» –

«Nei nei, sløkk ikkje – skara dei, og lat dei brenne» –

«Ja som du vil då. Og so fær me freiste å sova baa. Berre me ikkje hev ete for mykje mylje til kvelds» – det var som ho trong skjemte eit grand –

Men Gunhild er fanga i sitt. Og so vender ho hovude og ser på henne med augo som er myrke av angst – av spaning og uro.

«Du Berit» –

«Ja mor» –

«Det lyt full bli no – med han Hans og deg – vert greidare då... alting?»

Berit vart kald. Tenkte ho mor på garden no, eller –

Gunhild våga ikkje sjå på henne lenger; ho var so kvit vorti. Men ho knepte hendane og liksom henta styrke ovanfrå: «Det var godt um det vart no ja – for oss alle» –

Berit drog anden stilt og djupt og sa, at det var ogso *hennar* tanke.

[179] Gunhild kviskra ein takk til Gud i hjarta sitt, og det lettna for bringa.

«Best fysst som sist, godt for alt som er unnagjort» – la Berit til.

Og no måtte Gunhild sjå på henne att, for no hadde ho den tonen, som ho aldri skyna – den som sveid, endå han var både lett og lystig –

– Då hørde dei steg i gangen, og i same blinken kjem Lisa stupande inn, so brått, at Gunhild vert nåbleik.

Jesu nam – kva er tids!

Men Lisa sig ned på stolen attmed døra og segjer andsloppi at det skreik so stygt burti vegen!

Berit ser på henne. Men kjære, hadde ho vore ute?

Ja, Lisa segjer ho måtte ut og gå han til møtes, det var so fint eit måneljos.

Men Gunhild stirer. Skreik det, sa ho? Kvarhelst? Kven var det?

Ho hev reist seg halvt i senga, som ho vil springe upp.

Ja, det skreik so stygt – inni skogen –

Og ho bed Berit um ein drykk, ho hev sprunge –

Berit gjeng roleg ut. Tenkjer, at Lisa er den ho er. Ser og høyrer so mykje stødt, men hentar vel det meste or sitt eige urolege sinn –

«Såg du ingen?» spør Gunhild rædd, då Berit er ute.

Nei, Lisa *såg* ingen.

So legg Gunhild seg ned att og knepper hendane. Å herregud, ein veit ingen ting. Vårherre kann ta [180] ung og gamall like brått – Gud hjelpe dei som ute er!

Berit kjem med øldrykk og segjer det er ungdom som køyrer jolkut Lisa hev høyrte.  
No for dei framum –

Lisa tegjer, tek bollen og syp i seg –

Men Gunhild takkar Gud. Mullar, at det er synd og skam å fara slik ein jolkveld –

Og no gret ho av nerveskaking, og legg seg mødd nedi putorne att.

Berit skynar ho treng ro no, og fær Lisa med seg. Lisa fylgjer, og då dei kjem upp  
troppa segjer Lisa takk og ære – «sæl den som er i di varetekt, Berit» –

Men ho skjelv i måle. Ho er komi for å vera jolegjest hjå sonen sin, men han er  
burte. Ho hev ikkje set han. «Men han Sevat no då?» segjer ho fyrr dei skiljest.

Men Berit smiler roleg og segjer ho kann lite på Sevat søv godt hjå gode vener no.  
Og den gamle tek orda upp att og gjev seg til tøls – ja, ja, han Sevat søv hjå gode  
vener nå...

Men då ho vert åleine tek tankane til å gå i ring. Reven hadde gøydd i kyrkjevingen  
for Gunhild... det bar mot siste reisa. – So vart han gangand' her med den andre –  
hyst, hyst – ho var då trulova, javisst, men folk tok til å undrast kva dei venta  
etter –

på *han* stod det visst ikkje, stakkars kvitfisen –

Utpå morgonsida kom Sevat. Då Gunhild hørde han var i hus komen, seig ho  
endeleg inn i ein tung dus som likna svevn.

[181] Men Berit hadde lagt seg fullklædd på senga og sprang upp, då ho hørde han i  
tunet. Og lenge etter han var innkomen sat ho i glase og stira ut i den månegyllte  
vinternatta. Tenkte på henne som låg dernede og tumla med so pinefulle tankar.  
Likevel utan anger. Koss kunde ho angre, slik hugen hennar var bunden til han. Ein  
vond tanke fekk blode til å suse åt hovude hennar – var ho mor rædd for... nei, nei,  
noko so fælsleg kunde då ikkje koma i hugen hennar –

Men kvifor var augo hennar rædde, kvar gong ho spurde um dei ikkje skulde gifte  
seg no, han Hans og ho? Var det garden ho tenkte på? Trega ho no, då ho såg kor  
det bar av? Å ja visst var det hugsott og anger – stakars mor!

Ho freista mana burt alle vonde tankar, men det seig inn på henne som nærsøkjen  
klegg at ho var rædd for å lata han Sevat og henne åleine. Ho slog det vekk med

tusund kunster, men då ho kraup under felden vart ho liggjande og stire inn i so stor ei hjelpeløyse, og det stod som skrive framfyrre henne: det er du sjølv som er rædd –

Imorgo den dag... imorgo den dag skulde dagen setjast med han Hans! Imorgo den dag –

# Dansen går –

Det kjem ikkje heilt or ulvekjeften  
som i er kome –

Sevat var burti mangt denne vinteren. Han var komen inn i ein ringdans, der han vart kasta styrelaus ikring av magter som stundom bar han yvi båretoppen, men oftare og oftare slengde han inn på kanten av malstraumen –

Denne tida, då Gunhild låg nedfyre, og han illtreivst so inderleg heime, hadde vanheppa vore i hælane på han ute og.

Han tok til å fæle, såg meir og meir, at han hadde køyrt seg fast. Nyst var han millionær i tyske mark og russiske rublar, og tok inn utruleg på skipsaksjer og skog. No stod med ein gong stortrolla derute og gap-lo åt han og ropte tosk!

Han skyna ingen ting; koss i heite kunde slikt gå for seg!

Og fabriken han fekk Gunhild til å gå med på å setja pengar i, mest alt dei fekk for siste skogteigen, den rauk fyrr han var komen i full drift. Og slik ein nåde det hadde vore å få vera med der. Men kvar krone gjekk ti! botnar i eit veldugt svart gap –

Det var eit lån på garden fyre hans tid; no var <sup>[183]</sup> det mange; snart var storparten pantsett. Og no trong han eit nytt lån att for å greide dei gamle. Og ein dag stod han i det store, heimehuglege kjøken-rome på Vestgard med eit papir i lumma som han måtte freiste å få underskrift på.

Kring langborde sat husbondsfolke med vaksne born og tenarar og fekk seg dugurd. Store jarntanner med steikt fleisk, tretraug med dampande jordeple og kvite trebollar med kjillarmjølkk var framsett millom flatbrødhaugane –

Det var seks søner og ei dotter på Vestgard, og no var det arbeid for mest alle heime. Berre yngste sonen var enno ute på skule; han vilde bli lærar. Den eldste var utlært ved høgskulen på Aas og styrde no garden saman med far sin.

Elles var det arbeid nok i dei seks tusund mål skog som hørde garden til, i smia, snikkar-verkstaden og det store fjøse. Av leigd hjelp hadde dei berre ei ung gjente og ein dreng til underbudeie. Næst-eldste sonen var «overbudeie» eller «sveitser» dei kalla, og han hadde ogso gjenge dyrlækjarskulen, og var til stor hjelp for mange i grannelage på sin måte, som far hans var det på sin. Vestgardsfolke var namnspurd både for dugleik og hjartelag.

Arne sjølv var godlynd og klok, hadde auka gamall velstand og kunde hjelpe i mang ei naud. Desse små grendene heruppi fjelle var verda hans; ansvar kjende han her for alt og alle, og alle hadde tillit til han og spurde han tilråds. Og byrg var <sup>[184]</sup> han fordi bygda hans etter måten gjorde komuna mindre bry enn mange større og rikare krinsar.

Folk var sjølvhjelppte, um det enn var smått for mange. Og ingen lensmann hadde ærend dit, for folk var so ærlege, at ikkje den største armod fekk dei til å stele frå kvarandre eller snyte i handel.

Og um ein liten brukar miste eit dyr ved ulukke, var det som ei uskrivi lov, at grannar som hadde råd med det la saman og bøtte skaden. Og soleis hjelpte dei ogso kvarandre når storarbeid stod på. Heldt doning på nybrot og taktekkjing, og det vart alltid som ein grendefest, som slutta med leik og dans –

Og i alt sovore var Vestgardsfolke fysst og sist.

At han Sevat kom soleis ein kvardag midt i arbeidstida var ikkje for det gode; det skyna dei straks, men ikkje tedde det på dei, at dei undrast. Dei tok imot gjesten rolege og blide, sæte vart framsett og praten kom igang um ver og vårvoner.

Han kom *gangand'* idag, Sevat, og Arne skjemta harmlaust med det. «Du pla' no koma på gummihjul, du,» sa'n, og fann eit grand åt han, fordi han hadde fått motordilla, han og.

Men då folka reiste seg frå matborde vart Sevat beden inn i kammerse, og fagna fint på kvitduka bord med kaffi og allslags biteti<sup>[115]</sup> av heimeslage. Men då Arne og han vart åleine, kom han fram med ærenda si. Han trong eit lite lån i eit knipetak, <sup>[185]</sup> og vilde be Arne skrive under på eit papir. Det var sjølvsagt berre ei formsak, for verde var det som Arne sjølv visste, nok av enno på Buvin.

«Eg har vore dum og godtruen, eg som alle andre no ei tid» sa han og lo so smått, «du vet eg er impulsiv, eg liksom tyske-keisar'n –»

Arne smilte roleg. Ja, det var so det.

«Men lån er ofte verst for den som fær det, veit du. Mange lån er møllesteinen kring bondens hals. Du er tilsist som fisken i ringnota, kor du vender deg er det stengt med renter og renters renter, so du ingen stad slepp ut. Låna gneg på garden som skot.<sup>n16</sup> Sjø no han Gullik, no sit han som reven i glefsa for tankeløysa si. Har somla burt en tå beste galom i bygda. Itte har'n drøkki mer hell andre, itte har'n spela kort hell tura med kvinnfolk; det er berre tankeløyse og slarvestell» –

Sevat kjende det heile tida som Arne tala um Buvin, der *han* no hadde styrt i ti år. Og han vart heit der han sat. Men han freista le. «Ja, han Gullik! Men du mene full' itte at»...

«Nei, du vet, men – låna gneg på Buvin og. Og mange andre gardar som skulde vera gode nok. Forretningane sluker tida, so det vert lite med arbeid.

Men arbeidsro lyt det vera på ein gard; det er arbeide som ber alt for bonden. Og umtanken, en lyt måna seg fram litt um senn» –

«Ja ja du vet det. Likevel – i desse tider, so [186] er det ikkje alltid den gamle lova som gjeld. Men, er so du er rædd, so» –

«Nei, for det. Men ingen vet kor det ber av med noko no. Einaste vona er full no som alltid å halda seg til det som naturleg er for bonden og gjere det en kann der. Ettersom det ser ut, so har me vøri på toppen med prisar og storhogst.»

Sevat drog på akslom. Det prate hadde han høyrte so ofte, og det var no ymse meiningar um desse ting –

Arne saug ettertenksam på pipa, og såg framfyre seg. Det var full so. «Men det spørst um me kjem til å legge noko kvarv på galom våre, dette ættlede likevel. Det skal full bli vanskeleg nok, um ein er aldri so varsam» –

Hjarta vart tungt i Sevat. Ikkje at han åtte den kjensla for Buvin som desse andre hadde for ættegardom sine, det var ikkje religion for han, og meir enn ein gong hadde han stogga framfyre denne ættegards-dyrkinga i harm og motvilje. Han fann ho reindyrka i tvo menneskje der lagnaden no hadde sett han, og han tykte dei var som innkvervde i fjelle, og ikkje åtte raudt mannablod i årom. Men han kjende det som han måtte gå til botnar i den store søkkemyra han all sin dag hadde slite for å koma upp av, um han no ikkje fekk den fjøl-stubben han stira etter til å halda seg uppe på –

Men då rette Arne seg i stolen; han vilde skrive på denne gongen, var so dei kunde få eit namn til, som banken vilde godtaka. Det var ikkje so mange av dei nett no. Det var no det, at Buvinfolke var [187] av ætta hans, og so fekk ein gjera det ein kunde i det lengste –

Sevat hadde vondt for å løyne kor glad han vart, augo vart so varme, og han måtte snyte seg både ein og tvo gonger. No var han berga denne gongen og so kunde det store undere skje. Enno var ikkje all von ute –

Og dagen etter hadde han namnet til den velsigna Gamle-presten attåt Arne Vestgards. Gildare nytt kunde han ikkje koma heim med til Gunhild. No kunde dei sjå, dei som gjekk der og tala um tvangsaksjon og skula til Sevat. Når desse tvo karane våga namne sitt, måtte dei vel tru på han. Og det var vel folk som skyna seg meir på forretningar enn ei ung gjente og ein eldgamall gubbe –

Sjølv hadde Gunhild enno aldri mist trua på han, kor gale det kunde sjå ut. Gale gjekk det for alle snart; koss skulde *dei* vente å sleppe unda Guds straffedom meir hell andre! Og når han la papir framfyre henne, vilde ho knapt lesa det ho skreiv under på –

Sevat hadde gått av vegen for gubben lenge no; rekneskapen med føderådet var han redd for.

«Denne gamlingen er som gamalosten,» sa han til Gunhild; «han vert sterkare di eldre han bli'». No hadde han ogso teke til å gå rundt i galom og klage seg for vanstille på Buvin. Sevat fekk høyre att nok til å vita kvar han no hadde den karen. Ikkje minst for gubbens skuld velsigna han då no dei tvo som hadde berga han.

Ogso Gunhild gjekk unda Anders. Det var ein [188] kross vårherre hadde lagt på henne, og ein fekk bera det i tølmod. Men då Sevat ein dag sa høgt til henne, at no kunde gjerne vårherre få ta denne gubben som gjekk der og sette vondt ut um dei millom grannefolke, då vart ho fæli. Ein kunde då ikkje ynskje livet av han likevæl.

«Jau,» sa Sevat uvyrden, «det kann ein, men ein kann diverre ikkje ta det». Han var sint.

Jøss, kor han tala! Tenk um nokon høyrde han. Men det var ikkje råd anna enn ho måtte smile før lite grand. Han var so munnkåt, han Sevat, men han meinte no ikkje større med det.

Det siste sa ho liksom til vårherre. –

## «Fåfengt å binde um banesåret»

[189] Døra nurkar i kalle jønne  
og istappen heng ikring;  
lenger var meg den vinternotti  
enn halve alderen min –

Utpå våren døyde Gunhild. Ho somna inn med' Sevat heldt handa hennar og song so fager ei vise.

Duva sette seg på liljan kvist,  
gud å råde;  
ho syngjer so fagert um Jesum Krist:  
herre gud gjeve oss sin nåde –

Då han ingenting meir visste å segje eller gjera dei stundene han sat hjå henne, fann han på å synge. Og gamle viso frå ungdomstida i presteheimen rann honom i hugen, for vers, dei gløymde han aldri, og synge, det kunde han, og det gjorde han alltid når rådløysa var størst. Det var som ein døyvedrykk han kunde skjenke seg sjølv kostnadlaust –

Og det han no stod i var mest meir enn han greidde. Han gjekk som på glør. Ikkje visste han å gjera seg sjølv rekneskap for alle dei kjenslor som båra gjennom han. Sorg? Å javisst var det sårt å [190] sjå henne døy, ho hadde vore god med han. Men ikkje vilde han havt desse åra uppatt. Det hadde vore ein leik millom eldar –

Men no? Heretter?

Nei, ikkje tenkje! Og han song og song, vers etter vers med mjukt mæle og heldt den visne handa –

Og Gunhild såg den kvite duva, og hørde so blid ein englesong um Jesum Krist, med' sjela dorma av i den siste svevnen –

Dagen fyre, då Berit sat hjå henne, hadde ho mest vore i ein dus. Men eingong vakna ho brått, augo flakka og fann Berits andlit.

«Du og han Hans»...

So orka ho ikkje meir. Orda vart til ei uskyleneleg vavling, med' dei gule fingrane klora på åklæda.

Men Berit skyna. Og det gjekk som ei frostsaking igjennom henne, at mor hennar låg der og pintest med vonde tankar attpå alt. Og ho bøygde seg ned og kviskra, at no skulde det skje. «Han Hans og eg, me skal nedyvi no, mor – til presten» –

Og ein liten smil gleid yvi andlite til den sjuke og gjorde det mindre strengt.

Men um natta, i den augneblinken siste livsgneisten slokna, var det som ei ljusbåre gleid yvi dei harde, forpinte dragi, glatta ut kvar rynke, og gjorde det smale fine andlite so forunderleg ljost og ungt –

Sevat hadde sunge henne inn i siste svevnen, og no sat han der og gret stilt –

[191] So var han vel glad i henne lel, tanken gjekk som ein styng gjennom Berit.

– Det vart ei lang ferd som fylgde Gunhild Buvin til grava.

I heimen tala gamle-presten so vent um dei som var trugne til det siste, at alle gret – utan Berit. Ho sat som steingjengi, hugtung so ho syntes ho måtte døy og grava seg ned med henne som no skulde utberast. Men ho åtte ikkje tårur. Og ho kunde ikkje halda den tanken burte frå seg, at den snilde presten tala ut i vêret. Stod der og dikta. Ho mor var av so veikt eit to, at ho aldri sjølv visste, kor lite ho hadde vore trugi mot det ho vart sett til å verje –

Likferdsfolke fekk ikkje augo frå Berit der ho sat, stiv og kald å sjå på, medan Signe som var heimkomi til gravøle, kasta seg på golve og storgret, so dei måtte ha henne ut. Stakar Signe! Ho var nok ikkje frisk hell', ettersom det lyddest – og kjælebåne til mor si hadde ho alltid vore. Men Berit var det hardt grjot i.

Det gjekk eit ord etter langgomor hennar som sume hugsar idag. «Tri mennar og tri bjøl'kjur ha eg mist», skulde ho ha sagt, «men gud skje takk og pris ha ingen set ei tår tippe» –

Ho Berit var nok av same malmen.

– Han Sevat vilde ha stort lag, og Bersven, som var flutt uppi for godt no, vart bodsend til å ståke med maten. Alt skulde vera på nymotens vis. Bersven hadde

meint det skulde vore etter bygdeskikken med rjomegraut og fjellfisk, og sa det med Berit. Men ho svara berre:

[192] «Lat det bli etter viljen *hans* – dennegongen.»

Hundra menneskje seig ut og inn og vart matstelte på Buvin fyrr dei kom iveg til kyrkjegarden; dit fylgde tretti hestar. Det vart ein dryg tur midt i førefalle, og folk og hestar var like slitne då dei nådde so langt at dei berre hadde bakken upp åt kyrkja og klokkune tok til å ringe.

Ein våt og frosen flokk var det som endeleg fekk samla seg kring den opne grava som gapte so uhugleg svart midt i den blå, vasstrukne vårsnøen.

Presten og skulemeistaren hadde venta so lenge, at dei longe var trøytte og illevøln<sup>117</sup> dei òg, og ikkje var det stor makta i måle åt nokon av dei.

Ei dampsag kveste og kvein, bilar tuta, og eit godstog ramla pæsande og frøsande inn på stasjonen like bak kyrkjemuren.

Den blåbleike gamle trekyrkja og den armodslege gravplassen var so tett innringa av denne verda med sitt ståk og stell, at det var som dei skrumpa meir og meir saman og i trøytt vonløyse gav upp fyreretten sin til det vesle rome som enno var esla det himmelske.

Få hørde kva presten sa, og den krimfulle gamle klokkaren song salmeversa åleine med håst mål. Snøslabbe la seg kaldt kring føtane, og heile kyrkjegarden var som ei blåsur øydemark kring den kalde audslege kyrkja. Ein og annan gravstein av vanlegaste slage, turre og keidsame, og ein og annan svart, skakk kross stakk upp av slabbe millom namnlause graver som nedsnødde tuvor. Alt småfolke [193] lengst upp i avkrokane hadde nok med å slite for det lévandes; dei daude måtte dei gje' i vårherres hand, når dei eingong var i jorda komne. Men minne var livande gjennom ættled i dei små stovorne, um grava grodde til –

– Endeleg sat det frosne og svoltne likferdsfylgje i klokkar-stugu og tina seg upp med varm kaffi og den gode nista frå Buvin, som Bersven og Berit hadde sytt for, raust og rikleg på gamal vis. Det var som ei utløyning etter den stuslege stunda på kyrkjegarden.

Sevat hadde vore i tvangstrøye so lenge no, at han kjende seg reint ussel.

No kunde han endeleg tala med sitt vanlege mæle att, og han sette seg attmed den store jarnommen, der nokre av dei eldste gubbane hadde funne seg rom. Og no losna tungebanda, og dei vende attende til live –

Og på heimvegen vart ikkje hestane spara, men uppyvi-bakke gjekk det og drygt vart det. Men i Buvin-tune stod Bersven på utkikk, ankefull for maten –

– Det vart sein natt fyrr alle hadde vore tilbords. Men alt gjekk fint, og alle fekk nok og meir enn det. Kvar gjest hadde ført sendingsmat med seg, og garden hadde ytt sitt beste; det vart eit retteleg storgravøl, som det sømde seg etter Buvin-fruva.

Men han Bersven, som visste koss det stod til med økonomien på Buvin, spara der han kunde, mest på den dyre rødvinen. Han skjenkte minst <sup>[194]</sup> mogeleg i glasa, og då han Gullik Settmoen hadde tømt tri glas gjekk han framum utan å skjenke på att. Men då han gjekk forbi den nye presten òg, so var det ein som kviskra til han, at glase til presten var tomt. Men han Bersven lest ikkje høyre. <sup>118</sup> Og sidemannen til presten sa orsakande, at han tok til å høyre so lite, han Bersven.

Men då han kom ut i kjøkene fortalde han dette og smolla so godt – «han Bersven høre det han vil høre, han,» sa'n.

– Dagen etter var det stor frukost til alle nattgjestene og middag til eit par tjaug. Og då fekk Bersven sleppe til med rjomegrauten og fjellfisken. Det var tredje døger han ikkje var or klædom.

## Fivreld og Fjellfuru

«Ha du itte nevertak på bure, fæ  
du itte skikkeleg spikjekjøt» sa  
Mo-gubben, «under flistak bir  
kjøte som føsk»<sup>119</sup> –

Straks etter vårvinna var fråseggjort, reiste Berit og Hans til presten; då dei kom att, flutte dei saman i blåkammerse.

Sevat var burte, då dei kom, og ingen spurde etter han. Han gjekk der mest som føderådsmann, han og no, då odelsgjenta hadde teke rome sitt med magt og mynje. Kosta det, skulde ein då noko ha att – «no er det min tur,» sa ho med seg sjølv.

Signe var komi på bua til han Halvor, og dernede heldt Sevat seg mykje denne tida. Det hadde ikkje vorte råd til fleire skular for Signe, og Stornese var no seld til helseheim. Fruva fekk posten som oldfruve på heimen, og synte seg no både greid og dugleg. Det var moro å vera rik, sa ho, men når en ikke var det lenger, so fikk en finne på no' annet –

Men mannen hennar, han Hans, gjekk det so <sup>[196]</sup> innpå, då garden vart seld, at han sette seg nedfyre og drakk. Folk sa han hadde drive med det lenge, og at det var fruva si skuld. Ho hadde vore for flott, og i røyndi alltid set ned på han, fordi han var og vart bonde og ikkje let seg «sivilisere» som ho pla' segje soleis for skjemt. No fekk ho høyre folkesnakke, men lo og herma eit ord ho hadde frå dameklubben i byen: Når mannen drakk, var det alltid kona si skuld, men når kona drakk, var det synd i mannen –

– Den laurdagen Birgit og Hans var hjå presten og vigde, sat Sevat og Signe og tala um dette og mangt anna, og dei var ikkje sers i godlag nokon av dei. Signe var tunn og bleik vorti, og hosta og fraus. Det vart so seint sumar uppi her, klaga ho, og ho hadde berre byklæda sine no.

Berit og Hans nemnde dei ikkje, og dei var glade, då Halvor kom og baud på skjenk – pjoelter til seg sjølv og Sevat, og bokøl til Signe.

«Jeg er så slapp,» sa Signe, «dokter'n sier jeg skal drikke bokøl» –

«Det er vårknipa,» lo Halvor, «skål» –

Og dei drakk, og sette seg so inn på bua, for der var liv og moro stødt –

Men då bua var stengd, skulde Signe på dans. Det var fast takst um laurdagane, og då heldt dei ut til morgons.

Doktaren hadde sagt ho skulde ta seg fri og vera heime på Buvin ein sumar – men det vilde ho ikkje. Aldri i livet! Han hadde ogso sagt, at ho skulde unne seg meir nattesvevn og ha på seg [197] meir klæde. Men det lo ho åt. Han var so gamaldags denne doktaren. Ho hadde vore hjå ein i byen, som ikkje sa noko um sovore. Og då Sevat reiste, sa ho lystig, at han burde ta seg post nedi bygda, han og – ja for no vart det vel so han slapp gardsstelle –

Tanken slog ned i han, men han berre lo og svara ikkje større på det –

Det vart seint fyrr han kom på heimveg att. Han hadde drukke seg på ein kant, men var tung og uglad ettersom rusen seig av han der han sat og dingla uppetter i den gamle karjolen. Vegene var blaut, og nattelufta skoddetung og sur, og då han nådde stova hennar Kaffe-Marte svinga han inn på det vesle tune, vilde inn og varme seg. Han såg det brann godt uppi åren, so folk var uppe. Kaffikjelen stod på både natt og dag der.

Etter han måtte selja bilen tyktest vegene honom ti gonger so lang som fyrr han fekk motordoning; det var eit slit å koma oppyvi att som han skulde krjupe på fire, og han banna denne vegene kvar gong –

Hjå Marte fann han Feier-Frans og tvo bøndar frå øvst uppi dalen i prat um Raudklett-gruva. Prøvedrifta var stogga. So til helvete! Det for som ein vond styng gjennom Sevat. Der rauk draumen um fossen!

Og karane fortalde. Javist var det ille for bygda dette. No hadde folk budd seg på store inntekter av gruva, og mykje framand slusk var komen inn. Det rak arbeidslause i alle vegar, so ein lite våga [198] seg ut etter det vart myrkt. Ein var glad ein kvilte nokre timar hjå ho Kaffi-Marte heller. Her var hugleg og godt, og Marte var like blid og pratsam og full av bygdenytt kva tid på døgre ein kom –

Sevat slog i seg den eine skåld-heite kaffikoppen etter den andre, ettersom det ikkje var anna å få. Helst vilde han drukke ei tunne med sterkt øl og ei bytte med

brennevin!

Han Feier-Frans gleid burtåt han i benken. Visste altfor væl koss det var med han Sevat Buvin idag. Visste i det heile alt um alle og var ikkje for ingenting kalla «Bodstikka» –

«Og det vart so det bar åt kyrkjen med'n Berit og 'om Hans idag ja» –

Sevat geispa og lest ikkje høyre.

«Ja ja,» smålo 'n Frans, «det var nå itte for tidleg, for det» –

Sevat heldt på å leggje til han; men hevla, og sa likesæl med' han såg på klokka, at det var full' ikkje for seint hell, vilde han tru.

Dermed reis han upp og heiv på seg frakken –

Hæ – Feier-Frans var flat og lo toskutt. Han hadde nok misrekna seg på 'n Sevat idag –

Litt etter sat Sevat i karjolen att, og hesten tok viljug på heimvegen –

Men då dei nådde vegen som tok av til Langdalen, reiv Sevat brått i taumane og svinga inn der. Hesten skyna ingen ting og freista halde att, men fekk ei so kvass påminning, at han måtte lystre.

Og huglaus og motviljug lunta han so inn på <sup>[199]</sup> den framande vegen, som han væl skyna bar burti meiningsløysa. Skulde dei ikkje heimatt no endeleg! Nyst hadde det vore ein leik å springe oppetter bakke, slik han stunda heim til mat og kvile i eige spiltau – no gjekk det trått som i tjyru på slette kongsvegen –

Men han Sevat var mindre huga på å koma heim; han hugsa brått, at han hadde ein ven burti Langdalen –

Den gamle venen hans Sevat, han Syver Sandbakken, hadde vore anleggsarbeidar og gruveslusk i so mange år, at han var leid det. Og ein dag kom han vandrande upp til Langdalen frå andre sida av åsen, tunn og lang og vegtrøytt, med ei diger skreppe på ryggen. Han skulde vera nattvakt på den nye kraftstasjonen der til å byrje med. Sidan vona han å bli fast maskinist. Han hadde vore burti sovore arbeid fyrr, og no hadde han hug til vera roleg ei tid.

Han såg ut som ein tater, svart hår og myrk i hamliten, og med augo som skifte millom blåsvart og brunt –

Skoa var slitne og magen slunken, då han kom, og han var ikkje vand på logi og matstell, for han var på oppveg frå ein djup båredal i arbeidsløyse og villmannsliv. Ja, han hadde sjeldan vore djupare nedi; etter siste jobben hadde han letta seg for siste pengane nedi næraste byen, som var ein kaupstad med alslag herlegdomar og moro. Han var ribba til berre skjorta, då han tilsist vart med tvo svenskar og braut oprj tvo kassar på ein liten [200]jarnvegsstasjon. Men då var han full, og banna seg sjølv etterpå. I den eine kassa hadde det vore brennvin av finaste slage til ein doktor. Det vart ei herleg men stutt moro. Dei vart hekta og måtte sitja inne ei stund på gratis-kost –

Etterpå var han lat og leid seg og kom uppi det med ei «sluskefruve,» som fødde han ei tid for gamalt kjennskaps skuld. Men ein dag skok han seg som ein våt hund og rømde. Kom til heimbygda att og tok vinnearbeid –

Men bondearbeid var mot hans natur, og so hamna han då i kraftstasjonen, der maskin-larmen og einsemda no hadde gjort han so tunghøyrte og tungsinnt, so han aldri tok hendar i arbeid, og aldri las meir. Han berre sat og dusa og lydte inn i larmen og passa klokkune sine reint automatisk.

Ein dag gjekk ein flokk gruvearbeidarar søryvi, misnøgde med tariffar og løn, dei vilde til eit nytt jarnvegsanlegg med velduge tunnel-arbeid, som skulde gje eventyrlege dagsløner, og bad han vera med. Men då var det rådløst for han å rive seg laus. Han måtte sitja der han sat og lye på den ævlege songen i fossen og maskinrome –

Og ikveld hadde denne maskinisten burti Langdalen vore nemnd nede hjå ho Kaffi-Marte. Han heldt nok på å bli rar, sa dei. Og på vegen skaut då den tanken upp i han Sevat, at han vilde sjå att den gamle kameraten sin og samstundes få sjå kraftstasjonen, som han lenge hadde stunda etter –

I tri døger vart han verande dernede i djuve, [201]fjetra av larmen og alle hjula som gjekk runder og runder med trollmagt og dævelsdom –

Når Syver var fri, hadde dei nok å prate um, men i maskinrome eller på den vesle platforma ut mot elva kunde ingen høyre manns mål. Då hende det, at Sevat gjekk ein tur åleine og kom heim att med lummone fulle av sand, som han gøynde.

Tridje dagen sat dei ei stund på stupe rett yvi fossen. Sat og stira ned i dreve.

«Trur du det finnst gull her?» sa Sevat.

Ja, kven visste. Kameraten såg ikkje ut som han brydde seg um anten det var gull der hell ikkje. Han blinda att augo og heldt seg fast i grastorva. Ein vart svimren heruppe –

So reis dei upp og gjekk. «Skulde vera moro å grava litt i sanden ned på øyrom her,» sa Sevat

– eg kjem att med reidskap når det lid på» –

Ja, venen sanna, at det kunde sagte vera moro –

So drog Sevat på heimveg att, men hadde ingen hast, og då han nådde frami kyrkje-bygda, sette han inn hesten hjå 'n Halvor og gjekk upp på den nye kaffistova han Bersven hadde fått til attmed stasjon –

Og der var hugleg og folksamt, so ein trong ikkje sitja einsleg med tankane og kaffikoppen sin. Bersven var same blide, snilde karen og sprang med ein salvet under armen og varta upp so rask som nokon ungdom.

«Du har vore på tur,» sa han, og sette det finstelte <sup>[202]</sup>kaffibrette framfyre Sevat med nysteikte vaflar og lefse og ein kvit papir-salvet.

Ja, Sevat hadde vore på tur ja, «forretningar vet du» –

«Ja, du driv full like hardt du» –

Å ja, ein laut sagte hange ti –

Det var so det ja –

Bersven sette seg ned ein augneblink.

«Men jamen var det ei stygg ulukke med han Gamel-Anders» sa han.

«Uluke?»

Sevat hitna.

«Ja, vet du itte det? Han hogg då tå seg tri finger igår kveld, og no ligg'n uppe hjå doktor'n, som laut ta ta'n mest heile handa» –

«Ja det måtte ende med no',» sa Sevat, «slik ein uvøling han ha vori stødt med øksa» –

Ikkje fyrr var det sagt, so var gubben i døra med armen i fatle, og gjekk fort og rak burtåt eit bord og slengde seg på stolen.

«No kann du få kåmmå med ein varm kaffikopp tå dei største,» ropte han til Bersven.

«Jøssenam er du der» –

Bersven sprang burtåt so fort han kunde – gjekk gubben i ørska!

«Je trudde du låg og kvilte,» sa'n og såg forbina på gamlingen.

Ja, gubben hadde kvilt ei lita rid, men tykte det vart keidsamt å ligge deruppe. Han vilde hematt, berre han kunde få ti 'n Hans og gampen –

[203] Sevat skunda seg ut fyrr gubben fekk auga på han – i den karen var det ti liv –

Men i troppa møtte 'n Hans som kom springande reint andsloppen. Han hadde gjort nokre ærend, og då han kom uppåt doktor'n att og skulde sjå kor det var med gubben, so var'n burte. Doktor'n trudde han låg og sov og reiste burt ein tur.

Han vilde ikkje vita av døyving, men etter operasjonen hadde 'n fengje ein dram, og so skulde 'n ligge roleg på sofane i venterome til doktern kom att. Og han hadde lagt seg til, endå han tykte det var «obehøvele». Helst vilde han uppi at straks, men det forbaud doktor'n –

«Ja no sit han likevel her og drikk kaffi,» lo Sevat, og dermed gjekk han.

Litt seinare var han på vegen til mor si ned på Gamleheimen. Fekk sjå um henne liksogodt med same, for ikkje vilde han ha fylgje med gubben og han Hans uppyvi –

Men då han nådde inn på det store tune der med alle dei nymåla store husa ikring kom ei gjente ut og sa, at Lisa nett var reist uppyvi med ein kar som skulde inni setra og vårstalle. Det hadde ikkje vore råd å stagge henne.

Sevat var snøggtenkt. Jaso, var ho det, ja ja. Han kom no elles for å hente henne med seg på ein tur til Buvin, ja –

Men inni seg banna han. Aldri hadde det vore meir uhøveleg å få ho dit. Han vilde nett ha freista få henne til å vera i ro no, til han fekk vølt uppi Rønningen.

[204] Vilde sagt henne, at no skulde det bli, for nett no hadde han eit pusterom –

Han kjende henne og visste, at når lauve spratt i liom var ho ikkje god å styre. Men på Buvin kjende han seg sjølv husvill no, og i Rønningen stod dei steingrå gamle husa på kne; der var ikkje verandes korkje for folk eller fe –

Og hugen hans var full av draumar um å reise både hit og dit og aldri koma att meir. Jorda brann under føtane hans her. Han vart set på som ein brotsmann, endå han inkje verre hadde gjort enn so mange andre. Men for han fanns inga orsaking. Dei såg og tagde han ut.

Han kjende koss dei gjekk der og tykte synd i Berit og Hans, som skulde ta til på berran botn. Og det stakk han i hjarta å sjå kor viljuge alle no var til hjelp. Gubben, som fyrr berre gjekk og pukka på fø'raa si, han gav no kvar skilling og alt verde han åtte til å berge garden. Ikkje undrand', at bleikfisen gjekk der med nasen i vête so heile ta'skiva<sup>n20</sup> hans lyste av ovmod. Det var eit helvite å gå der millom dei –

Men no laut han likevel bite i det sure eple å reise uppyvi og få greie på mor si –

Då han kom heim, var det ingen som nemnde Lisa. Og han spurde ikkje. Var ho der, fekk han tidsnok vita det, og var ho der ikkje, so visste han kvarhelst ho var å finne –

# Det syng –

Men uti den dansen lokka han meg –

Endeleg var det vår vorte oppmed Sirilsjøen òg. Bjørka hadde fengje det fyste grøne sløre og det grønka i skog og mark.

«Skreddar-Mari» stod på trammen og såg på «Velt-Simen» som hadde lagt frisk saue-talle i markstokken sin og skulde ut og grava agnmark. Den lange vinteren var yvistridd, bekkar og tjønn var blanke og fulle av fisk åt småkarom; dei var ikkje til å halda i tune lenger.

Men Velt-Simen hadde ikkje berre fisken å gle seg til; det gildaste av alt var, at det rauk av pipa i Rønningen igårkveld! Då var Lisa komi, og ho var kjæraste vårfuglen for han Simen. Og no vilde han av og fiske og gå til henne med det fyste han fekk. Og då vona han visst å få vera hjå henne att. Heime var so ille trongt, og so mange um matfate, og ho Lisa var annleis enn alle andre; ho spela og ho dansa med han, og fortalde eventyr og rispor, tralla og song, visste alt um det som budde i skog fjell og kjende kvart vatskrek i vatni.

Og ingen var so snild og hadde so gode stunder. Ho mor var nok snild, ho òg, men ho hadde so <sup>[206]</sup> mykje å ståke med, so det var lite og inga moro med henne. Hjå ho Lisa var det messom helga stødt –

– Då han gjekk skulen i vinter, budde han på ein gard dernede, og fekk mat nok og nye skor og votter, men han måtte vera bånfost til ein liten skrikarunge, og det lika han ikkje. Han vilde aldri gifte seg og få ungar, for det var noko træl. Idetheile var det so ymse med fridomen dernede, og han vart bleik og hugsjuk av heim-lengting.

Men no blistra han og song all dagen, med' han stelte seg til flytjing. Det var utruleg mange ting han skulde ha med seg, mest emne frå skogen, som han skulde laga mykje merkeleg og rart av, bilar og troll og skeier og kopp av ymse slag; ho Lisa hadde slik moro av sovore. Men ho mor berre sa, at han fylte huse med rål og rusk, og skjende og sopte etter han.

Ei mengd med fargegilde bilæte og rare asker han hadde fått av'n Halvor på bua, måtte han òg ha med seg; han gledde seg so han snaut kunde vente på å få syne det altsaman til Lisa; heime gnog dei berre på at han var for stor til å drive med sovore, han, som snart skulde gå for presten –

Skreddar-Mari hadde ikkje stort å segje sonen sin. Han var den minste, og kjær å ha heime, men likevel var ho glad ho òg, då ho såg det rauk hjå Lisa igår. Fekk han Velt-Simen vera hjå henne att, vart det ein mindre i grautfate.

Men av gamall vane sa ho berre: «Huf ja, det er fælt» –»

[207] Det var einaste svare ho hadde att på sine eigne tankar og alt anna. Ikkje at ho var ulukkeleg eller hugsjuk; ho var berre som so håttlaus og sliti vorte. «Mæssom so trøtt.» Orda vart burte for henne etterkvart, liksom hår og tennar og kjøte på knokane.

«Ja no lyt e kute,» sa Simen og sprang upp.

«Ja, ja... men agte deg for kloppen; elva er diger no, og stokken håll – huf ja, det er fælt» –

Men Simen var alt utanfor grinda, og ho tulla hendane inn i forklæde som vanen hennar var når ho ein augneblink var gjerandlaus; rusla so inn att og sette på grautgryta. Ho hadde so stor ein flokk å syte for, og gjekk i ringen sin som krøtere i tjøre. Enno hadde ho aldri set ein by, berre sovidt vore med tøge nokre stasjonar søryvi på vitjing til skyldfolk. No hadde ho ogso lange mist hugen til å fara og fjakle dei lange vegane; tia for frå henne so fort, at ho fekk ikkje sukk for seg –

«Huf ja, det er fælt» – sa den tannlause munnen, når ho tenkte på alt ein skulde ha gjort –

\*

Dagen etter Sevat var heimkomen, la han iveg uppåt sjøen.

Det var regnsurt og kaldt, og di lenger han nådde uppi høgda, di mindre grøn var bjørka, og di stuttare var groren. Himmelen låg tung og grå nedpå åsom, og han hutra og fraus.

Og slikt skulde vera vår! Nei, her skulde ikkje folk bu –

[208] Dei små heimane kring sjøen og etter elva låg inni regnskodda som halvløynde huldregardar, mosegrodde og grå som kampestein i urda, kraup inn i bakken, seig i jorda –

At ho mor skulde gjera ein dette spikke no!

Men ein fekk ikkje gje upp, det var fleire dagar att i aust. Og det var sagt for eit gamalt ord, at ein skyna ikkje rett på live fyrr ein hadde ynskt seg dauden hundrad gonger. Mangt kunde hende fyrr verda tok ende – kvar dag fekk ha si sorg –

Aldri syntes han husi hadde vore so små og armodsløge, og all naturi kring dei so vonlaust skrinne og streng. Det la seg eit tunglynde yvi han, so han kunde kasta seg ned og gråte. Kor ein vende seg var det svart –

Der låg denne gamle morkne stugua og det stakars svarte saufjøse i Rønningen og seig ikkje på vestsida, der grunnen var myrlendt; det såg ut som det gamle nevertake var for tungt og pressa dei i jorda. Ta til å vøle her var galenmanns-verk. Ein skulde setja varme på heile rukle; det var einaste måten å få fred på for *denne* plaga. Då måtte ho vel slå seg til ro, ho mor òg –

Då han nådde lenger innåt, såg han, at den gamle grinda hekk i eine gongjarne, so ho halvt låg på marka. Og ikkje rauk det av pipa. Var ho likevel ikkje her?

Men so var ho visseleg hjå Skreddar-Nils eller i ein annan granne-heim. Det hadde full vore for ruskutt og kaldt i huse, her som det all vinteren igjenom stod aude og folketomt –

[209] Han hadde mest hug til å snu; gå inn i tome hus var uhugleg; her var so stilt som i grava –

Det var ingen lemm for glase mot tune, og han freista sjå inn. Ein kvit kopp stod på borde, og eit svart plagg låg ved sida. So hadde ho vore innum –

Men då han fekk upp døra som var ulæst, kolna han all gjenom. – Lisa låg gruve på golve attmed åresteinen.

– Då han fekk snudd henne, såg han ho hadde brandsår på andlit og hendar og var blå i tunnvangen.

Han kjende ikkje til seg, med' han lyfte den tunne kroppen i armane sine og fekk lagt henne på senga.

Mor! Å, nei, mor då!

Men då han vart vis med at alt liv var utsløkt, gleid han ned på sengkanten og stunde høgt som han hadde knivsodd i hjarta og vart sitjande tårelaus og stire til han var so utmødd, at han skolv som eit espelauv.

Då var det som han vakna, såg rædd på henne og sprang ut –

På stigen til næraste granne, burti oreholte som skimra i fiolet-grønt skjær og gøynde den vårglade bekken, møtte han Velt-Simen med nokre små blanke fiskar på ei siljuhonk, og ei utkrota lær-skreppe full av rare ting på ryggen. Sevat fekk sagt kva som hendt var, og guten vart nåbleik – stod og raga litt som han vilde stupe. Men so med ein gong snudde han og sette på sprang, og Sevat fylgde etter –

\*

[210] Berit baud seg til å gjera gravøl etter Lisa, men det vilde ikkje Sevat, endå ho var so mild og god den dagen, at han aldri fyrr hadde set henne slik. Han skunda seg berre burt att. Å høyre og sjå henne slik, greidde han ikkje.

Og so vart mor hans utburi og køyrt til siste kvilestaden sin frå stova oppmed Sirilsjøen, som Sevat no hadde gjort um til ein lauvsal med blomestrødd golv og kransar av harelabb på den gamle omnen, slik som Lisa sjølv alltid pynta til jonsok.

Den vesle harelabb-rosa og den angande barknuppen bar sumaren inn til henne; dei var kjæleborni hennar millom alle vårens under; no hugsa han det og mangt anna, og bilæte hennar stråla i hugen hans som ei jonsokbrur –

Men på bryste hennar la han den vesle munnharpa, som ho alltid hadde bore med seg på den krokute livsvandringen; ho hadde vorte som ein del av henne sjølv. Og so hadde han sagt til Simen, at han skulde finne ein blomedusk han lika, og sette i hendane hennar. Og Simen gjekk og kom att med ein bundel skinande kvit myrbær-blom i myrtegrøn bladkrans. Men ikkje våga han sjølv setje blomedusken millom dei tunne, voksgule fingrane. Han flidde'n til Sevat med' tårune rann att –

Og kvit og rein som denne blomen, med ange frå villskogen ikring seg, stod ho i denne stunda for sonen sin –

– Nokre få svartklædde grannar fylgde ut, med' eit salmevers vart sunge.

So lyfte dei kista på langkjerra, og Sevat køyrde [211] mor si nedyvi den steinute vårblaute setervegen som ho hadde gjenge føtane sine såre på so mang ein gong.

Ein veg, som for henne førde til himmerike –

Men inni stova låg ein bleik liten gut yvi bordskiva og gret som han skulde døy og aldri sjå sola meir –

\*

Det var ikkje mange som fylgde Lisa Rønningen til grava. Men millom dei som møtte opp var gamle-presten, Arne Vestgard og Embret Hallemoen. Og nedmed kyrkjegards-porten stod Bersven, han hadde laga kaffibord i sitt eige rom og bad det vesle fylgje heim til seg etter kista var gøymd i jorda.

Men presten tala so vent ved denne fatige grava, at inga dronning kunde fengje finare avskjed frå denne verda; det vart til eit fagert dikt yvi orda: utan at de vert som born att skal de ikkje erve guds rike.

Og han tok Sevat med seg heim, og han vart stelt og trøsta som eit bån av fruva. Og no måtte han slå seg til hjå dei og kvile ut etter denne vonde tia – ja endeleg måtte han gjera det!

Men Sevat var glad då han slapp opp på rome sitt og vart åleine. Han var trøytt so det verkte i hug og hjarta –

Då han kom i senga, åtte han ikkje ein klår tanke. Nokre ord presten hadde herma surra i hovude hans:

[212] Ramnen flyg yvi bylgja blå  
fann ikkje land å kvile seg på –

Næste morgon var han gry-tidleg uppe, han måtte i vegen att. Orka ikkje gå ein ny dag og høyra på fagre ord. Det var som han blygdest, og alt dei sa gjorde vondt, men det skyna dei ikkje. Og han måtte finne på ei lygn, for ikkje kunde ein segja sanninga. Aldri kunde ein segja sanninga, slik var det laga –

Og han sa, at det hasta med nokre forretningar burti Langdalen.

So kom han laus og fekk seg skyss – nedi djuve til han Syver måtte han! Han Syver som hadde gløymt av å tala. Berre tagde og let ein i fred. Han kjende seg so utmødd og arm, at det var som han kunde grava seg ned einkvan staden og berre sova, sova –

Men då han kom fram, vart han møtt med eit ulukkes-bod. Idag hadde dei funne han Syver, halvt nedgraven på ein av øyrom under fossen, flengd og broten og ille medfaren.

Han vart burte natta fyrr, men dei hadde vore rædde for han alt sidan Sevat var der sist, for han hadde fått det med å ligge nedunder fossen og grava etter gull i fristundene sine.

Men arbeide sitt hadde han passa, var sjølv som ei maskine vorten, so han kunde visst ha greidd det i svevnen. Han trong mest ikkje klokke lenger dimeir, vakna på minuttet, når tia var der, so dei andre trygt kunde bruke *han* til klokke, sa dei.

– Det var som ei tung hand hadde slege Sevat [213] i hovude, då han fekk denne tidenda, og då han sat inni det vesle maskinisthuse og lydde på alt dei no fortalde um han Syver, fekk han brått ei skjelterid, so dei måtte få'n åt senga og breide han ned med feldar. Og no skyna dei, at han hadde «spansken», som gjekk uppi bygdom der og for so ille med mykje av folket.

Men i Sevats hovud surra berre den eine tanken: var det mi skuld dette òg? Hev eg drepe han òg?

So snart dei kunde, fekk dei han nedyvi til doktor'n, som sytte for å få han send med toge til helseheimen på Storneset.

I fleire vikur vart han liggjande der; febereren rasa, so han lite visste til seg; det vart ein vond lungebrand han måtte igjenom.

Men då han vart klår att i hovude var han so utkvilt og roleg, at han kjende seg ikkje sjølv att. Det var som alt vondt var teke frå kropp og sjel, og han var nyfødd i ei stille og vedunderleg ny verd. Minne etter minne vakna, men dei var mildna i eit klårt og rolegt ljøs. Han låg der som barn i mors fang, god og rein som etter eit laug, og berre kvilte. Og då den vene unge sjukesystra smilande spurde koss han hadde det, tykte han ein engel frå himmelen tala til han. Og han smilte att, og sa han hadde det som i Abrahams fang.

Men etter kvart samla alle tankar og draumar seg i eit bilæte som dag for dag vart klårare og meir strålande. Ein sterk ljøsveg slyngde seg gjennom skogen upp mot Rønningen, og det var som tusund [214] hendar drog han oppetter denne vegen; føtane hans kom ikkje nær jorda, han var som vengjeboren.

For fyste gongen i live sitt lengta han etter noko som *var*. Ja, han lengta, det brann i han, so han snaut kunde bie –

Men enno vart det ei tid fyrr dei slapp han, for då han kom upp av senga var han enno som eit vise lauv –

Men då sumaren var på det høgste uppi fjelle, køyrde han upp-yvi, og no tok han vegen um Buvin og kvilte der, no kunde han det. Og Berit baud han beste rome og var som ei mor mot han.

So vakker tykte han aldri ho hadde vore, endå han såg det no, at ho var med barn. Det var augo – nei, det var smilen, som var so god. Det harde drage var burte, noko nytt hadde kome i alt hennar lag, og nye tonar var i mæle hennar. Mjuke, milde tonar –

Han vart blyg som eit barn, og all hans hug vart fyllt med sorgmild pine –

No såg han ogso, at Hans var eit nytt menneskje. Han gjekk der liksom i ein lukkeleg rus og var mest vakker han og.

Soleis var det å vera lukkeleg.

– Gubben såg han ikkje, men Berit lo og fortalde, at då ho reidde senga hans her um dagen, hadde ho funne ei fillute bok med gildt bilæte utanpå under hovudputa hans. Det var «Skud i natten» som hadde lege der og slunge etter Signe. So det stod då til liv med han, gudskjelov.

Men Signe, stakar, ho var på helseheimen no.

[215] Det var bryste. Og best å ta det i tide, sa doktaren – vonleg var det ikkje lenge fyrr ho var god att og kunde koma heim, vilde ho tru –

Men Sevat måtte vidare.

Og Berit nista han ut og sende med sengklæda hans og anna, so kjerra vart full. No sumarsdagen var det råd å vera alle stader, endå i Rønningen, og so visste han, at det gamle rome hans på Buvin stod der, når det vart kaldt oppmed sjøen – og at han alltid var velkomen der –

Ja, det sa ho. Det kunde ho segje no –

Men han kjende det som han måtte kovne derinne, sat som på glø'r for å koma ut att. Kor fekk ho slik ro ifrå – slik styrke og jamvigt?

Og då han stod i tune og såg attende på alle dei gamle husa, visste han, at han hadde vore der for siste gongen. Det var som han rømde frå ein pinsle-stad. Kvar nerve var lagt berr i han på ein løyndomsfull måte; det hadde vorte klårt til botnar i han, og han såg berre ein veg. Det var so underleg altihop; han steig so lett upp gjennom lia, endå han var både bleik og blodlaus etter sjukdomen. Og då han nådde so langt, at han såg Sirilsjøen blenkje fram millom trea, var det som ei skoddeverd seig i kav bak han. Aldri hadde han sét so blank ei sol og so høg og klår ein himmel!

– Men då han kom innom døra i den gamle stova sette han seg ned og syntes han var komen attende frå ei endelaus ferd og han gav seg stunder og ro til den minste ting. No var han fri mann; – han sa det uppatt og uppatt; det vart til song i [216] han og ein stråle av glede sildra gjennom hjarta hans –

Og so kom det underlege, at han såg alt i den gamle heimen liksom for fysste gong, klårt og roleg, utan draumslør yvi.

Han såg alt det som no trong han. Og det vart som ei glede, at det var so mykje. Her vart arbeid lenge. I dagar og år. Og han tok til å byggje upp att i tanken, gjorde seg klårt, kvar han vilde ta til. Sjølve stova, der ho mor hadde pusla med rokken og spele sitt, skulde bli som ho eingong var, varm og god – det var det fysste, for sumaren var langt liden og hausten ikkje langt undan.

Og til våren att skulde han vel vera so langt komen, at eit kuliv kunde berge seg i det gamle fjøse, so han vart sjølvhjelpen med mjølk. Då hadde han sopass fast grunn under føtane, at han kunde halda fram med løa og skigarden. Men vollen måtte han pløgja upp att i haust.

Å, live vart ikkje langt nok til alt han fekk å gjera her uppmed sjøen!

– Ikkje hadde han vore der mange dagane fyrr Velt-Simen kom og slog seg til. Ikkje spurde han um Sevat vilde ha han, og ikkje sa Sevat noko; han berre la seg der um kvelden – i senga bak åren, der han alltid hadde rome sitt med Lisa var der. Og kvar dag sidan sprang han heim og henta litt av tølørne sine.

Og han vart til god hjelp i arbeide, hong i som ein kar heile dagen.

Men um kveldane sat han og skar utmed tollekniven [217] sin. Her vanta so mangt, og han laga trebollar og skeier og morosame troll, som dei kunde bruka til ljostakar.

Dagane vart for stutte endå dei vart tøygde i lengste lage, og når dei endeleg laut åt senga, somna dei som stuptrøytt born –

– Ein dag kom Harald, son til presten, framum; han hadde nokre fridagar og skulde uppi setra. Men då han såg Sevat arbeide på taket i Rønningen, stogga han, og spurde lægjande um han hadde bruk for arbeidskar?

«Ja, spør um eg treng arbeidskar,» sa Sevat – «eg trong ein heil bataljon, for det» –

Og den unge sterke mannen som i åsyn og lag var mor si uppatt, krabba uppetter den morkna stigen som ein kåt gutunge.

Han skulde elles berre stikke innum med ei pakke frå mor si, som han hadde i skreppa. Ho visste Sevat var flutt uppi her like frå helseheimen, og sende litt godter, lo han, men jamen kunde han hjelpe til litt, det sku' bli moro. Han kom tidsnok uppi setra iår det berre var ei gamal sur budeie der.

Litt seinare kom tvo nyfikne grannar ruslandes òg; dei måtte no sjå kva han Sevat dreiv med. Og litt reidskap hadde dei teke med på vona. Dei hadde fenge inn sopas bra med høyr no, at dei kunde må-von ei stund –

Det vart då mest som ei ørlita doning, og dei tvo grannane hadde ogso litt i skreppa frå kjeriingane sine. Det var so rart med det når ein ikkje hadde [218] noko livandes på båsom – so hadde dei pakka med litt mysmer og ein smørklepp –

Det var gjerne skikken å ta med seg noko mat soleis til doningar – og her var det ikkje berre ku som vanta, men kvinnfolk òg, so det var rimeleg å hjelpe til litt.

Dei tykte alle han Sevat hadde vorte ussel å sjå på, og dei kjende soga hans og tykte synd i han. Og so var det no son hennar Lisa då, so han hørde med retto heime her. Og gildt skulde det bli å sjå det ryke tur pipa i Rønningen att – um det no vart so han kunde roa seg der. Han hadde freista so mangt no, at kanskje det lysta han ikkje å fjakle meir.

Han Ola Åset og 'n Trond Kvennbekken vona det beste, og tok i so det muna med arbeide. Han var ein morosam kar han Sevat, og boklært, so han kunde bli god å ha til mangt uppi her, og ein fekk hjelpe'n tilrettes so godt ein kunde ja –

– Harald måtte bli der med natta, for kveldane var alt myrke, og då Ola og Trond var gjengne, sat han frammed åre-elden og såg på trolle han Simen hadde skore ut. Han hadde stor moro av dei, og sa han vilde koma innum og ta med seg eit par til

mor si, når han for nedvi att frå setra, og det gjorde han. «Men du skulde ikkje berre laga troll,» sa Harald; «kan du ikkje laga noko *vent* og», sa'n «ei pen gjente, eller ein engel eller noko slikt?»

Men Simen smilte blyg. Han hadde aldri fresta på noko sovore. Trolla, dei gjorde seg messom sjølve dei, når ein fann rett emne.

[219] Men då Harald var reist vart guten gangande og lure på, um han kunde gjera ein engel. Det måtte full bi mæssom ei ven gjente med vengjer det –

Og etter kvart såg han engelen for seg som ei stor dokke med andlite hennar Solveig-syster, som han berre hadde høyrst um; for ho døydde i tæringen, då han var reint liten. Men han visste so væl koss ho såg ut, og at ho var ein engel no. Han hugsa ikkje å ha set noko venare okke her upp med sjøen hell nedi bygda enn ho Solveig-syster.

Og heile hausten hadde han augo med seg når han gjekk i skogen, um han skulde finne eit emne som var godt nok, og so vilde han freiste. Men det måtte ingen sjå, ikkje eingong han Sevat.

\*

Men utpå vinteren måtte han Simen gå for presten nedi bygda, og då hadde han med seg ein engel so nauvande ven. Vel var han inntulla i eit hosepar og ei tjukk ullskjorte, og Simen kjende det som han bar vårherre sjølv på ryggen.

Vike etter vike hadde han bruka alle fristunder til å skjera og krote og pusse på engelen. For ein engel måtte vera skinande blank og fin; det var anna slag enn eit ruskute troll. Og ikkje var det råd å gøyme'n for han Sevat, som snart var likso hissug på å sjå «ho Solveig» ferdug som han sjølv. Han sat lange stunder og såg på og sa kvar gong, at «slik var ho» –

[220] For han Sevat hadde kjent henne Solveig so væl, sa han –

Og då var det so det hitna i Simen av glede, og han vart meir og meir modig og viss på, at det skulde bli engel av ho Solveig her på jorda òg –

Og fyste sundagen han var nedi bygda, gjekk han til Harald med engelen sin. Prestefruva kom, og vart so oppglødd, at ho gav Simen ein blå femkroning for han.

Det var største eventyre Velt-Simen hadde upplevd, og sidan drøymde han ikkje um anna enn å koma uppi att og laga englar –

Men vinteren vart drjug, for no var han bånfost att, eller sat med fingrane i øyro inni den folksame stova og puga forklaringa –

\*

– Sevat sakna Simen, men so fekk han syster hans, ho Olga, som gjekk heime og var ufrisk, til å koma ein gong ibland og vaske og pynte, for sjølv hadde han hendane fulle med vøling og vedhogstr og snikring og anna høvelegt vinter-arbeid. Og so kom våren og med den han Simen!

Og då vart det tidtrøyte av mange slag –

Og sumaren – ja koss den skulde rekke til for alt dei fekk å gjera!

Det vart meir og meir som ein feber i han med alt det som skulde gjerast. For koss det var, so vart han snøggtrøytt no. Det var dagar han måtte legge seg ned straks han vart åleine, og i dei lange kveldane [221] rann det på han som ein angst for at han ikkje skulde greide alt som låg ikring han, og liksom skreik etter han –

Det vart som ei mare, og aldri tok dei ende desse kveldane. Tilsist låg han halvt i ørske og tykte at mor hans sat burtmed åren med pipstubben sin og stira inn i varmen.

Då sprang han upp og gjekk ut, dreiv burtyvi til ein granne og gjorde seg ærend med eitkvart, og var lukkeleg når han fekk lura seg til eit slag kort.

Men dei som kom trøytt frå tømmer skogen måtte kvare seg tidleg –

Ja, hadde han berre orka skogsarbeid! Men kalden og einsemda saug liksom mergen or han og uti mars, då sola vart sterk og snøen blaut vart det ei lang rid med krim som fekk han åt senga. Men han kom seg på føter att, og no kom Simen heim, glad og kåt som ein folunge or stallen slept. Og kvar han gjekk leita han no etter emne att, og fekk Sevat til å leite likso ihuga.

Men våren vart berre ei endelaus snø- og isløysing med sur vind og slabb og fæle vegar. Vinteren vilde aldri sleppe take. Ein gjekk og sa, at no var det då vår, og sumaren nær. Men sumaren kom aldri! Det vart mai og det vart juni fyrr siste snøfonna var burte inni skogen, og endå var det brun mark og kaldt so ein trong vottar.

Sevat gjekk og krusla og hosta, og ingenting vart gjort, korkje ute hell inne. Tilsist måtte han til sengs att; krimen hadde sett seg fast, og feberen tok magta.

[222] På alle råd og alle spørsmål svara han berre «det er for seint» –

Og i feberørska låg han og vilde velte av seg eit fjell som vilde kjøve han. Det låg so tungt, so tungt yvi bringa; han sleit so sveiten silrann av han –

So ein kveld sprang blode av munnen hans, med' Simen og Ola Åset sat ved senga –

Doktaren som var bodsend, kom for seint –

\*

På siste reisa hans Sevat frå Sirilsjøen til Buvin, gjekk Berit og Velt-Simen etter kista. Og frå Buvin vart han utboren og æra som husbond på garden.

«Han var då mannen hennar mor,» sa Berit, og aldri hadde ho vore meir vyrk for at alt skulde vera fint og velstelt.

Men då fylgje var køyrt or tune, gjekk ho inn i kammerse og læste seg inne. Ho måtte kvile litt no –

Då vakna han Vesle-Tollef burti vogga og rette armane imot henne. Ho tok han upp med ein trøytt smil, la seg på senga og fekk han til bryste. Den vesle handa tok trufast tak i dette varme gode, som enno var det einaste han kjende seg trygg på i verda –

Ho klemde han inn til seg som i angst, med' tårune rann stilt ned yvi andlite hennar, som hadde vorte so smalt og bleikt –

# Skogvorden

Stormen sopar i skogom hardt,  
so tre og kvistar brotna;  
men grøne kvistar vil renna snart  
av rotom til dei som roma –

«Våren er sein i fjellbygda, men når han kjem, so kjem han stupandes,» sa Harald han stod i Buvintune og mynstra troppen som skulde ut på skogplanting; «og no er dagane dyre» –

Då han kom til heimbygdi att frå høgskulen og kunde skrive seg «forstkandidat», skipa han eit lag han kalla «Skogvorden». Det var eit ungdomslag som skulde ta i der det trongs best. Og dei tok til med skogen, som no stod grisen og snaudhoggen, full av vindfall og skat uppetter alle lier.

«Her er arbeid for tusund hendar i hundrad år,» sa Harald –

Men Berit var barndomsvenen og ungdomsdraumen hans, og det vart henne han fysst tenkte på no òg. Han hadde vorte noko av ein einstøding, treivst best i skogen og bygde seg no stove uppi seter-grenda kring Lomvatne. Han sa det var fordi han var so kjær i røme. Han hadde vore so lenge ute i verda no og levd på fusk og surrogat, at han stunda etter seterkost –

[224] Og no drog dei avstad med hakker og grev, ryggsekkar fulle av planter, og niste for ein lang dag, femti gutar og gjentor, morgonfriske og glade.

Tvo gutar bar den digre kaffikjelen millom seg på ei stong; dei kalla han «Gullkalven», og dansa kring han med dei song til ære for han fyrr dei drog or tune –

Og på burtrappa sat gofar med Vesle-Tollef på fange og trampa takta til den lystige tonen –

«fryse du so er her gode råd, sa'n,  
blås i varmen og set svarten på, sa'n»

Og han huska den nye odelservingen til Buvin so han skrasla og lo i ville vête –

«Ja berre bie til *han* fær føter å danse på,» lo gubben byrg; «då ska' det bli leik i Buvin-tune» –

Berit stod attmed, saman med Embret og Goro Hallemoen; ho såg på dei tvo på troppa og smilte, men tankane for på ville veger. Det vart mang ein vår til den tia, og ingen visste –

Denne guten var so dyrt eit eige, at det var som ho gjekk i angest stødt for han.

Men han gofar song og tralla all dagen no, og vilde ikkje ha'n Vesle-Tollef or hendane. Det hadde vore største sorga hans, at han Tollef døydde sonlaus; no tykte han vona voks att for ætta og garden. Vilde det berre koma mange slike karar som han Velt-Tollef til gards, vart det snart velstand att! Båna var bondens største rikdom, og sjølvhjelp beste banken; han skal mykje eiga, som alt skal leiga, sa han.

[225] – Då den syngjande flokken var utom grinda komen, sette dei seg alle.

«Ja, no ha du fått handarbeid du òg, Berit,» sa Goro, «men det er no som ei kvile lel med slike» –

Kvile? Det hadde no ikkje Berit merka noko til nett men –

«Jau, ein ligg nå med' ein fær dei, og sit med' ein gjev dei pappe» – sa Goro.

Ho lo so smått og glytte på'n Embret, som var av det slage, at han ikkje rekna «kvinnfolk-sysler» for noko større arbeid akkurat, kor mykje dei flaug i eit kjøer frå tidleg morgon til sein kveld – endå med' karann' kvilte.

Han Embret og gutane arbeidde visst hardt nok, men dei kom då inn til duka bord, og tok si lange høgstdagskvil. Men ho Goro visste aldri av å kvile høgstdagsleite, og ein hende gong fekk karann' høyre det –

Men han Embret svara aldri, lest som inkje og berre togg eit grand hardare på bussen –

Men no skulde dei inn og få seg ein kaffikopp dei som heime vart òg, og Berit tok Vesle-Tollef frå gubben – han hadde no berre ei hand han gofar stakar, og greidde ikkje å bera slik ein plugg –

Og gofar gjekk etter og småsnakka. Ja, det var vakkert emne, dette, vårherre bevare det!

«Men finn de på å stappe'n med kakebrød so'n bi laus i føsken, ska' eg koma att og tala ved dykk,» lo han.

«Huf kor du snakker gofar!»

[226] Berit tok guten fastare innåt seg og meinte på at det skulde nok ikkje bli føsk av denne karen.

\*

Då dei stod på trammen nådde songen ned til dei frå fyste svingen uppi lia – dei stogga og lydde tagalle til tonane som barst mot dei med fyste sumarsbrisen –

Å nei, for himmel rein og klår!

Å sæle meg, no er det vår!

# Noter

- [n1](#). Forfatternote: Øldåm (ølrøyk eller solrøyk), damp som stig frå vatne etter kaldnæter.
- [n2](#). Forfatternote: Mismær, solørdialekt for mysmer. (Mysusmør).
- [n3](#). og] *rettet fra*: og og (*trykk feil*)
- [n4](#). Forfatternote: Måsså: mose.
- [n5](#). Forfatternote: Spånå: det som er spunne.
- [n6](#). Forfatternote: demla: festa med trenaglar.
- [n7](#). Forfatternote: sosnart det var lovleg: sosnart jakttia tok til.
- [n8](#). Forfatternote: muren = peisen.
- [n9](#). Forfatternote: pøle: taterkjering.
- [n10](#). Forfatternote: Vêrlys: Nordlys.
- [n11](#). Forfatternote: Draken: Eldkula.
- [n12](#). Forfatternote: «Lauvduskar» var namne på 6 samlingar med småstykke på nynorsk, utgjevne 1867 – 1887.
- [n13](#). Forfatternote: Mangføting: polyp.
- [n14](#). Forfatternote: «Velendljos» er talgljos, støypt i spiserøyri til sau eller anna småfe, so dei vert ringutte.
- [n15](#). Forfatternote: Biteti: kaker av ymse slag.
- [n16](#). Forfatternote: Skot: små mus.
- [n17](#). Forfatternote: Illevølen: ille voren.
- [n18](#). høyre.] *rettet fra*: høyre (*trykk feil*)
- [n19](#). Forfatternote: Føsk: fisk.
- [n20](#). Forfatternote: Ta' skiva: talskiva (andlite)

---

Hulda Garborgs *Hildring* er lastet ned gratis fra e-bokportalen Bokselskap. Lesetekst og flere nedlastningsmuligheter m.m. er gratis tilgjengelig på [bokselskap.no](http://bokselskap.no)